



Høgskulen på Vestlandet

Norsk 3, emne 4 - Masteroppgave

MØUN0550-O-2023-VÅR2-FLOWassign

Predefinert informasjon

Startdato:	02-05-2023 09:00 CEST	Termin:	2023 VÅR2
Sluttdato:	15-05-2023 14:00 CEST	Vurderingsform:	Norsk 6-trinns skala (A-F)
Eksamensform:	Masteroppgave - Bergen		
Flowkode:	203 MØUN0550 1 O 2023 VÅR2		
Intern sensor:	(Anonymisert)		

Deltaker

Kandidatnr.:	202
--------------	-----

Informasjon fra deltaker

Antall ord *:	31000
---------------	-------

Egenerklæring *:

Ja

Jeg bekrefter at jeg har Ja
registrert
oppgavetittelen på
norsk og engelsk i
StudentWeb og vet at
denne vil stå på
uitnemålet mitt *:

Jeg godkjenner autalen om publisering av masteroppgaven min *

Ja

Er masteroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? *

Nei

Er masteroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? *

Nei

MASTEROPPGÅVE

Ein mangel på kjærleik er som eit liv i fangenskap: ei komparativ analyse av fridomsframstillinga i to bøker

A lack of love is a life in captivity: a comparative analysis of the expression of freedom in two books

Beatrice Nordhaug Vatne

Norsk 3, emne 4 - Masteroppgåve

Fakultet for lærarutdanning, kultur og
idrett/Grunnskulelærar 5-10/MGUN0550

Rettleiar: Grethe Fatima Syéd

15.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjelde tilvisingar til alle

kjelder som er brukti i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Forord

Etter eitt utfordrande, men givande år er masteroppgåva endeleg i boks. Den kreative prosessen har vore lang og til tider skremmande. Trua på at prosjektet mitt har vore godt nok har vore turbulent, og eg har difor vore nøydd til å stole på meg sjølv og dei refleksjonane eg har gjort. Det er gjennom desse tidene det har vore frigjerande med støttespelarar. Det har kanskje vore mykje åleinearbeid dette året, men utan den støtta, motivasjonen og forståinga eg har fått frå dei rundt meg, fortener desse noko av æra for steget eg har tatt over mållina. Eg kan no sjå tilbake på det siste året med stoltheit over eiga innsats, denne oppgåva vert frå no eit bevis på alt eg kan få til.

Eg vil først og fremst gi ein stor takk til vegleiaren min, Grethe Fatima Syéd. Tusen takk for konstruktive samtalar, refleksjonar og engasjementet ditt for prosjektet. Hjelpa og støtta di har gitt meg den motivasjonen eg har trengt i arbeidet med oppgåva.

Eg takkar òg andre lærarar på masterstudiet for spanande og lærarrike forelesingar. I tillegg til dei vil eg takke skriveseminargruppa mi for alle tips og bidrag dei har kome med. De har vore ei stor støtte gjennom prosessen.

Takk til mamma, pappa og Gro for trua de har hatt på meg og mine evner.

Sist, men ikkje minst, vil eg takke medstudentar og venner. Takk til Lene for at du tok deg tid til å lese oppgåva mi og gi verdifulle tilbakemeldingar, og for at du, Beate og Anna Julie har vore dei eg har kunne dele både frustrasjonane og prestasjonane mine med. Takk til alle kvinnene i livet mitt som utan unntak har vore svært positive og engasjerte til problemstillinga og i å samtale med meg angåande tema. Eg er evig takksam, det siste året hadde ikkje vore det same utan dykk.

Beatrice Nordhaug Vatne

Bergen, mai 2023

Samandrag

Denne masteroppgåva undersøker korleis fridom vert framstilt i to bøker i norsk litteratur. Fridom er ein viktig del av det å vere eit individ, då meir spesifikt kva type menneske ein ynskjer å vere. Fordi fridom er ein så vesentleg del av kvardagen for mange, ofte umedvite, vert det desto meir relevant å utforske tekstar der mangel på fridom både implisitt og eksplisitt vert framstilt. Ein kan med det sjå kulturelle forskjellar der denne menneskeretten vert behandla annleis, og i nokre tilfelle brote.

Prosjektet tar utgangspunkt i to bøker, der den eine har vore ein del av den norske kanon i over 100 år, medan den andre kom ut no nyleg: *Amtmannens Døtre* (1879/2013) av Camilla Collett og *Frihetens Øyeblikk* (2022) av Håkon F. Høydal. I desse bøkene møter vi to kvinner: Sofie og Abida, som gjennom oppsedingane sine og seinare ekteskapa sine står overfor livsval og alternativ styrt av samfunnet og menneska rundt seg. Fridom opptrer i begge desse tekstane på ulike måtar sidan dei er av to ulike sjangrar, men ein kan likevel sjå likskapar mellom dei. Fridomsuttrykket er analysert ved bruk av teori om feminism, kritikk og kultur med komparativ metode som verktøy.

Funn i nærlesingane viser at fridom er eit stort omgrep som er vanskeleg å definere. Dette gjer at omgrepet opptrer annleis utifrå situasjonen det er i. I desse tilfellene, om ein ser vakk frå sjanger og form, har dei kulturelle skilnadene ei stor rolle. I mange tilfelle er det lett å seie noko om at ei handling er anten «god» eller «vond». Det som analysane av desse bøkene viser til derimot er at tilfellet med «anten-eller» ikkje alltid er kompakt. Foreldrekarakterane i bøkene viser eit strengt syn på korleis å tre seg i samfunnet, noko som både har verknad òg er fengslande for barna deira, men avgjersla desse gjer er ikkje berre dyppa i «vondt». Likevel opplever hovudpersonane at dette bryt med deira eigne ynskjer og håpa dei har for framtida.

Abstract

This master thesis examines how freedom is expressed in two books of the Norwegian literature. Freedom is an important part of being human; it has everything to do with choosing a life for oneself. Since “freedom” is such an essential part of the everyday-man it makes it considerably more relevant to explore that theme in texts and analyze how it is being portrayed. By looking at circumstances where this human right is being treated – and sometimes broken – we can get an insight in cultural differences.

This project is centered around the readings of one of the most read pieces in the Norwegian literary canon and a newer text: *Amtmannens Døtre* (1879/2013) by Camilla Collett and *Frihetens Øyeblikk* (2022) by Håkon F. Høydal. In each book the reader is met with a main character/person, they are Sofie and Abida. Both girls have their lives decided for them by their parents and the community around them. Freedom is depicted differently in the texts considering they are written in different genres, but we can still draw lines between the books. The expression of freedom is analyzed using theory of feminism, criticism, and culture, and uses comparative analysis as a tool to look at these in the light of the term.

The findings in the close readings of the books show us that “freedom” is a difficult expression to define, and will exert itself differently in whatever situations it is in. In the case of these two books, looking away from the difference in genre and form, the cultural contrast is essential. It is easy to say something is either “good” or “bad”, but what the analysis of these texts shows us is that it is rarely “either-or”, there is usually something more. The parental characters/persons in *Amtmannens Døtre* and *Frihetens Øyeblikk* all have a rather strict way of life, which makes their children feel trapped. This does however not mean that the parents want their children to suffer. Still, the main characters/persons have little to nothing to say when it comes to their own wishes and hopes for their futures.

Innhald

Forord	2
Samandrag	3
Abstract	4
1. Innleiing.....	9
1.1 Bakgrunn for oppgåve og problemstilling.....	9
1.2 Samandrag av <i>Amtmannens Døtre</i> og <i>Frihetens Øyeblikk</i>	11
1.3 Bakgrunn for bøkene	14
1.3.1 Camilla Collet sine eigne erfaringar og grunningar bak boka <i>Amtmannens Døtre</i>	14
1.3.2 Abida Raja om <i>Frihetens Øyeblikk</i> : eit bidrag i kampen for fridom.....	16
1.4 Resepsjonen av bøkene	17
1.5 Strukturen i oppgåva	18
2. Teori og metode.....	20
2.1 Tema og motiv.....	20
2.2 Metode.....	21
2.3 Sjanger.....	23
2.3.1 Roman	23
2.3.2 Biografi.....	24
2.3.3 Sjangrane sett i lys av kvarandre	25
2.4 Kultur og kulturmøte	26
2.4.1 Skilnader mellom Noreg og Pakistan	26
2.5 Fridom og fridomsomgrepet.....	29
2.6 Feministisk og kritisk teori	31
3. Komparativ analyse	35
3.1 Anonymisering og tittel.....	35
3.1.1 Anonymitet skapte tryggleik og moglegheiter	35
3.1.2 Ein tittel av verdi	37
3.2 Samfunnets forventingar til kvinnene i bøkene	39

3.2.1 Kvinna si skjebne er å gifte seg og halde huset i stand for mannen	39
3.2.2 Forventingar innan den pakistanske æreskulturen.....	43
3.3 Kjærleikslause kjærteikn	45
3.3.1 Sofie sitt hat på kjærteikn og det dei representerer	45
3.3.2 Kjærleikslause kjærteikn viser ein ubalanse mellom kjønna.....	46
3.4 Kjensla av å vere stengt inne	47
3.4.1 Ein tryggleikslass og håp om fridom: grotten, vaskerommet og bilen	47
3.4.2 Reiser som utfordra synet på livet	51
3.5 Dukkesymbolikk og samanlikning	54
3.5.1 Dukka Louise og barndommens død i <i>Amtmannens Døtre</i>	55
3.5.2 Dukkesamanlikning i <i>Frihetens Øyeblick</i>	56
3.6 Brørne si tyding	57
3.6.1 Amtmannssonens sitt privilegium.....	57
3.6.2 Abid: ein representant for fridomen?.....	60
3.7 Systrene sine forteljingar	61
3.7.1 Marie og Broch.....	61
3.7.2 Amalie og Brøcher	62
3.7.3 Louise og Casper	62
3.7.4 Systrene i dei same ekteskaplege forventingane	63
3.7.5 Parallelle historier i <i>Frihetens Øyeblick</i>	65
3.8 Huslærarane som representantar av fridom	67
3.8.1 Huslærarane i <i>Amtmannens Døtre</i> symboliserer fridom	67
3.8.2 Representantar av fridom i <i>Frihetens Øyeblick</i>	68
4. Didaktiske perspektiv	70
4.1 Kompetanse mål og bøkenes relevans i klasserommet	70
4.1.1 Spørsmålet om relevans av bøkene i klasserommet	70
4.1.2 Læreplanverket og kompetanse mål.....	73
4.2 Moglege utfordringar bøkene kan gi	74

5.	Oppsummering og refleksjonar	75
6.	Litteraturliste	78
	Primærlitteratur	78
	Sekundærlitteratur	78



«Jeg har et sterkt håp om at et liv i frihet er mulig for mange flere. [...]. Denne boka er mitt bidrag. Hvis ingen endringer skjer før andre, eller i samfunnet, vil kampen for å våge å fortelle være uten verdi.»

Høyda, 2022, s. 254



Ein mangel på kjærleik er som eit liv i fangenskap

1. Innleiing

«Fridom» er eit komplekst omgrep som kan vere vanskeleg å definere. I boka *Frihet: Et essay om å leve sitt eget liv* definerer Gunnar C. Aakvaag omgrepet slik, han grunnar det i handling, at menneske handlar aktivt, og at ting ikkje berre *skjer* med oss: «Frihet er fravær (inkludert overvinnelse) av begrensninger når vi handler. Ufrihet kan tilsvarende definieres som tilstedeværelsen av begrensninger når vi handler.» (Aakvaag, 2013, s. 44).

Aldri før i dagens vestleg-moderne samfunn har så mange menneske hatt moglegheita til å leve sitt eiga liv. (Aakvaag, 2013). For å komme til eit sånt punkt vil det difor seie at vi har hatt ein utviklingsprosess i samfunnet vårt der vi ein gong ikkje hadde denne moglegheita i like stor grad. Dessutan har «fridom» no blitt ein menneskerett. Verdserklæringa om menneskerettar, som kom under andre verdskrig, fortel nettopp dette. Artikkel 1 i Verdserklæringa ser slik ut: «Alle mennesker er født frie og med same menneskeverd og menneskerettigheter» (FN, 1948). Alle har rett på same behandling og rett på fridom til å vere den ein vil. Individuell sjølvråderett og utfalding er svært viktig i det norske samfunnet. Dette er derimot ikkje tilfelle i alle delar av verda. Mange både i fortida og i dag har opplevd og opplever framleis mangel på fridom. Alle har altså ikkje dei same rettigheitene.

Amtmannens Døtre (1879/2013) av Camilla Collett og *Frihetens Øyeblikk* (2022) av Håkon F. Høydal er to bøker frå ulike tidsperiodar som delar same tema og motiv. I den førstnemnde romanen vert vi kjend med ein embetsfamilie frå 1800-talet. Dette er ein amtmann og familien hans. Forteljinga følgjer amtmannsdottera Sofie gjennom overgangen frå barn til voksen og alle kjenslene som ligg i ei slik utvikling. *Frihetens Øyeblikk* er ei biografisk forteljing om ein av dei mest kjende norsk-pakistanske familiene i Noreg. Denne fortel livshistoria til Abida Raja gjennom eit liv med minimalt til inga fridom over eigne val. Begge bøkene delar fridom – eller som ein i dette tilfelle kan kalle det – mangel på fridom som tema.

1.1 Bakgrunn for oppgåve og problemstilling

Litteratur har alltid vore noko som har slukt tida mi. I barndommen kunne ein som regel finne meg på biblioteket. Ein type litterær karakter eg ofte har interessert meg i er den sterke kvinnelege karakteren. *Pippi Langstrømpe* av Astrid Lindgren var i mange år ein storfavoritt i

heimen. Kven har ikkje lyst å bu åleine saman med ein apekatt og ein hest og i tillegg vere så sterkt at ein kan løfte denne hesten? Pippi var for meg difor eit stort forbilete. Då eg vart eldre skifta litteraturinteressa retning mot den realistiske litteraturen. Ofte tok desse tekstane føre seg kvinner som stod opp for den dei var, trass i normer og konvensjonane i samfunnet *Stolthet og Fordom* av Jane Austen var, og er framleis, ein favoritt. Her vert lesaren møtt av ein hovudperson, Elizabeth Bennet, som står mot oppfatninga samfunnet har av livet hennar. Ho synest ideen om å gifte seg utan kjærleik er tåpeleg. Ho er ein kompleks karakter med sine eigne mindre perfekte karaktertrekk, som i mange tilfelle gjer ho til ein rollemodell for moderne feministar. Med denne boka vart slike litterære tema og motiv eit interesseområde for meg. I tillegg har norskfaget sine historiske perspektiv alltid vore ein spanande del av skulen.

I dag er sterke kvinnelege karakterar, både i bøker og film, framleis eit interessepunkt for meg. Det er som regel desse type tekstar eg lener meg mot. Det er dessutan ikkje vanskeleg å finne slik litteratur i dag. Det er framleis eit viktig aspekt å gå mot fortidas formeiningar om at kvinna ikkje er eit sjølvstendig individ. Før var det forventa at embetskvinna skulle gifte seg, gjorde ho ikkje det vart situasjonen hennar ganske håplaus. I den norske kulturen i dag er det ei sjølvfølge at kvinna skal vere fri til å gjere dei vala ho sjølv vil. Ein kan difor sjå at det norske samfunnet har utvikla seg sida Camilla Collett si tid. Denne type utviklingsprosess skjer i alle land, på ulike måtar grunna dei mange ulike kulturane og lesesetta ein finn i verda. Kultur har mykje å seie for korleis ein lever, kva normer og reglar ein følgjer og kva forventingar ein har til kvarandre og seg sjølve. På grunn av innvandring har Noreg blitt eit fleirkulturelt land. Dette vil seie at ein som bur i Noreg vil oppleve fleire kulturmøte der det kan oppstå ueinigheter i korleis ein skal leve livet. Det kan difor vere interessant å forske på «fridom» og kva dette omgrepet kan ha å seie i ulike kulturar.

Dette prosjektet vart til med bakgrunn i eit ynskje om å utforske litteratur som har likskapar og skilnader i form av felles tema og motiv, slik som *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblipp* delar «fridom» og «ekteskap». Spørsmål som kva kultur kan ha å seie på fridomskjensle og korleis dette kjem til uttrykk i litteraturen verka interessant å finne svar på og dette kan undersøkjast ved hjelp av litterær analyse i form av tema- og motivanalyse. Problemstillinga for prosjektet lyder som følgjer:

Korleis vert kvenna si fridom framstilt i Amtmannens Døtre av Camilla Collett og Frihetens Øyeblipp av Håkon F. Høydal?

For å utdjupe tema- og motivanalyse, støtta eg meg på Gaasland (1999) sine ord om analyse av tema, motiv og norm.

En generell og samtidig nokså upresis definisjon av *motiv* er som følger: Et motiv er den hendelsen, karakteren eller settingen en tekst handler om. *Temaet* kan defineres som det allmenne innholdet som abstraheres frå ett eller fleire motiver. Motivet er konkret og partikulært, temaet er abstrakt og allment. (Gaasland, 1999, s. 118)

Denne masteroppgåva tar difor utgangspunkt i desse to komponentane ved ei litterær analyse: ei tema- og motivanalyse. Temakomponenten vil knytast opp til fridomsomgrepene. Den litterære analysen vil dermed ta føre seg liknande motiv frå begge bøkene og samanlikne korleis menneska og karakterane opplever fridom i konkret og mindre konkret forstand.

1.2 Samandrag av *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk*

Amtmannens Døtre er ein roman skriven av Camilla Collett som vart utgitt i 1854 og 1855. Boka har seinare blitt gitt ut i fleire utgåver. Denne masteroppgåva har tatt utgangspunkt i den frå 2013, der Kaja Schjerven Mollerin har skrive eit etterord, og er basert på den tredje utgåva frå 1879. Ein finn òg forordet Camilla Collett skreiv til denne utgåva bakarst i boka. Boka er delt inn i ein første del og ein andre del, og oppsettet ser slik ut:

1. Av Georgs opptegnelser til Margrethe
2. Til Müller
3. (Fortsettelse til Margrethe)
4. Fortsettelse av Sofies dagbok
5. Utdrag av Magrethes blad
6. Annen del

Etter andre delen finn lesaren forordet til Camilla Collett, og etter det etterordet skriven av Kaja Schjerven Mollerin. (Collett, 1879/2013). I dette etterordet skriv Mollerin om den framande verda Collett skildrar med *Amtmannens Døtre*, men at ho likevel kan setje seg inn i karakterane sine indre liv. Denne teksten av Mollerin vil vere relevant i dette prosjektet, då spesielt den didaktiske delen av oppgåva, og er grunnen til at valet om denne utgåva vart gjort.

I *Amtmannens Døtre* møter vi amtmannen Ramm. Han er gift med Marianne. Saman har dei fem barn; Marie, Louise, Amalie, Sofie og Edvard. Marie og Louise er gift vekk og bur ikkje lengre på amtmannsgarden. Louise er gift med den førre huslæraren deira, Casper. Forteljinga

følgjer den nye huslæraren deira, Georg Kold, sitt nye liv på amtmannsgarden og møtet hans med familien samt Sofie sine eigne opplevingar. Nokre viktige bipersonar i romanen er legen Müller: ven av Kold, Lorenz Brandt, prosten Rein: Sofie sin framtidige ektemann, og dottera hans Ada.

Forteljinga startar med Kold si reise til amtmannsgarden. Han skal undervise dei to yngste barna til Amtmann Ramm: Sofie og Edvard. Dei to eldste systrene til Sofie har flytta heimanfrå og er begge i ulukkelege ekteskap. Dette resulterer i at Sofie vert svært skeptisk til arrangerte ekteskap og sver på aldri å ende opp i eit slikt kjærleikslaust forhold. Kold oppdagar fort at Sofie er ein vanskeleg elev: ho verkar lite interessert i det han prøvar å lære bort og stirrar som regel ut vindauge. Lesaren lærer derimot seinare i handlinga at denne fråverande oppførelsen hennar kjem av det faktum at ho er forelska i Kold. Sofie bur ein periode hjå onkelen og tanta si i København. Når ho kjem heimatt er ho meir varm og open mot Kold. Synsvinkelen i Amtmannens Døtre skiftar ofte og det er i eit slikt skift at lesaren vert kjend med kjenslene Sofie har for huslæraren. Desse kjenslene vert gjengjeldt.

Kold sin venn, Müller, kjem på besøk og set spørsmålsteikn til Kold sitt forhold med døtrene i amtmannsfamilien. Han ender opp med å svare venen at han berre leikar med Sofie, og at det er inga kjærleik mellom dei. Sofie overhøyrrer dette og tilliten ho har til Kold vert knust. I sorga si aksepterer ho eit ekteskap med prost Rein. Det siste møtet mellom Sofie og Kold er hjarteskjærande. Han prøver å forklare seg og samtalen mellom han og Müller på sjølve bryllaupsdagen til Sofie. Dette var forgjeves gjort; Sofie giftar seg med Rein og finn seg i eit komfortabelt liv, men i likskap med sine systrer vert ho ulukkeleg.

Frihetens Øyeblikk er ein biografisk bok skriven av Håkon F. Høydal utgitt i 2022. Biografien er delt inn i tre delar.

Del 1 handlar om oppsedinga til Abida, fram til ho vart 18 år.

I Del 2 vert lesaren kjend med Abida som ei gift kone med barn.

Del 3 tar føre seg tida etter Abida vart skild med ektemannen, og kampen hennar til og for fridomen.

Boka fortel om Abida Raja sin oppseding som dotter av pakistanske innvandrarar busett i Noreg. «Dette er Abidas historie, slik hun har ønsket å fortelle den.» (Høydal, 2022, s. 7). Dette er ei sterk historie som handlar om smertefulle opplevingar. Identiteten til dei fleste i boka er anonymisert, ekskludert Abida, dei to eldste barna hennar, broren Abid, faren

Qayyum og de offentlege hjelparane. Boka handlar om Abida si lausriving frå hennar føresette og ektemannen ho vart gifta vekk til, Abida si flukt med dei fire barna i eit forsøk på å skape sitt eige liv, og kampen om å bestemme sjølv, eit liv i fridom.

I boka møter vi Abida Raja og familien hennar, far Qayyum, mor Hania, brødrene Tadeen og Abid og lillesøster Shaima. Seinare i biografien vert ein òg kjend med Karan, ektemannen til Abida, og dei fire barna deira: Maria, Jawad, Murad og Inaya. I tillegg til desse vert lesaren kjend med fleire viktige bipersonar i historia til Abida; den første forelskinga hennar Aziz, feltarbeidarteamet beståande av Bjørn, Lise og Karin og slektingane hennar i Mohri Sharif.

Abida og syskena hennar opplevde mykje sinne og vald i barndommen. Far deira, Qayyum, meinte at det var retten hans å sette dei på plass på denne måten. Denne valden vert skildra som ganske eksplosiv og vart verre med alderen. Abida vart tvangsflytt til Pakistan ein periode for å bu med slektingane sine i Mohri Sharif, då foreldra meinte ho skulle ha ein pakistansk skulegang. Etter seks år på skule her vart ho igjen tvangsflytta, denne gongen attende til Noreg.

Som 18-åring forelsa Abida seg i ein gut som jobba på 7-Eleven; Aziz. Dette førte til ein dominoeffekt i livet hennar. Far hennar fann ut av forelskinga, noko som førte til at Abida flykta heimanfrå. På denne flukta budde ho ei periode hjå tanta og onkelen. Etter ei stund tok ho kontakt med Feltarbeidarteamet og dei fann ho ein plass å sove. I løpet av perioden på flukt fekk ho høyre mykje om korleis sinnet og valden til faren hadde blitt eksplosiv, og dette gjekk utover mora hennar og syskena. Ho flytte til slutt heimatt, og far hennar såg berre éin utveg for dottera si; ho måtte giftast vekk for å rette opp att den æra dei hadde mista på grunn av vala ho hadde teke. Ho vert difor flytt attende til Mohri Sharif der ho skulle finne seg ein ektemann. Ho gifta seg med Karan og vart gravid. Qayyum og Karan har begge eit eksplosivt sinne. Det ender med at Abida rømmer attende til Noreg i eit forsøk på å komme seg vekk frå ektemannen. Karan flyttar derimot etter og desse to skaffar seg ein buplass med dottera Maria og resten av søskensflokken som etter kvart vert til. Resten av boka dekker livet deira i ein valdeleg heim og lausrivinga frå denne valden.

1.3 Bakgrunn for bøkene

1.3.1 Camilla Collet sine eigne erfaringar og grunningar bak boka *Amtmannens Døtre*

I boka *Kvinners spor i skrift: supplement til norsk litteraturhistorie* (1986) skriv Elisabeth Aasen at Camilla Collett reiste mykje rundt i Europa i løpet av livet sitt og lærde mykje om andre kulturar. Ho gjekk på herrnhutarane sin skule i Christianfeldt i Tyskland, og tileigna seg her tyskkunnskapar. I *Å bli en stemme* (2014) skriv Trond Haugen at Collett tileigna seg franskkunnskapar på Christianfeldt og Aasen skriv at ho òg lærde det hjå far sin. Ho fekk med dette kunnskapar på andre språk som førte til rikare forståing innan litteratur og språk. (Aasen, 1986, s. 70-71). *Amtmannens Døtre*, som vart gitt ut i 1854 og 1855, var og er Collett si einaste roman. Handlinga er lagt til slutten av 1830-,byrjinga av 1840-åra (Aasen, 1986, s. 72).

Collett hadde så vidt starta på boka før mannen hennar gjekk bort. Han hadde meint at den ikkje var noko å satse på, og var redd det kom til å gå utover statusen deira i nærmiljøet. Eitt år etter bortgangen hans fann ho derimot fram manuskriptet igjen og byrja å skrive. I Ellisiv Steen si bok *Camilla Collett om seg selv* frå 1985 siterer ho Collett i at ideen med romanen var at ho ville «innsette følelsen i sine rettigheter» (s. 70). Kjensler er til for å følast, slik eg tolkar det meinte Collett her at kjenslene ein føler skal følast og dei skal kunne snakkast om. Ho ville vise at ei kvinne alltid burde ha moglegheita til å gi all den ekte kjærleiken ho har i seg til nokon. Viss ho ikkje har denne moglegheita, denne «gjenstanden» å gi all si kjærleik til, vil ho kjenne på ei stor skuffelse og liding. Ho meinte at samfunnet handla feil i kjærleikens namn og at alt det vonde som finst innan familiane skyldast nettopp denne feilhandlinga.

Sjølv hadde Collett vore eit slags «offer» i ei forelesking, vel å merke ei av dei mest omtalte foreleskingane i den norske litteraturhistoria: den mellom ho og «erkefienden» til broren: Johan Sebastian Welhaven. Dette var ei forvirrande tid for Collett, då Welhaven viste ho akkurat nok merksemd for å halde ho interessert, men ga ho nok tvil for å halde ho «svevende mellom tro og tvil.» (Steen, 1985, s. 37). Denne tilstanden førte med mykje liding og forvirring frå Collett si side, noko som gjorde at ho aldri turte å vere open og naturleg med han; «I hans nærvær har jeg berre to alternativer, - å si intet eller noe dumt.» (Steen, 1985, s. 38). Denne lidinga, trass i det vonde den ga, var òg ein del av Collett sjølv, då ho følte denne delen ga ho liv. Etter kvart kom det ein anna mann inn i biletet: Peter Jonas Collett. I

motsetnad til Welhaven ga Collett Camilla ein fridom og tryggleik ho ikkje hadde kjend før, i tillegg til at ho kjende seg likeverdig med han. «I Jonas Collett møtte hun en mann like ærlig som hun var selv. Med sikkert instinkt har han krevet full gjensidig åpenhet.» (Steen, 1985, s. 54). Ho fann i Collett det som mangla i Welhaven, og det var frå han Camilla Wergeland etter kvart fekk sitt nye og meir kjende namn; Camilla Collett.

Opphavleg ville Collett at *Amtmannens Døtre* skulle vere ei «kvardagshistorie. Men under skrivinga av romanen hadde «tendensen sneket seg inn ganske uvilkårlig» (Steen, 1985, s. 68). Johan Ludvig Heiberg, som ho reiste til for tilbakemelding på manuskriptet, meinte ideen om å «innsette kjensler i si rettighet» ikkje kunne settast som ein «alminneleg regel». Collett var ueinig, då den ideale kjærleiken er ytst sjeldan og går ikkje utover berre den enkelte men «raker utover virkeligheten» (Steen, 1985, s. 70). Å ikkje oversjå dei kjenslene ein har men heller nytte dei til det betre, meinte då Collett var noko som høyrd til i kvardagen. Dei som opplever den ideale kjærleiken er dei som vinn ein vesentleg del av livet, og denne burde ikkje leggjast til side på grunn av at «kjensler ikkje lønner seg».

Det som gjer *Amtmannens Døtre* til slik ei tragisk forteljing er ikkje overdådig dramatikk og brå hendingar, men heller det faktum at forteljinga var tru til røynda i tida boka vart gitt ut. Sosiale forhold og standsfordommar gjer at dei fire embetsmannsdøtrene ender opp i ulukkelege ekteskap utan kjærleik. For fleire kvinner på denne tida var dette skjebnen, og det var så daglegdags at den vart akseptert som sjølvsagt og normal. Collett meinte at folk ikkje tenkte over kva all denne lidinga og resignasjonen tydde for familielivet og samfunnet (Steen, 1985, s. 71). Det var slike kvardagsforteljingar ho ville setje lys på med publiseringa si av *Amtmannens Døtre*. Samfunnet trengte ei forandring, og Collett var ikkje redd for å vere den som starta diskusjonen.

Boka vakte stor oppsikt då den vart gitt ut. Mange mislikte tendensen, men endå fleire kjende seg igjen i den. For Collett var dette ei realistisk forteljing som ho kunne trekke linjer til frå eige liv. Ho ville setje eit lys på kvinna sin situasjon: for at situasjonen skulle bli betre, hjelpte det ikkje lenger å late som alt var i orden. Mykje av det tankesettet Sofie har er truleg det Collett sjølv har hatt. Forelskinga mellom Sofie og Kold vart ikkje meir enn nettopp ei forelsking grunna misforståinga mellom partane. Dette vart mykje kritisert då boka kom ut, men Collett meinte at det ikkje skulle så mykje til for å forandre personar sine skjebnar, spesielt med tanke på at det ikkje var akseptert for kvinner å vise sine kjensler. Det var dette

Collett ville vise gjennom Sofie og Kold (Aasen, 1986, s. 72). Collett hadde truleg her teke inspirasjon frå eigne erfaringar som ungdom, den djupe men håplause forelskinga ho hadde til Welhaven der ho på grunn av usikkerheiter ikkje kunne røpe sine kjensler for han.

1.3.2 Abida Raja om *Frihetens Øyeblikk*: eit bidrag i kampen for fridom

I 2014 vart Håkon F. Høydal interessert i å skrive om heltar i samfunnet. Han kom difor i kontakt med integreringsrådgjevar Merete Munch og kollegaene hennar.

Integreringsrådgjevarane sin jobb er å hjelpe og hente heim nordmenn som er trua med ærerelatert vald i utlandet. Desse sakene gjorde inntrykk på Høydal og han fekk eit ynskje om å fortsette å dekkje historier knytt til dette temaet. Det var slik han vart kjend med Abida Raja. «Jeg så i henne en sterk, vakker, intelligent kvinne som sto midt i sin største krise. Det var i alle fall det jeg følte.» (Fauconnier, 2022). Abida Raja og Håkon F. Høydal starta skrivinga av *Frihetens Øyeblikk* i 2015, etter skilsmissa med Karan. Det var med dette første møtet mellom Abida og Håkon at dei vart einige om å skrive ei bok om livet hennar. Dette var ein veldig sårbar tid for Abida, og ho kjende at ho trengte å få fortalt historia si. Avtalen mellom forfattaren og kjelda var at ho skulle vere anonym og sjølv avgjere når boka skulle publiserast. Dei to jobba tett for å rekonstruere heile historia slik Abida hugsa den. I 2017 var førsteutkastet av boka ferdig. Her oppstod det problemet om at Abida var for identifiserbar, og det låg fram til at boka ikkje skulle publiserast. Dette snudde om då Abida tok avgjersla om å anmeld eksmannen sin og nok ein gong starta dei prosessen med å få historia ut i lyset, denne gongen utan å gjere Abida anonym. I denne prosessen tok forlaget kontakt med politiet for å informere om at boka skulle publiserast, då Abida no kom til å stå ovanfor ein endå meir truande situasjon enn tidlegare. (Fauconnier, 2022).

I etterordet i boka står det i «Abidas Takk»; «Jeg har et sterkt håp om at et liv i frihet er mulig for mange flere» (Høydal, 2022, s. 254). Den store grunnen bak utgjevinga av biografien er difor at Abida har eit ønske om politisk forandring, og denne boka er bidraget hennar. Ved ei slik forteljing set ein difor fokus på kvinneliv som det norske samfunnet har oversett. Høydal har gjort ein stor jobb i arbeidet med boka. I tillegg til dei kontinuerlege samtalane han har hatt med Abida dei siste åra, har han òg sørga for å intervju fleire andre kjelder: politi, barnevern, familievern og helsetenesta. Gjennom skrivinga si dokumenterer han òg at den hjelpe mange kvinner får i dag når dei står i fare for å bli tvangsgifta, var så godt som ikkje-eksisterande då Abida var 18 år. Gjennom Abida sine forteljingar viser Høydal òg korleis Abida si historie ikkje er unik, og difor er dette eit tema som må tas opp. (Høydal, 2022).

Abida si historie om tvangsekteskap og vald vart difor ein svært viktig hjartesak for ho. Ynsket hennar om å hjelpe andre i liknande situasjonar er det som fekk ho til å ta avgjersla med å dele livshistoria hennar til offentlegheita.

1.4 Resepsjonen av bøkene

Båe *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* har hatt sin virkningskraft på publikum. Då førstnemnde vart utgitt, fekk den mykje kritikk. «*Amtmannens Døtre* vakte stor oppsikt. Mange mislikte tendensen, enda fleire kjente seg igjen.» (Aasen, 1986, s. 72). Lesarane av boka syntest det var urealistisk at det skulle så lite til for at Sofie si skjebne skulle ende med ho i eit ulukkeleg giftarmål. Collett argumenterte tilbake med at tilfeldigheiter slik som nettopp dette kan vere det som avgjer menneske sine skjebnar, spesielt med tanke på at kvinna ikkje hadde lov å vise eller uttrykkje kjenslene sine. Ho ville vise kor håplaus situasjonen til kvinna var i borgarskapen.

Fleire har vore kritisk til klassesynet til Collett. Dei meinte ho var mindre observant på klasseforskjellar. Elisabeth Aasen (1986) argumenterer derimot mot dette: «Hun kan bebreides for manglende sosialt syn, men hun forteller om det miljøet hun kjenner.» (s. 72). Camilla Collett skreiv om det som var kjend utifrå klassestilhøyrsla hennar, det var trass alt denne ho med sikkerheit kunne uttale seg om, sidan ho sjølv hadde vekse opp her.

Som nemnd var *Amtmannens Døtre* den einaste boka Collett skreiv. Ho skreiv vanlegvis essay, og har av denne grunn fått tittelen «essayist». Ein høyrar ofte namnet hennar i forbindelse med denne tittelen: essayisten Camilla Collett. I byrjinga skreiv ho anonyme forteljingar. Det vart etter kvart kjend at ho var forfattaren bak orda, og ho vart difor raskt kjend igjen i *Amtmannens Døtre*. I forfattar-åra etter dette verket stod difor namnet hennar på publiseringane av tekstane ho skreiv. Ho prøvde seg ei periode i skjønnlitteraturen, der ho skreiv både eventyr og samtidsforteljingar, men fann seinare styrka si i artiklar og innlegg, det var i denne essaytikken ho kunne gi uttrykk for det *sanne*. (Aasen, 1986, s. 73).

Kristin Ørjasæter i *Å bli en stemme* (2014) skriv at Collett var ein av dei første, moglegvis den første, til å kalle seg feminist i Noreg (Ørjasæter, 2014, s. 153). Gjennom forfattarskapen sin kjempa ho for kvinna si sjølvrespekt og rett og plikt til å ta del i offentlegheita. I artikkelen

argumenterer Ørjasæter vidare at feminismen til Collett vart utvikla i møtet mellom «romantikkens subjektsfordring, herrnhuternes praktiske teologi, den europeiske kvinnesaksdebatten og hennes egen skrivepraksis.» (Haugen, 2014, s. 154). Altså hadde Collett eit godt utgangspunkt då det gjaldt moglegheita hennar til å uttale seg om det ein eigentleg ikkje skulle snakke om. Det er nettopp dette synet hennar som ein i dag framleis koplar ho til, og som har sette preg på den norske litteratur- og kvinnehistoria.

Det at tendensromanen gjorde eit stort inntrykk på publikum er altså ingen hemmelegheit, og den er framleis ein viktig del av litteraturhistoria i Noreg. Det vert stadig gjort nye undersøkingar og analyser av boka, og den har i løpet av tida si og fram til i dag tiltrekt seg mykje merksemd.

Frihetens Øyeblick har på den knappe tida den har vore ute fått mykje merksemd. Det var ikkje mange dagar etter publikasjonen at aviser kom med sine meldingar om forteljinga. Fleire meldingar har blitt gjort sidan utgjevinga i september 2022. Sindre Hovdenakk (2022), litteratur- og sakprosakritikar i VG, skildrar historia om Abida Raja som «engasjerende, spennende og imponerende ærlig om en frihetskamp bare de færreste ville ha klart» (Hovdenakk, 2022), samtidig har fleire gitt boka tittelen «årets modigaste bok». Anne Cathrine Straume (2022), kjend frå NRK, roser Abida for si modige avgjersle om å gå offentleg ut om livshistoria si og Høydal for eit imponerande arbeid. Fleire aviser skriv det same; *Frihetens Øyeblick* er ein sterk forteljing om fridom som vil koste henne dyrt. Etter at bror hennar Abid Raja ga ut si eiga livshistorie i 2021 var det ingen som forventa at systera ville gjere det same året etter. Å kunne lese kvar deira livshistorie i same familie er eit positivt aspekt for å skildre traumatiske men viktige hendingar. Det er som Abida sjølv har sagt i eit intervju med NRK «det er noe jeg har kjempet for, for min egen del og for andre [...] jeg vil stå opp for meg selv og for andre.» (Straume, 2022). Poenget med boka hennar er ikkje berre det å fortelje historia si for andre, men òg å vise dei som kjenner seg att i det ho seier at dei ikkje er åleine – det er aldri for seint å stå opp for si eiga fridom.

1.5 Strukturen i oppgåva

Denne oppgåva har følgjande oppbygging: Kapittel 2 er ein presentasjon av teorien og metodane som skal nyttast i oppgåva. I tillegg til dette vert det her presentert sjanger, teori om kulturmøte og temaet fridom. Her vil ei innføring av dei ulike teoretiske perspektiva som vil

prege analysen av bøkene bli gitt: feministisk og kritisk teori. Denne delen vil òg ta føre seg dei metodiske vala eg har gjort: komparativ analyse (tema og motiv-analyse) med fokus på nærlæring. Den feministiske teorien som vil bli lagt fram vil vere basert på dei syna Simone de Beauvoir hadde. *Hva er en kvinne? Kjønn og kropp i feministisk teori* av Toril Moi vil òg bli nytta. Desse verka er dei som har gjort forskinga mi innan kvinna si fridom mogleg. Det er på grunn av kvinner som Beauvoir og Moi som gjer det mogleg å stå der eg står, og skrive kva eg skriv. Den kritiske teorien vil grunne seg i *Kritisk teori i litteraturundervisningen* av Tatjana Kielland Samoilow og Per Esben Myren-Svelstad. I kapittel 3 skjer ei komparativ analyse av dei to bøkene; *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk*. I dette kapittelet vert bøkene samanlikna. Her vil fokuset vere på tema og motiv om fridom i lys av teorien eg har valt. I kapittel 4 vil oppgåva ta føre seg didaktiske perspektiv bøkene gir i klasserommet. Dette kapittelet vil sjå på korleis ein kan bruke desse tekstane som verktøy i klasserommet i møtet med kvinnehistoria, kulturmøte og kritisk tenking. Målet med ei slik undervisning er å tilegne elevar kunnskapar om fridomstema frå eit litteraturhistorisk perspektiv. Dette opnar difor opp for eit tverrfagleg prosjekt. I det siste kapittelet, kapittel 5, vil oppgåva summere opp dei funna og drøftingane som har blitt gjort undervegs og svare på innleiingsspørsmål.

2. Teori og metode

I dette kapittelet skal eg gi ei innføring i teoriane og metoden denne masteroppgåva har nytta. Den feministiske teorien tar føre seg fleire område om kva eit «kjønn» er og kva dette inneberer. Frå tidlegare av har det vore normalt å skilje mellom biologisk og sosialt kjønn. Dette i den form at det «biologiske» kjønnet løyser seg opp i ein empirisk forståing: det fins to kjønn, nemleg mannen og kvinnen. Det «sosiale» kjønnet vil seie den ideologiske forståinga om kva eit kjønn er, altså det at kjønn er noko meir enn berre «mann» og «kvinn». Det sosiale kjønnet kan difor vere så mangt. Toril Moi føretrekk derimot å unngå bruken av «biologisk» og «sosialt» kjønn, ho vil heller snakke om kropp og subjektivitet. (Moi, 1998, s. 161-163).

Den kritiske teorien er viktig i analysen av bøkene i tillegg til den didaktiske delen av oppgåva. Denne seier noko om å ha eit kritisk auge til tekst. *Amtmannens Døtre* er ein samfunnskritisk roman, og det er difor sentralt at lesaren av boka skal kunne ha eit analyserande og kritisk syn på hendingane og karakterane. På denne måten vil ein kunne forstå den eigentlege meiningsbak forteljinga. Denne boka har eit stort potensiale for å tolke, analysere og forstå samfunnet på den tida den vart skiven. I klasserommet vil kritiske teoriar difor vere ein viktig del i analyse av ikkje berre denne boka, men alle bøker. I lesinga av *Frihetens Øyeblikk* er det òg viktig å ha eit kritisk syn. Boka er livshistoria til Abida og den kritiserer både eksplisitt og implisitt valdshendingar og tvang innan æreskulturar. Boka gir difor fleire moglegheiter i klasserommet.

2.1 Tema og motiv

Ein tema- og motivanalyse er ein litterær analyse, som fokuserer på abstrakte og konkrete element med teksten. «Analysen av motiv, tema og norm har meir generelt som formål å finne ut av hva den aktuelle teksten «handler om» og hvilken innstilling den har til sitt emne.» (Gaasland, 1999, s. 116). Tema, slik Gaasland definerer det, er det allmenne innhaldet som vert abstrahert frå eitt eller fleire motiv. Tema kan difor vere ei samanfatning av eitt eller fleire motiv. «Et motiv er den hendelsen, karakteren eller settingen en tekst handler om» (Gaasland, 1999, s. 118). Motivet er konkret og partikulært, medan tema er abstrakt.

I ein komparativ analyse vil to motiv frå to tekstar leie oss i retning av grunnideen eller tema. Med dette kan vi finne likskapar og skilnader i to ulike forteljingar innan same tema. Ved å

bruke *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* som døme, vil ein sjå at motiva er annleis men tema kan likevel vere det same. Sofie i *Amtmannens Døtre* går inn i eit fornuftekteskap med prost Rein. Dette fordi det på denne tida var norm at kvinner fødd i borgarskapen og embetsstanden gifta seg. Ekteskapet var samfunnet sin grunnvoll og kvenna ville ende i ein kjip situasjon om ho ikkje hadde gifta seg, sidan ho ikkje kunne arbeide. (Aasen, 1986, s. 66). I *Frihetens Øyeblikk* vert det fortalt om tvangsekteskapet mellom Abida og Karan. Etter Abida forelska seg i ein gut med namn Aziz og flykta heimanfrå såg faren berre ei løysing på å rette opp att æra til familien; få Abida gift vekk til ein av sonene til slektingane i landsbyen han kom frå i Pakistan. Sofie og Abida har to vidt forskjelle historier, eller motiv, men ein kan likevel ein finne likskapstrekk. Dei er begge representantar for mangel på fridom: begge opplever det å ikkje kunne velje den dei elskar og må heller velje på grunnlag av fornuft og tvang.

En av gevinstene ved en slik tematisk analyse er at tekster som liggjer fjernt fra oss målt i både temporal og kulturell distanse, kan gjøres aktuelle og relevante.

Temaanalysen representerer slik sett en mulighet for oss til å føre meningsfulle dialoger med fortiden og med andre kulturer. (Gaasland, 1999, s. 120)

Ei tematisk analyse vil difor kunne vise oss viktige likskapar mellom tekstar som fortel om sentrale kulturelle skilnader som i utgangspunktet ikkje er så ulike. Dette kan vere med på å setje tekstane i eit aktuelt og relevant lys, noko som ofte er didaktisk naudsynleg å kunne gjere.

2.2 Metode

For mange vil lesing vere ein fritidsaktivitet. Mange skjønnlitterære tekstar vert lest for nytinga si del. Men all litteratur kan bli utforska djupare, så korleis skal ein forske på litteratur? Dette er eit aktuelt spørsmål med fleire moglege svar. Det er mogleg å ha fleire ulike perspektiv på litteraturen, ein tekst kan bli lest på fleire forskjelle måtar. Mottakaren av teksten kan stille seg spørsmål på undersøkinga før, undervegs og etter lesinga for å få ei djupare forståing for kva moglege problemstillingar teksten får fram. Dette kan vere spørsmål om tema og motiv, språklege fenomen, karakterframstillingar, historiske fenomen og meir.

Vi kan skilje mellom to typar tilnærming til tekst, tekstinterne tilnærmingar og tekstekesterne tilnærmingar. Den førstnemnde tilnærminga tar føre seg ein analyse av språk, sjanger, plott, motiv eller tema. Tar analysen for seg forfattarskapen eller samanhengar mellom tekст og

samfunn vil denne teksten derimot ha ein tekstekstern tilnærming til seg (Andersen, Mose & Norheim, 2012, sitert i Kallestad & Røskeland, 2020, s. 45). I denne oppgåva vil både tilnærmingane vere aktuelle, der den tekstinterne tilnærminga, i dette tilfellet fokuset på tema og motiv, vil bli brukt for å forstå den teksteksterne tilnærminga. Oppgåva vil difor sjå på kvifor Abida Raja vil fortelje livshistoria si og kva grunngjevingar Collett kan ha hatt for å skrive forteljinga om Sofie og i tillegg til dette støtte funna på tema- og motivanalysen.

Ein tekst er alltid skriven av ein grunn. «Et debattinnlegg skal overbevise, et kampdikt skal oppildne, en hyllestale skal glede, og ei forteljing skal underholde og vekke ettertanke.» (NDLA, 2019). I analysedelen av oppgåva vil eg sjå nærmere på kva teksten handlar om på eit djupare plan. Det vil seie å setje den inn i ein større samanheng, altså det som står til grunn for den konkrete forteljinga. Ved å ha fokus på både tema og liknande motiv i begge bøkene vil dette gi meg moglegheita til å stille spørsmål ved bodskapen og den eigentlege grunnen bak kvar av tekstane. Ved å sjå på desse aspekta i oppgåva vil analysen difor i stor grad ta føre seg mykje av det som ligg rundt sjølve skrivinga av *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* og kva desse historiene representerer.

Desse bøkene fortel to vidt ulike historier frå to ulike tidsepokar. Likevel er det likskapstrekk som knyt forteljingane saman. Denne oppgåva vil difor sjå på det komparative i ei litterær analyse. «Komparativ litteraturforskning defineres som «forskning som undersøker litterære forbindelser mellom to eller fleire nasjonale litteraturer eller språkområder» (Lothe, Refsum & Solberg, 2007 sitert i Samoilow, 2018, s. 72). Ei komparativ analyse vil ta føre seg samanhengar mellom tekstar, og finne at tekstane og kulturelle uttrykk er bundne til kvarandre. I ei slik analyse er det vanleg å skilje mellom forskjelle typar samanlikning; den vertikale og den horisontale. Den førstnemnde er ei samanlikning «mellom to eller fleire tekster som står i et direkte forhold til hverandre i form av påvirkning» (Gaasland, 1999 sitert i Samoilow, 2018, s. 72). Denne samanlikninga tar føre seg intertekstuelle undersøkingar. Dette vil seie fellestrekks mellom tekstar, anten dei er direkte eller indirekte. Den horisontale samanlikninga undersøker analogiar innan litteraturen. «Slike sammenligninger springer ofte ut av en observasjon av noen dominerende fenomener i en bestemt sjanger eller en bestemt epoke, enten det handler om tematiske, motiviske eller strukturelle likheter.» (Samoilow, 2018, s. 75). Det Samoilow her forklarar er det at to tekstar som delar visse fellestrekks, til dømes tema og motiv, kan samanliknast på dette planet. Ei slik samanlikning vil ofte sjå på

aspekt ved kulturen og i tida dei oppstod. Det er altså den sistnemnde som vil vere relevant i denne oppgåva.

2.3 Sjanger

Alle litterære tekstar er ulike og krev difor ulike variantar av litterær analyse. Ulike sjangrar vil difor sette forskjellege krav. Det å vere bevisst over skilnadene vert desto viktigare.

2.3.1 Roman

Romanen er ein sjanger som høyrer til skjønnlitteraturen. I Tone Selboe sin artikkel (2022) skildrar ho sjangeren som ein lang fiksionsforteljing. Vidare i artikkelen skriv Selboe: «Eksempler på romaner er bøkene *Amtmannens Døttre* av Camilla Collett [...]» (2022). Boka til Collett har altså sett sine preg på sjangerteorien.

I drøftinga av *Amtmannens Døtre* er det vesentleg å nemne «roman»-stemelet boka har fått. Boka vert sett på som ein av dei første norske romanane. Den har av litteraturvitarar blitt skildra som; «den første realistiske roman i norsk bogavl», «Norges første psykologiske roman», «den første kunstnerisk fullbårne roman», «den første kvinneromanen i Norge, «vor første samfundsroman», «den første norske tendensroman», «den første problemromanen», «den første norske roman av betydning», «Norges første borgerlige roman», «landets første egentlige roman» (Egeland, 2020, s. 35). Den er så godt kjend som ein roman at den som nemnd ovanfor, til og med vert brukt som døme på «romanar». Men Camilla Collett si eiga føretrekte nemning for teksten var *forteljing*. Ein kan tolke valet Collett gjorde som ein avstandstagen frå fiksionsverda, som vart gjort bevisst for ikkje å gjere historia om Sofie og familien hennar for røyndomsfjern. Slik Ellisiv Steen har skrive i *Camilla Collett om seg selv* (1985) vert det tragiske og opprørske i Collett sin roman ikkje lagt fram i «rystende hendelser og ytre dramatikk» (Steen, 1985, s. 71), men heller det faktum at den representerer kvardagsrealismen for mange kvinner på denne tida. Tema i *Amtmannens Døtre* skin gjennom òg i dei andre verka hennar, altså den kvinnelege posisjonen i samfunnet.

Som ein sjanger er romanen svært fleksibel. Det er vanskeleg å gi den ein definisjon, fordi den kan ta opp fleire element frå andre sjangrar, noko som gjer denne til eit fleksibelt verk som inneheld fleire undersjangrar. Som Selboe (2022) poengterer, er romanen ei kjelde til kjensler, kunnskap og historie. «Romanen er historien sett gjennom enkeltmennesker;

romanens emne er først og fremst menneskets historie» (Selboe, 2022). Med ei slik forklaring på sjangeren kan ein sjå korleis og kvifor *Amtmannens Døtre* har fått alle desse skildringane som har sjølve omgrepene «roman» til felles. Dette kan derimot vere ein moderne tolking av forteljinga til Collett. Då boka vart skrive, hadde ikkje sjangeren alle desse undersjangrane som romanen har i dag. Romanen var trass alt ein heilt ny sjanger, i alle fall i Noreg. Med ein ny sjanger kom det mange negative haldningar. Fleire kalla den nye sjangeren for ein «poetisk forteljing», i tillegg til at kjenslene i ein roman kunne potensielt vere farlege for samfunnet. Nokon meinte at oppgåva til romanen var å gi ein idealisert avspegling av det menneskelege livet, der kjensler ikkje burde bli innblanda, andre var redd unge kvinner kom til å lese romanen og tru verda var slik den framstilte den. Denne litteraturforma var noko som burde åtvarast om. Det er ikkje godt å seie kvifor Camilla Collett gjorde det valet ho gjorde, med å bevisst ikkje gi *Amtmannens Døtre* roman-stempelet, men heller kalle den ei forteljing. Når ein leser om korleis romanen vart nærmast synonym med «sentimentale, tårepersende historier, assosiert med allmuen og oppfattet som uakseptabel lektyre i de høyeste sosiale lag» (Egeland, 2020, s. 41), kan ein tolke valet til Collett. Egeland skriv òg vidare i artikkelen sin: «Vi må kunne gå utfra at to så reflekterte forfattere som George Eliot (1819-1880) og Camilla Collett (1813-1895) visste hva de gjorde da de som sine mannlige forfatterkolleger droppet romanbetegnelsen.» (Egeland, 2020, s. 43). Kvifor Collett gjorde eit val om å ikkje bruke romannemninga vert sjølvsagt berre spekulasjonar, men ho var som sitatet poengterer ei reflektert kvinne, så det å sjå bort i frå at ho gjorde det bevisst vil difor vere å undervurdere Collett sine forfattareigenskapar.

2.3.2 Biografi

Biografisjangeren er ein eldre sjanger som har hatt sin plass og framleis har sin plass i historieskrivinga. Denne type tekst tar føre seg livshistoria til ein person skiven av ein annan. Dette kan ta form i opprampsingar av ytre hendingar i ein person sitt liv eller som ein breiare skildring; «der liv og virke, karakterutvikling og årsakssammenheng vert beskrevet, enten vitenskapelig, populærvitenskapelig eller i form av en biografisk roman.» (Engelstad et al., 2023).

Det som gjer biografien annleis enn romanen er at den går under sakprosatekster. Altså er dette ikkje fiktive forteljingar som er dikta opp for lesaren si glede. *Frihetens Øyeblick* er ein slik tekst. I dette tilfellet krev det stor tillit mellom forteljar og forfattar for å få på plass dei bitane i livet hennar som ho vil ha med. På grunn av dette vil difor boka ha preg av fiksjon.

For forfattaren er dette ei forteljing han sjølv ikkje har opplevd eller vore ein del av. I tillegg til dette har Høydal sjølv sagt i eit intervju med Journalisten (2022) at møta med Abida til tider kunne vere veldig forvirrande og vanskeleg å følgje med på. «I en traumatisk situasjon er det mye som slutter å fungere, og det vert vanskelig å lagre ting i hukommelsen» (Fauconnier, 2022). Abida si gjenforteljing av livet sitt var difor mange hopp frå ei tid og forteljing til ei anna, mogleg av grunnar som nemnd ovanfor at traumatiske situasjoner gjer det vanskeleg å hugse alle detaljar. Fiksjonen i *Frihetens Øyeblikk* tar form i anonymiseringa av personar og replikkar og kommentarar mellom karakterane. Hendingane er basert på det som faktisk har skjedd i Abida sitt liv, men vert fortald av ein utanforståande. Når det er sagt, har Abida Raja og Håkon F. Høydal samarbeida tett med boka for å få fram livshistoria slik ho sjølv vil fortelje den og han har brukt mykje tid på å forstå Abida sin psykologi. For å forstå Abida betre og hjelpe ho med å hugse bitar av historia reiste desse to i lag til dei stadane ho i oppsedinga hadde forbindelsar til. På denne måten vart det enklare for ho å skildre opplevingane og dei ulike situasjonane ho har vore i.

2.3.3 Sjangrane sett i lys av kvarandre

Trass i at *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* er skrivne i to ulike sjangrar kan vi likevel sjå fellestrekks mellom desse to skrivemåtane. Sidan romanen kan ta element frå fleire sjangrar og biografien kan skrivast i form av ein roman vil dette gjere dei to samanliknbare. Collett har i si forteljing blitt inspirert av den kvinnelege kvardagen på hennar tid og hennar eiga oppleving av ulukkeleg kjærleik, den ho hadde til Welhaven, broren hennar sin største konkurrent og personlege fiende. Ho har brukte eigne erfaringar og seg sjølv i prosessen med å lage karakterane. Den opprørskje sida ein finn hjå Sofie er den ein òg finn i verka til Collett. Dessutan vert det òg sagt at Margrethes blad er ein framstilling av dei tankane forfattaren sjølv sat på, der Sofie kan vere ein representasjon av Collett som ung, og Margrethe ein representasjon av Collett som godt vaksen og erfaren. Ho skreiv ei fiktiv forteljing om ein oppdikta embetsfamilie, men denne er, slik Steen (1985) skreiv, planta fast inn i ein alminneleg, vanleg norsk kvardag, og demonstrerer kvinneskjebnen som var overalt. Her vert det Selboe (2022) skreiv relevant, at romanen er historia til enkeltmenneske. Med dette kan ein difor samanlikne denne med biografien *Frihetens Øyeblikk* der hovudpunktet er nettopp det å fortelje Abida Raja sin livshistorie: Camilla Collett fortel delar av livshistoria si gjennom karakterane ho laga.

Ein anna likskap mellom bøkene er det faktum at begge er skriven i kronologisk rekjkjefølgje. Dette er ur-rammeverket for ein biografi, og no når vi har fastslått at *Amtmannens Døtre* har biografiske preg, noko ein òg kan argumentere for med dei fleste tekstar, er dette dermed noko bøkene har til felles. Men, når det er sagt, er oppbygginga heilt ulik. Der *Frihetens Øyeblikk* følgjer Abida Raja si stemme og berre ho, og har difor ein monologisk oppbygging, skiftar verket til Collett mellom ulike typar tekst, slik som dagbok og brev. Altså har bøkene forskjellege perspektiv, der den yngste har eitt perspektiv, og den eldste skiftar mellom fleire.

2.4 Kultur og kulturmøte

Kultur kan vere eit omgrep det er vanskeleg å gi forklaringsverdi. Dette kan forklarast med at omgrepet kan oppfattast som for essensialiserande eller deterministisk, altså noko som bur i oss eller styrar dei vala ein gjer. «Kultur forstås gjerne i motsetning til strukturelle forhold – som har med økonomi og politikk å gjøre.» skriv Jon Horgen Friberg og Mathilde Bjørnset i rapporten sin: *Migrasjon, foreldreskap og sosial kontroll* (Friberg & Bjørnset, 2019, s. 23). Kultur kan i stor grad ha å gjere med økonomien og politikken i eit land. Forholdet mellom generasjonar og kjønn, i tillegg til organiseringa av familieliv, er område som kan bli forstått innan ei brei forståing av kultur, «i form av kunnskap, normer og verdier som er delt innenfor et fellesskap.» (Friberg & Bjørnset, 2019, s. 23). Desse er forbundne med strukturelle emosjonelle, normative verdiar og kunnskap, men dei kan òg koplast opp til teknologiske, politiske og sosioøkonomiske forhald.

Ei anna tolking av omgrepet er den Pierre Bourdieus hadde; «habitus». Dette vil seie ulike sett av tileigningar, både bevisste og ubevisste, emosjonelle disposisjonar som seier noko om korleis vi opplev og handlar i verda. Her vert difor kultur oppfatta som noko som er «innvendig», som vil seie dei indre tankane og intensjonane vi har. Andre forstår kultur som noko «utvendig». Den formar seg ikkje etter ynskjer og motiv, men gir heller grunningar ein kan bruke for å oppnå det ein ynskjer seg. Eit slikt perspektiv på kultur vil gjere at kulturelle skilnader primært handlar om kva argument og grunngjevingar som er tilgjengeleg for folk. (Friberg & Bjørnset, 2019, s. 23-24). «Kultur» er difor eit stor omgrep med mange forskjellege definisjonar som tyngder seg på ulike greiner av kva omgrepet tar føre seg.

2.4.1 Skilnader mellom Noreg og Pakistan

Slik Friberg og Bjørnset (2019) skriv kan kultur delast opp i fire aksar:

1. Æreskultur versus verdigheitskultur
2. Kollektivisme versus individualisme
3. Patriarkat versus likestilling
4. Religiøsitet versus sekularisme.

Kulturen i Noreg var ein anna ein på 1800-talet enn det den er i dag. Sofie og familien hennar i *Amtmannens Døtre* er ein representasjon av korleis det kunne vere å leve i ein embetsfamilie under denne prosessen som skjedde på denne tida. «På 1800-tallet ble det for alvor utviklet en norsk nasjonal identitet. Men mange av de nasjonale symbolene ble lånt frå utlandet.» (Sørensen, 2020). I 1814 fekk Noreg ei eiga grunnlov, og etter Noreg vart sin eigen stat vart det viktigare enn nokon sinne å skaffe ein norsk nasjonal identitet. Ved dette kom difor Stortinget på plass, samt eit eige flagg og feiringa av 17. mai. Den norske befolkninga var på 1800-talet svært opptatt av å modernisere og skape fellesskap i samfunnet. Her tok Noreg inspirasjon frå utlandet, samt tilbake i tid til vikingtida for å finne samanhengar mellom den tid då og no, og bondeforteljingar vart spesielt viktige. Ein kan difor seie at det skjedde mykje i den norske utviklingsprosessen under denne tida. (Sørensen, 2020).

I Camilla Collett si tid var det ein heilt anna kultur enn det det er i det norske samfunn i dag. Ho, i likskap med resten av Noreg, følgde samfunnet sine normer slik dei var då. «Ekteskapet var samfunnets grunnvoll, og nøkternt sett var det ein håplaus situasjon for ei kvinne å bli gåande ugift, særleg frå borgarskap og embetsstand, fordi dei ikkje fekk arbeide.» (Aasen, 1986, s. 66). Det var den gong fornuftig og ei sjølvfølge at ein skulle gifte seg. Det å bli gift var det fornuftige valet. I dagens norske samfunn er dette derimot ikkje lenger eit behov. I dag skal kvinna vere likestilt med mannen. Alle, uansett kjønn, etnisitet, hudfarge, nasjonalitet osv. har dei same rettighetene. Kvinnefrigjersla er ein viktig del av samfunnet, medan i Collett si tid var denne tankegongen så vidt byrja på i Norden. Dessutan er Noreg blitt eitt av verdas rikaste land etter oljefunnet på 1960-talet, og dette var med på å auke landet sin energiproduksjon. Både økonomisk og politisk gjer Noreg det som er best for fleirtalet. Den sterke velstandsutviklinga har gjort Noreg til ein trygg plass å bu med moglegheiter for alle. (Thuesen, 2022). Som kultur har Noreg utvikla seg mykje sidan landet vart ei eiga stat og vi er stadig i ein utviklingsprosess av den norske identiteten.

Med ein sterk statsmakt og meir effektiv valdsmonopol i Norden har landa tileigna seg det ein kallar ein «verdigheitskultur» (Friberg & Bjørneset, 2019, s. 25). Dette er noko som er ibuande i kvar enkelt av oss og kan ikkje bli tatt frå ein. Som medlem av det norske samfunnet

i dag er dei grunnleggjande rettigheitene garantert av staten, uansett kva folk tykkjer om ein. Livstruande situasjonar, som kjem av fornærmingar og hemn, er i ein verdigheitskultur ikkje lenger relevant. Det er staten sitt rettsapparat sitt ansvar å løyse slike konfliktar. I ei innsamlingsundersøking der dei rangerte 101 land etter kor sterk dei er prega av æreskulturelle normer, der 1. plass var mest prega og 101. plass var minst prega, kom Noreg på nest siste plass; nummer 100, berre Sverige scorar lågare. (Friberg & Bjørnset, 2019, s. 25-26). Dette vil altså seie at Noreg i dag er på topp 3 av dei 101 landa som har tatt mest avstand frå tidlegare æreskulturelle verdiar.

På 1800-talet då Noreg endeleg hadde blitt sin eigen stat og befolkninga var med på å skape fellesskap i det norske samfunn, låg Pakistan framleis under britisk styre. Frå midten av 1800-talet og framover styrka britane undertrykkinga av muslimar i det indiske riket etter at dei fekk skulda for opprøret som leia til den første uavhengighetskrigen. Dette hadde derimot motsette resultat enn det som planen var, tankar om ein eigen muslimsk stat vart no vekkja. I 1947 vart Pakistan ein sjølvstendig stat og fekk sin første statssjef, og i 1973 fekk landet grunnlov. På det økonomiske området står Pakistan ovanfor store utfordringar. Dette er konsekvens av svak politisk stabilitet, sviktande energitilfang og høg sikkerheitsrisiko. Som generelt ført til lave offentlege budsjett. I dei seinare åra har det blitt lagt vekt på skulegang for jenter i landet. I 2015 vart pakistanske myndigheter under eit internasjonalt toppmøte i Oslo oppfordra til å forsterke si innsats for utdanning, då særleg med vekt på jenter sine behov. Landet har altså vore gjennom si eiga utviklingsprosess sidan det vart ein eigen stat. Det er i denne utviklingsprosessen og generelt kulturforskjellar at ein ser skilnadene mellom Noreg og Pakistan.

Eit tema som gjennom *Frihetens Øyeblick* står sentralt er «ære». Denne «æra» kan ein også finne i *Amtmannens Døtre*. «Æreskulturen» er det motsette av «verdigheitskulturen» og er eit resultat av eit samfunn som manglar ein sterk sentral statsmakt og eit effektivt voldsmonopol. «Æreskulturer preges gjerne av respekt for tradisjon og autoritet.» (Basáñez & Inglehart 2015, sitert i Friberg & Bjørnset, 2019, s. 25). Denne kulturen kjem difor ikkje av ytre makter, men støttar seg på det å ha eit godt namn. Mistar ein æra si skal det mykje til for å byggje den opp att, sidan dette ikkje er noko ein har, men noko ein får av andre. Tvangsekteskapet som Abida går inn i vart gjort for å oppretthalde den æra som vart mista i familien sitt namn. Dette er heilt vanleg å gjere i ein æreskultur. I *Amtmannens Døtre* er ikkje dette æressystemet nødvendigvis like framtredande. I motsetning til Abida hadde ikkje Sofie, eller forfattaren

Camilla Collett, moglegheita til å samanlikne to kulturar opp mot kvarandre på same måte, i alle fall ikkje to kulturar som opererer så ulikt. Sofie sin kvardag var for mange ei sjølvfølge; dei hadde ikkje mange døme på korleis den kunne sjå ut elles. I samfunnskritikken som ligg i bakgrunn av romanen vert òg kulturen på denne tida kritisert. Åreskuluren og kritikken bak æreskulurane vert i begge bøkene difor svært relevant.

2.5 Fridom og fridomsomgrepet

Fridom er eit stort omgrep som tar føre seg mange område. Som sitert i innleiingskapittelet kan ein definere fridom slik: «Frihet er fravær (inkludert overvinnelse) av begrensninger når vi handler. Ufrihet kan tilsvarende defineres som tilstedeværelsen av begrensninger når vi handler.» (Aakvaag, 2013, s. 44). Ein annan definisjon på omgrepet er den av Knut Erik Tranøy, Trond Olav Svendsen og Dag Einar Thorsen (2022); «Frihet er en tilstand av suverenitet eller selvstyre for et individ, en gruppe individer eller et politisk system.» Det begge desse definisjonane meiner er at fridom er moglegheita til å bestemme over eige liv. Fridom er det motsette av å vere kontrollert, tvungen, hindra og herska over. I det norske samfunnet forbinder vi fridom med fleirtalsdemokrati der allmenn stemmerett er realiteten og idealet. Individuell sjølvråderett og utfalding er her svært sentralt. Dette er derimot ikkje tilfelle i alle deler av verda. For fleire land er fridom knytt til sosiale og økonomiske rettigheter, slik som fridom frå naud, svolt, fattigdom og arbeidslause. Noreg er i følgje Tranøy, Svendsen og Thorsen i stor grad forbi det stadiet der desse områda framleis er samfunnsproblem (Tranøy, Svendsen & Thorsen, 2022).

10. desember 1948 vart det vedteke og kunngjort ei verdserklæring om menneskerettigheter, dette som ein reaksjon på verdskrigen og dei menneskerettighetene som då vart brote. «Alle mennesker er født frie og med samme menneskeverd og menneskerettigheter.» (FN, 1948). Slik startar Artikkel 1 i denne erklæringa. Alle har rett på same behandling og fridom til å bestemme sjølve. Fridom er ikkje berre eit ideal, men òg ein menneskerett. Mangel på fridom vil difor vere eit brot på dei rettighetene ein har som eit medlem av eit samfunn. Mangelen på ein så sentral del av det å leve kan gi ei kjensle av tafatheit som fører til at ein stiller seg spørsmål ved eiga eksistens. Kvifor skal ein leve eit liv der ein ikkje har kontroll over eiga framtid? Og lever ein i så tilfelle då sitt eige liv? Mangel på fridom har for mange kvinner opp gjennom tidene vore vanleg. Det er på grunn av dette vrangsynet på det kvinnelege kjønn at «kvinnebevegelsen» tok sin plass i historia. Idear om at kvinnen sine interesser og rettigheter

burde vere likestilt med mannen sine førte til at ho byrja å kjempe for ein betre framtid. Denne kampen har ført til at begge kjønn no i dag skal stå likestilte i det norske samfunnet. Trass i denne kampen om likestilling er det framleis kvinner som opplever urett der mangel på fridom er hovudproblemet.

Noko som vert relevant å diskutere her er forskjellen på fridom *til* og fridom *frå*. Dette er ein måte å dele omgrepene inn i positiv; fridom til, og negativ: fridom frå. «Positiv frihet handler altså om å spesifisere hva som må være positivt nærværende, og ikke kun negativt fraværende, for at vi skal være fri.» (Aakvaag, 2013, s. 347). Ein har fridom *til* å vere den ein vil, fridom *til* å leve det livet ein vil. I samtalen om fridom er det ofte lett å fokusere på den negative sida av omgrepene. Ein har fridom *frå* svolt, fridom *frå* fattigdom og arbeidslause. Negativ fridom legg vekt på andre menneske sine inngrep i liva våre, kva som må vere fråverande, for at vi skal vere frie.

Ein ser her at dette òg kan knytast opp til individuell og kollektiv fridom. Sidan «handling» er ei åtferd som berre skjer hjå enkeltpersonar argumenterer Aakvaag for at fridom er ei kjensle ein berre kan føle som individ, då i bokstavleg forstand (Aakvaag, 2013, s. 46). Han gjer det deretter klart at individualisme oppstår i eit samfunn som er bygd opp på sosiale strukturer, som inneberer at i eit godt fungerande samfunn vil dei positive sidene med dette samfunnet ikkje vere grunna i individ, men i samfunnet i seg sjølv. Men samtidig er dette kollektive samfunnet bygd opp på måten handlingane til individua er organisert på. «Dette kan lett gi inntrykk av at det finnes en styrende kollektiv bevissthet bak det som skjer,» (Aakvaag, 2013, s. 49). Aakvaag gjer det deretter klart at fridomens individualisme inneberer at dei som sit på den sosiale scenen er individuelle kvinner og menn, ikkje strukturer, grupper, institusjonar, klassar eller sosiale system. Eit samfunn kan difor ikkje vere fritt i bokstavleg form. Det største argumentet for kollektiv fridom er at den høgste og mest sanne forma for menneskeleg fridom er å underkaste seg fellesskapet, fordi det er den som skapar historie (Aakvaag, 2013, 49). Det vil seie at individet må «smelte saman» med fellesskapet og utføre dei sosiale pliktene og oppgåvene sine. Slik dette viser er det altså ein endeløyse med fram og tilbake når det gjelder individuell og kollektiv fridom.

I *Amtmannens Døtre og Frihetens Øyeblikk* er den kollektive fridomen i hovudfokus. Det er denne som i større og mindre grad vert kritisert, fordi det er den som har ført til at Abida og Sofie begge må underkaste seg ideologiar og utføre dei pliktane dei er forventa. Det er altså

den kollektive «fridomen» som har ført til at Sofie og dei ho representerer, og Abida og dei ho representerer, manglar fridomen til å vere den dei vil vere og leve det livet dei vil.

2.6 Feministisk og kritisk teori

I skulane i dag er kritisk tenking kring elevane ein ferdigheit som skal utviklast. Denne er blitt så viktig at den òg har fått ein plass i lærarplanverket, der eit av kompetansemåla i norsk etter 10.trinn poengterer at elevane skal kunne bruke kjelder på ein kritisk måte. Elevane må kritisk evaluere om kjelda dei bruker er påliteleg (Kunnskapsdepartementet, 2019). Eit anna kompetansemål fortel at elevane skal samanlikne og tolke forskjellege typar litteratur utifrå historisk kontekst og eiga samtid, og sjølv om kritisk teori ikkje vert nemnd her, ligg det botnen for forventningane som vert lagt i dette målet. I *Kritisk teori i litteraturundervisningen* av Tatjana Kielland Samoilow og Per Esben Myren-Svelstad vert det skrive at den kritiske teorien kan støtte opp under undervisning i tverrfaglege tema slik som identitet, politiske prosesser og moralske dilemmaer (2020, s. 13). Å øve seg i kritiske lesemåtar bidreg til å utvikle lesarens kritiske sans. Dessutan kan tekstar få meir tyding og relevans for elevane om dei vert arbeida med på ein slik måte. For å få dette til må ein gjere det klart for elevane at tekstar ikkje nødvendigvis berre er ord på ei side, men at desse orda tyder noko meir. At alle desse individua ein møter i dei konstruerte universa eksisterer som ein utforsking av den verda vi allereie lever i og den tilstanden vi er i. Altså er ikkje tekstar ei framstilling av verkelegheita slik den er, men at dei har preg på verkelegheita er sjølvsagt. På denne måten kan ein seie at slike representasjonar alltid er politiske og difor samfunnsaktuelle, noko som over lengre tid no har vore eit politisk og samfunnsaktuelt tema er den feministiske teorien.

To perspektiv som knyt seg saman med kvarandre er den feministiske og den kritiske teorien. Det vil seie at kritisk teori ligg i den feministiske teorien, men den feministiske teorien ligg ikkje i forklaringa av kritisk teori, den er ein del av den. Kritisk lesing av skjønnlitterære tekstar er både ein politisk og estetisk oppleveling. Med dette meiner eg at ein ikkje skal berre bruke eit verk på å leite etter politiske aspekt eller søke etter stader i teksten som står fram som partiske, men òg ta litteraturen på alvor som eit estetisk objekt. Kritisk teori angår difor både politiske tolkingar men òg analyse av den estetiske forma, altså språklege særpreg i teksten. Denne type teori kan vere med på å kaste lys over samanhengar mellom tekst og omverda frå fleire ulike sider og ulike tolkingar av tekster. (Samoilow & Myren-Svelstad, 2020, s. 14-17). I møtet mellom *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* og desse teoriane

vil eg leggje hovudvekt på feminismen som utvikling av rettigheter, fritt val av ektefelle og økonomisk sjølvstendigheit. I tillegg til dette vil den litterære feminismen, der feministiske litteraturkritikarar har vore opptatt av det å omskrive litteraturhistoria, revidere kanon og så vidare vere sentralt, då spesielt med tanke på Camilla Collett, som sjølv var litteraturkritikar. Den kritiske tilnærminga til tekst vil av denne grunn vere eit godt verktøy i skulen i diskusjonen av desse verka.

Den feministiske teorien er ein kritikk av korleis kvinner har blitt behandla annleis enn mannen. «Feministisk teori er kritisk teori: feministisk kritikk er derfor nødvendigvis politisk.» (Moi, 2002, s. 252). Dette er slik Moi forklarar den feministiske teorien, som ein kritisk-politisk kjønnstilnærming. Dette finn ein òg att i andre forklaringar av omgrepet; «Feminismen danner utgangspunktet for alle andre kritiske og teoretiske tilnærmingar til kjønn.» (Samoilow & Myren-Svelstad, 2020, s. 60). Samoilow og Myren-Svelstad presenterer deretter tre grunnleggande bestanddelar innan feminismen;

1. Kritikk av misogyni, som dreier seg om ein kritikk av samfunnets forakt for kvinner, og patriarkatet, menns sosiale og politiske dominans.
2. Ein overtyding om at kvinners stilling i samfunnet kan forandrast.
3. Ein kjønnsbasert gruppeidentitet, som inneberer at feministar snakkar for kvinner som gruppe.

Denne breie definisjonen viser difor at omgrepet dekker mange sider ved samfunnet. Desse type tankar har vore rundt i fleire hundre år, men ein fullt utvikla feministisk tenking og aktivisme er ganske ny. I Noreg var ein litt seinare ute med markeringa av kvinnesakskvinner enn i andre delar av Europa, der nokre skilde seg ut mot slutten av 1800-talet. Litteratur frå denne perioden, midten av 1800-talet og utover, vert mykje brukt i skulen, og kan med fordel lesast ved hjelp av kritisk teori. «Både Colletts *Amtmandens Døtre* [1854/55], Ibsens *Et Dukkehjem* [1879] og Skrams «*Karens Jul*» [1885] tematiserer kvinnens posisjon i ekteskapet og at den tradisjonelle morsrollen hindrer livsutfoldelse.» (Samoilow & Myren-Svelstad, 2020, s. 61). Samoilow og Myren-Svelstad brukar her *Amtannens Døtre* som døme på litteratur som stilte spørsmål ved kvinna si skjebne, noko som viser viktigheita boka har innan den norske feministiske utviklinga. Noko anna dette sitatet viser er korleis den feministiske rørsla starta i form av skjønnlitteratur, der kvinnene fekk uttrykt og vist seg i karakterane og historiene dei fann opp. Med tanke på korleis forfattarskapet ikkje var ein velkommen plass for kvinner på denne tida var det å i det heile tatt skrive romanar og historier slik som nemnd ovanfor eit opprør mot den kvinnelege skjebnen. Dette ser ein i bodskapen Camilla Collett

gav i tekstane sine. Kritikken hennar mot den kvinnelege «rolla» eller «skjebnen» var hennar måte å gjere opprør på. Det var med denne litterære feminismen ho ville omskrive litteraturhistoria.

Vidare i utviklinga av den feministiske tenkinga og aktivismen vart filosofar slik som Simone de Beauvoir svært viktige. Feministiske tankar var ikkje lenger berre fiktive karakterar frå ein fiktiv verden, dei vart no omgjort til forsking der kvinnene no hadde større rom å uttrykkje seg i. Beauvoir var ein av dei første til å formulere ei analyse av korleis kjønn, då meir bestemt kvinnerolla, er ein sosial konstruksjon, og at «kvinne» er ei rolle som menneske av hokjønn vert pressa inn i av samfunnet. Desse type tankar er ikkje Beauvoir åleine i. Litteraturvitar og professor Toril Moi stiller seg einig i mykje av det Beauvoir har koment med. «Istedenfor å snakke om biologisk og sosialt kjønn fortrekker jeg derfor å snakke om kropper og subjektivitet.» (Moi, 1998, s. 163). Slik uttrykkjer Moi seg om ideen bak den feministiske teorien. Det ho viser til her er korleis relasjonen mellom kropp og subjektivitet er contingent, relasjonen er logisk mogleg men ikkje nødvendig. I den feministiske teorien er kvinnen si kropp mykje nemnd. Dette i den form at kroppen vår tar oss gjennom livet, har vi ein sunn og frisk kropp, vil erfaringane våre vere svært annleis enn ei som ikkje har det.

Skal ein ta desse tankane inn i ein diskusjon om kvinnen si skjebne vil ein difor sjå at den kvinnelege kroppen vert dytta inn i ei rolle som ho ikkje nødvendigvis vil sjå seg sjølv i. Skal ein samanlikne dette med *Amtmannens Døtre* kan ein sjå likskapar mellom Sofie og resten av kvinnene i forteljinga med denne kvinnelege «rolla» eller «skjebnen». Samfunnet har forventingar til dei som dei må halde seg til om dei ikkje vil bli utstøytte. I tillegg til dette ser ein korleis det å dytte kvinnen inn i ei slik rolle tærer på den kroppen ho har. I *Frihetens Øyeblick* kan ein trass i skilnaden finne likskapar med det å bli sett i ei kvinneleg rolle. Slik som Sofie og systrene hennar vert Abida tvungen inn i eit liv ho sjølv ikkje ser seg i. Denne type tankegang, at alle kvinner har ei og same skjebne, er ikkje ny.

Slik Simone de Beauvoir (1949/2000) skriv om kva postulat alle psykoanalytikarar har til felles, vert alle kvinner leia til same skjebne. Kvinnen identifiserer seg på ein infantil og barnsleg måte med far sin og ho føler ein mindreverdigheitskjensle ovanfor mannen. Denne ubevisste tankegangen gir kvinnen alternativa om anten å stå fast på sitt sjølvstende eller å finne ei lukkeleg utgåve av seg sjølv ved å underkaste seg kjærleiken. Vel kvinnen sitt eige sjølvstende, kan dette føre til ei spenning som igjen kan føre til psykiske lidingar, men denne

måten vil òg kunne føre til ein fridomskjensle for den det gjeld. Vel ho den andre vegen, å underkaste seg kjærleiken, vil ho derimot ta inn ei nokså passiv rolle i sitt eige liv. Denne vegen, som i mange tilfelle vil bli den lettaste, vert gjort enklare for kvinna av den grunn at ho allereie har ein kjærleik for far sin, og det er denne kjærleiken ho leiter etter i ein komande elskar eller ektemann. Seinare vil ho bli lønna av moderskapet som difor vil gi henne ein annan slags sjølvstendigheit. (De Beauvoir, 1949/2000, s. 86). Denne skjebnen er noko Beauvoir stod i mot. Ho meinte at kvinna er meir enn si eiga skjebne, meir enn den rolla kroppen hennar vert dytta inn i. Om ein skal ein samanlikne dette med situasjonar der kvinna ikkje har noko val, slik som Sofie og Abida, er det mogleg at dette kan stemme. Spørsmålet vert heller om ikkje kvinna har hatt for lite og seie i eigne livsavkjørsler som har gjort at «skjebnen» hennar har blitt ein av desse to? Anten underkaste seg ein tilsynelatande lukkeleg kjærleik eller finne fridom i å stå på eigne bein – som begge kan føre til ulukke.

3. Komparativ analyse

I dette kapittelet vil analysane av bøkene *Amtmannens Døtre* (1879/2013) og *Frihetens øyeblikk* (2022) bli presentert. Målet med analysen er å sjå korleis fridom for kvinna vert framstilt i bøkene og kople dette opp til teorien presentert i førre kapittel. Bøkene er annleis i sjanger og form, der *Amtmannens Døtre* er ein roman og *Frihetens øyeblikk* er ein biografi. Fridomsframstillinga vil difor syna seg ulikt.

Med ein komparativ analyse vil det vere interessant å sjå på likskapar og skilnader i fridomsuttrykket i kvar bok og samanlikne og drøfte desse funna. På denne måten kan ein sjå om det finnast noko samanliknbart frå to bøker som i utgangspunktet er vidt ulike. Dette kapittelet vil difor leggje vekt på likskapar og skilnader i bøkene og kva dei kan ha å seie for dei ulike historiene. Funna vil drøftast i lys av det som vart presentert i innleiings- og teorikapitela.

3.1 Anonymisering og tittel

Båe *Amtmannens Døtre* (1879/2013) og *Frihetens Øyeblikk* (2022) var planlagt å bli gitt ut anonymt. Anonymisering av forfattarnamn har ei lang historie bak seg. I 150 år gamle bøker og eldre verk brukte kvinnelege forfattarar det ein kallar pseudonym, andre namn, helst mannlege, for å oppnå noko med forfattarskapen sin. I dag er dette mindre vanleg, men for nokon, av same og andre grunnar, brukast det ikkje alltid riktig namn.

3.1.1 Anonymitet skapte tryggleik og mogleheter

Førstedelen av *Amtmannens Døtre* vart faktisk publisert anonymt i 1854. Men kvifor vart dette valet gjort? På denne tida skulle ikkje kvinner skrive, det var ikkje passande. Forfattaryrket var eit mannsyrke, slik som alle yrker utafor husmorsoppgåvane var. Ei kvinneleg forfattar skapte difor sterke reaksjonar. Det vart derimot fort kjend kven som hadde skrive boka, og namnet hennar vart etterkvart trykt. Etter Camilla Collett ga ut bok i sitt eige namn følgde fleire kvinner etter, slik Aasen skriv det; «Flere kvinner arbeidet parallellt eller fulgte etter henne, frå forsiktig anonymitet til offentlighet i 1880-årene.» (Aasen, 1986, s. 69). Vidare på sida skriv Aasen at tre kvinner spesielt skilde seg ut frå mengda. Det var Camilla Collett, Magdalene Thoresen og Aasta Hansteen. Det desse tre hadde felles var at dei braut med kvinnerolla på denne tida. Det Aasen legg i dette er at Collett og Thoresen var begge enker i nesten 50 år utan å gifte seg på nytt, og Hansteen var ugift. Kan ein då seie at desse

kvinnene fekk ein fridom dei ikkje hadde hatt om ein mann var involvert? Eg vil kanskje seie ja, grunna det faktum at Collett ikkje ga ut *Amtmannens Døtre* før etter at mannen hennar gjekk bort.

Som nemnd frårådde ektemannen til Collett, Peter Jonas, å gi ut ei bok med denne tematikken. Collett var glad i mannen sin; utifrå det vi veit i dag levde dei eit fint liv saman, han var dessutan den som oppmuntra ho til forfattarskapet; «Han forstod tydeligvis det uvanlige ved henne, og stimulerte henne til å skrive.» (Aasen, 1986, s. 71). Ein kan utifrå dette forstå at Peter Jonas var ein god mann, då han ikkje hindra kona si i å gjere det ho ville og trengte å gjere. Men det tar ikkje bort frå det faktum at Collett sin forfattarskap blomstra i enkeåra hennar. Dette kan sjølvsagt ha fleire grunnar: ein av dei kan vere det at Camilla Collett ikkje ville gjere liva deira vanskelegare ved å komme med «uvanlege» utsegn. Dette er noko Collett sjølv har fortalt at var ein realitet; «Våre dannede, forhold, påstod han, var ennå i gjæringsstilstand, de hadde ikke avsatt seg til noe, hvorpå en roman sikkert kunne bygges.» (Steen, 1985, s. 68), Peter Jonas var redd ei bok som *Amtmannens Døtre* ville utstøyte dei frå det samfunnet dei levde i. Ein anna grunn kan vere at ho vart «tvungen» til å skrive for å ha råd til å leve sidan pensjonen ikkje strakk til (Aasen, 1986, s. 71). Det vi i dag veit derimot, er at Collett vart eit forebilete for kvinnelege forfattarar grunna valet sitt om å ikkje anonymisere seg, og dette starta ein dominoeffekt for kvinnelege forfattarar i Norden.

Bakgrunnen for at *Frihetens Øyeblikk* (2022) vart planlagt publisert anonymt var annleis enn Collett og dei kvinnelege medforfattarane hennar sine. Som nemnd var og er det i Abida sitt tilfelle usikkerheit rundt tryggleiken hennar, fordi det var uvisst korleis familien hennar ville reagere. På grunn av dette frårådde politiet ho om å gi ut historia si. «Historien om Abidas liv skulle egentlig komme ut i 2017, som en anonym historie. Hennes familiehistorie var imidlertid for gjenkjennelig, og det ble umulig.» (Høydal, 2022, s. 241). I tillegg til dette er det vanskeleg å halde seg anonym når broren er ein viktig person innan norsk politikk. Abida Raja var, slik som Camilla Collett òg, for identifiserbar. Boka til Abida var difor eit «anten-eller»-tilfelle; anten publisere boka med namn eller ikkje publisere i det heile tatt. Det tok eit par år frå boka var ferdig første gong, til den vart publisert. Alt var framleis veldig nytt for ho på denne tida; skilsmissa med Karan var nettopp gått gjennom, og ho hadde nett starta etablering av sitt eige liv. Ho kjende seg difor ikkje klar til å publisere. Det tok tre år å få livet på stell att, og no ville ikkje Abida vere usynleg. To og eit halvt år seinare vart historia

publisert. (Høydal, 2022, s. 241-242). Historia var bidraget hennar i håp om at den kan hjelpe andre i liknande situasjoner. Dette var «sanningas augneblink» for ho.

3.1.2 Ein tittel av verdi

Tittelen på boka *Frihetens Øyeblikk* er ein referanse til Jens Bjørneboe sin bok av same tittel frå 1966. «Efter sannhetens øyeblikk kommer frihetens øyeblikk.» (Jens Bjørneboe, 1966, sitert av Høydal, 2022, s. 6), som Høydal har sett som motto til boka, er eit sitat lånt frå boka til Jens Bjørneboe. Romanen til Bjørneboe handlar kort forklart om korleis menneske er villig til å underkaste seg ideologiar og utføre vondre handlingar uansett om ein har eit val eller ikkje. Det er ein stor parallel mellom Bjørneboe sin *Frihetens Øyeblikk* og Høydal sin biografi om Abida Raja. Abida sin historie handlar trass alt om korleis foreldra hennar og andre slektingar underkastar seg dei pakistanske ære-ideologiane sjølv om det skjer gjennom vondre handlingar. Det er tydeleg at Høydal har brukt Bjørneboe som inspirasjon, då hovudbodskapen i romanen frå 1966 kjem fram i det han skriv om. Han kjem med eit reelt døme på menneske som utfører vondre handlingar trass i at dei veit det ikkje er ideelt.

Abida har i løpet av oppsedinga si stilt fleire spørsmål om korleis foreldra hennar opererer. «Hvordan kunne hun gjøre det mot sitt eget barn?» (Høydal, 2022, s. 14), spør Abida. Når ho ser tilbake på den første reisa hennar til Pakistan forstår ho ikkje korleis mora hennar kunne sende ho vekk på denne måten. Dette er eit tema som både implisitt og eksplisitt vert stilt gjennom heile boka: korleis kunne foreldra hennar sette ho i slike vondre situasjoner med intensjonen at det dei gjorde var nødvendig og greitt? Det kan vere vanskeleg å forstå kva motiv foreldra til Abida hadde, det er vanskeleg å forstå korleis foreldre kan sette barna sine gjennom vanskelege situasjoner som enkelt kunne vore unngått. Det ein må hugse på, er at foreldra til Abida er vaks opp i eit land med andre ideologiar enn det vi i dag har i Norden. Som nemnd i teorikapittelet av oppgåva har Noreg og Pakistan ulike kulturar, som vil seie at landa opererer ulikt, både på eit økonomisk og politisk plan, men òg i forventningar og verdiar. I Pakistan er ære ein viktig del av kulturen som i stor grad styrer kva ein skal og ikkje skal gjere, medan i Noreg skal ein vere verdig uansett kva ein vel å gjere. Når ein, slik som Abida, har vekse opp i to så vidt forskjelle kulturar, kan det vere enklare å kome til ein konklusjon på kva som er greitt og ikkje. I Abida sitt tilfelle hadde ho moglegheita på å samanlikne livet sitt med dei norske barna ho gjekk på skule med, andre norsk-pakistanske døtrer og brørne sine. Mogleg var det dette som gjorde at ho kjende på eit opprør inne i seg og til slutt valde å få ei bok skrive om opplevelingane sine. I tillegg til det Abida sjølv har fortalt:

Jeg har et sterkt håp om at et liv i frihet er mulig for mange flere. [...] Et første skritt på veien til forandring må være at vi begynner å snakke sant om de ulykkelige ekteskapene og synet vårt på kvinner. Denne boka er mitt bidrag. (Høydal, 2022, s. 254).

Dette er altså Abida sitt «sannhetens øyeblikk» (Høydal, 2022, s. 6), og er det som må til for at ho kan føle seg heilt fri til å leve sitt eige liv. Ho har valt å bryte seg laus frå livet der kvinna må underkaste seg mannen og ideologiane frå den pakistanske slekta hennar.

Kan Jens Bjørneboe sitt sitat passe med *Amtmannens Døtre*? Det er mange likskapar mellom Abida og Sofie sine historier og kulturane dei er i. Dette er på den andre sida eit døme på skilnadane mellom jentene. Sida kvinnna ikkje skulle uttrykkje seg om kjenslene sine, hadde ho ikkje moglegheit til eit «sanningas augeblink». Hadde ho eitt av desse augneblinka var det dessutan ikkje mykje som kunne bli gjort med det. Ho risikerte då å øydeleggje for si eiga framtid. Kvinnna skulle bli gift, det var hennar livsoppgåve. Som nemnt var det ein håplaus situasjon for ei embetsdotter å bli verande ugift. Ho fekk ikkje arbeide, så det å forsørge seg sjølv var ikkje eit alternativ. Sofie og systrene hennar enda alle opp i ulukkelege ekteskap. I teorien kunne dette vore unngått om dei stått opp for seg sjølv, men dei vart stoppa grunna forventingane og ideologiane som var på den tida. Det var nettopp desse ideologiane Collett kritiserte; ei kvinne burde vere like fri som mannen i å kunne gi uttrykk for kjenslene sine ovanfor den ho elskar. Det å tvinge eine parten av kjærleiken inn i ein emosjonell passivitet gjer den meiningslaus, og kva er vitsen med å sitje inne med alle kjenslene sine? Det var her Collett nytta Sofie til å eksperimentere, eller vise lesaren, kva som kunne skje om ei kvinne uttrykte kjenslene sine. Det var Sofie som først fortalte Kold kva ho følte for han, men då ho overhøyrdde og misforstod ein samtale mellom han og Müller, slo den strenge oppsedinga mor hennar hadde gitt ho inn. Sofie innsåg at ho hadde brote «det første bud i kvinnelighetens strenge lov» (Steen, 1985, s. 72) og ho skamma seg av å ha røpt seg først. Som nemnd ville Camilla Collett «innsette følelsen i sine rettigheter» (Steen, 1985, s. 70), og ville med forteljinga si vise kor mykje skade det kan gjere å vere fanga i ein kjærleikslaus kjærleik med nokon. Kvinnna burde i likskap med mannen kunne uttrykkje dei kjenslene ho sit på, og med det sette dei i sin rettigheit, så sjølv om Sofie og systrene hennar ikkje hadde eit «sanningas augeblink til fridomens augeblink», var dette forfattaren sitt bidrag til alle kvinner sin fridom. Collett sitt bidrag var vellukka, då ho vert rekna som Noregs første kvinnedaksforkjempar.

3.2 Samfunnets forventingar til kvinnene i bøkene

Båe *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* er svært prega av dei forventingane samfunnet har og har hatt til kvinner. Trass i at handlingane i bøkene er skriven med omrent 150 år i mellom seg, fins det fleire likskapar mellom skjebnen til Sofie og Abida. I Simone de Beauvoir si bok *Det annet kjønn* byrjar kapittel 1 slik: «Kvinnen? Det er da enkelt, sier de som liker enkle formuleringar: hun er en livmor og eggstokker, hun er et hundyr: disse ordene er nok til å definere henne.» (de Beauvoir, 2000, s. 21). Denne definisjonen på kva ei kvinne baserer seg på hennar biologiske føresetnadar og sperrar ho inne i det som er hennar kjønn. Sofie og Abida er begge fanga i desse føresetnadane og forventningane samfunnet deira har til dei. På Sofie si tid var det nettopp desse biologiske tankane rundt kvinna som stod sentralt; ho skulle bli gift og få barn, noko anna var utenkeleg. Trass i at Abida si historie byrjar 150 år etter Sofie si, ser ein at desse tankane framleis er relevante.

3.2.1 Kvinna si skjebne er å gifte seg og halde huset i stand for mannen

Som presentert i teoridelen av oppgåva kan ein konkludere med at alle kvinner har same skjebne (De Beauvoir, 1949/2000, s. 86). Dette i form av at dei vala ho gjer vil vere prega av det samfunnet ho lever i. Eit samfunn har sine skikkar og seder som avgjer ikkje-biologiske handlingar, det vil seie individua innanfor eit samfunn er aldri overlate til sin natur, dei lyder ein annan natur: vanene deira. Ein person, uansett kjønn, vil difor følgje dei vanane og rutinane samfunnet og ein sjølv har sett seg. Forventingar til seg sjølv og andre vil vere prega av miljøet rundt.

Sofie representerer skjebnen til fleire kvinner i si tid. Ho gjorde eit val basert på den fornufta som gjaldt då. Når ho vel å gifte seg med prost Rein, opnar det opp for moglegheiter ho ikkje ville hatt med Kold. Dessutan vert eit liv saman med prosten eit tilsynelatande trygt eit, då ho veit kva ho går til. Eit liv saman med Kold, der det er ein gjensidig tiltrekking mellom dei, er ein utrygg og uviss skjebne. Det er ikkje ein slik dynamikk ho sjølv er vand med, og den kan difor vere endå meir skummel. Seinare får lesaren òg vite at ekteskapet mellom systera til Sofie, Louise og Brøcher, som starta som ei kjærlekshistorie, enda slik som dei andre systrene sine historier enda: kjærleikslaust og fangande. Kva er det som seier at Sofie og Kold sitt liv ikkje hadde slutta slik den òg? I dag, når ein kan utforske meir når det gjeld kjærleiken, ser ein at forelskinga fort kan gå over. Om Sofie og Kold skulle hatt historia si satt i dagens moderne samfunn er det absolutt ikkje sikkert at dei hadde vart. Og ein kan difor ikkje seie

mykje om kor djupt denne tiltrekkinga mellom dei var. Kanskje var det berre ein overflatisk forelsking, eller var det kanskje meir i det, noko djupare?

Som prostinne vert Sofie dessutan sikra moglegheita til å leve eit nyttig liv. Det er nettopp dette livet ho ser for seg sjølv. Ho er ei som søker kunnskap, og som vil utvikle seg og vere noko meir enn den «tradisjonelle kvinnen». Ideen hennar om å bli noko nyttig er eit nokså håplaust ynskje for ei som ikkje er gift. Sofie står då ovanfor eit slags dilemma der ho må velje om ho skal stå på eigne bein og kjempe for ein unrealistisk draum, eller «ta den enkle vegen» og gifte seg utan kjærleik for å oppnå det hennar hjarte brenn for. Uansett kva val ho hadde tatt, måtte ho ha skyvd eit ynskje til sida for eit anna. Ho ender difor i eit ekteskap utan kjærleik, men samtidig har ho respekt for mannen sin. Ein kan kalle denne respekten ho har for mannen sin Sofies minstekrav til forholdet deira.

Sofie og mor hennar Marianne har to heilt ulike syn på skjebnane sine. Marianne er hemma av tida sine forventingar til kvinner. For ho skal ikkje ei kvinne ha eigne idear og meiningar. Deira oppgåve i livet er å gifte seg med ein respektabel mann, gjere livet hans komfortabelt, og få og oppdra barn. «Nettop da, nettop da! Å underkaste sig er den eneste redning for henne. Derfor kan man ikke nok innskjerpe en ung pike å legge bånd på sine følelser og om mulig utrydde dem i tide.» (Collett, 1879/2013, s. 174). Dette fortel Marianne til Kold i ein samtale mellom desse to, Sofie, Amalie og Edvard ein haustettermiddag på trappa ned til hagen. Her får lesaren ei god innsikt i kva tankegong Sofie og syskena hennar har vakse opp med og episoden kan òg vise til ein kontrast mellom familiemedlemmene som igjen viser til eit skilje i samfunnet. Med dette meiner eg at dei alle sit halvvegs inne, halvvegs ute, der livet inne på amtmannsgarden viser til fangenskapet den kvinnelege rolla kan gi, og hagen og livet ute viser til ein fridom og ei moglegheit. Marianne framstiller i dette tilfellet dei tradisjonelle tankane om ekteskap slik nemnd over, medan Sofie, Amalie og Kold framstiller «nye» tankar om eit friare liv. Her visast òg privilegiet til mannen. Kold kan utan bekymringar uttrykkje seg med meiningane sine, han treng ikkje vere redd for å seie i mot tankegongen til Marianne. På den andre sida har både Sofie og Amalie og deira to eldre systrer måtte halde det inne, og av denne grunn står dei som ein kontrast til Kold sine ord. Ei forelsking er for Marianne eit hinder ein må klatre over fortast mogleg, slik at ein kan gå vidare med livet, noko Kold er svært ueinig i. I løpet av oppsedinga får Sofie høyre at tørsta ho har på kunnskap ikkje er kvinneleg. Jenter har ikkje behov for å tenkje sjølv. Sofie og syskena hennar er, trass i Sofie sine hemmelege utsegn i dagboka om avsmaken hennar på fornuftekteskap, svært påverka av

det livet mor deira meiner er for dei, då altså med tanke på ekteskapa dei inngår. Dette merkar ein òg hjå bror deira Edvard.

Denne type tankegong vert referert fleire gonger i boka. Lorenz Brandt, ein av bipersonane, har på eit tidspunkt ein åleinesamtale med Sofie. Han har kjend på ein ømheit for ho sidan ho var eit barn og har trudd denne kjensla har vore gjensidig. På dette besøket, der Sofie verka svært ukomfortabel gjennom heile møtet, fortel han ho: «At du skal forene din skjebne med min, at du skal bli min redning, mitt håp, min støtte ... Jo, det mener eg ...» (Collett, 1879/2013, s. 138) og litt seinare «Du skal bli min ... O, Sofie, miskjenn ikke ditt kall! Hvad tror du en sådan engel er satt til her i verden uten å frelse de fortapte? Der er kvinnens bestemmelse å opofre sig.» (Collett, 1879/2013, s. 139). Utifrå det Brandt legg fram her kan lesaren tolke dette som eit dramatisk forsøk på å finne ein veg ut av si eiga einsamheit. Han brukar her ordet «kall», som er eit religiøst uttrykk, for å skildre skjebnen han meiner er Sofie sin og samanliknar ho med ein engel som er sendt til jorda for å frelse «dei fortapte». I denne samanheng er han ein fortapt. Kanskje dette er Collett sin måte å fortelje at religionen kan ha mykje å seie på kva posisjon kvenna har i samfunnet? Kanskje kritiserer ho at Bibelen har blitt tolka i den forstand at kvenna står under mannen? At eit kjønnshierarki har blitt til på grunn av religiøse skrifter? Og at Brandt her framstiller den sida av samfunnet som er villig til å bøyte seg for det religionen seier uansett korleis dette negativt påverkar livet til mange. Om det var Collett sin mening, i dette møtet mellom Sofie og Brandt veit vi ikkje, men at det kan tolkast slik er klart. Det er her det er tydeleg at *Frihetens Øyeblikk* frå 1966 av Jens Bjørneboe, som handlar om korleis menneske er villig til å underkaste seg ideologiar på kostnaden av andre kan peike på tankegongen om at kvenna skal underkaste seg mannen. Det er òg her Brandt bommar, fordi han prøver å overtale Sofie til å bli hans ved å fortelje at det er kvenna si oppgåve å ta vare på mannen sin: det er oppgåva hennar å bli redninga hans i livet. Dette er som allereie nemnd det livet og den skjebnen ho ynskjer å ta avstand frå.

Det er òg denne kvinnelege skjebnen ho, sidan ho var eit lite barn, har vore klar over. I «Fortsettelse av Sofies dagbok» står det; «Ved hvilken dunkel tilskikkelse blev mitt sinn så tidlig vakt til en betraktnign av livets alvorlige sider, til en dyp sorg, en angst over det vi kaller vår bestemmelse? – Vår bestemmelse er å *giftes*, ikke å bli lykkelige.» (Collett, 1879/2013, s. 90). Forventingane til kvenna på denne tida vart formidla til dei frå ung alder. Dei vaks opp og det var sjeldan spørsmål om korleis liva deira skulle utfalde seg. Det er denne innstillinga som vert kritisert i *Amtmannens Døtre*, dette både i form av skjebnane til

kvinnene nemnd i boka, men òg at det vert eksplisitt kritisert av Kold i ein diskusjon mellom han og amtmannskona Marianne. Etter Marianne fortel historia om Møllerup, ei gamal jomfru i bygda, stiller Kold seg kritisk til denne tankegongen, han meiner at det synet på ho har på ekteskap ikkje er bra.

Hvorfor må denne følelsen ikke møte vår, veilede den? Ja veilede, fordi den kvinnelige kjærlighet har et langt sikkere og dypere instinkt for den sjelelige harmoni enn vår. Det fører til lykke, ikke vårt. Eg kan ikke beundre denne kvinnelighet der setter sitt ideal i en passivitet, en stumhet, der nedverdiger dem til dukker og automater alle sammen. (Collett, 1879/2013, s. 174).

Lesaren forstår ut frå dette sitatet kva Kold meiner om ekteskapet. Denne samtalen mellom Marianne og Kold kan vere ei framstilling av dei same diskusjonane som oppstod på denne tida angåande giftarmål. På den eine sida, som er den meir tradisjonelle sida, meiner ekteskapet enkelt og greitt er ein transaksjon mellom to partar basert på fornuft og det kvar av dei kan gi kvarandre. Den andre sida, som på denne tida var nytenkande, stod for kjensler og kjærleik og moglegheita til å vere den ein er utan restriksjonane eit tradisjonelt ekteskap av fornuft kunne gi.

Eit spørsmål ein kan stille seg er om Kold sitt privilegium som mann hindra han i å sjå tryggleiken eit fornuftekteskap kunne gi kvinnen. Det vil ikkje tyde at Kold sitt syn på ekteskapet på nokon som helst måte er «feil», det er jo trass alt dette synet som gir kvinnen fridomen til å vere den ho er og er det kvinnesaksforkjemparar kjempa for. Men likevel kan ein seie at Kold sin innstilling på det viser lite forståing for kvifor ekteskap vart gjort på denne måten og korleis Marianne i denne situasjonen kan sende døtrene sine inn i denne kjærleikslause tilstanden.

I dag kan ein fort seie at Marianne hadde lite forståing for døtrene sine, og at skjebnen deira kunne vore unngått hadde ho som mor hatt medkjensle for situasjonane døtrene finn seg i til slutt. Eg vil derimot argumentere mot dette. Amtmannskona si strenge opplæring, både av sine eigne foreldre, men òg ovanfor barna sine, vart gjort for å forsikre seg om at døtrene hennar hadde dei beste føresetnadane. Det var denne verda ho visste om, og det var slik ho sikra seg om tryggleiken til døtrene. Ein kan her sjå at desse strenge vala og forventingane ho hadde til barna sine vart gjort av kjærleik, fordi ho ville barna sine det beste. Dette vert på ein måte bevist i situasjonen mellom Amalie og Brøcher, der ho lar dei gifte seg trass i den interessa Rein har for Amalie, der prosten kunne gitt ho ei tryggare framtid. Foreldra vil barna sine

godt. Ved ein seinare anledning, ein samtale mellom Louise og Sofie, fortel Louise om saknet ho har etter far sin; «Vet du hvad jeg drømmer så ofte? At jeg sitter på hans kne, som i gamle dager, og kysser hans hender og hans grå hår, og hans øine ser så kjærlig på mig!» (Collett, 1879/2013, s. 272). Ho mimrar desperat tilbake til oppsedinga si, dette fordi ekteskapet mellom ho og Casper ikkje går så bra, og ho saknar tryggleiken ho hadde med far sin. Dette viser difor eit dotter-far-band av kjærleik som resten av søskensflokken truleg òg har. Den kan òg vise til ei forventning Louise hadde for den framtidige ektemannen sin. Den kjærleiken ho fekk av faren, mannen i sitt liv på den tida, var den ho ville ha frå ein ektemann, men som ho enda opp med å ikkje få. Dette kan ein kople opp til det som vart sagt i teoridelen, det Simone de Beauvoir var ueinig i, at skjebnen til ei kvinne er ei av to: bli verande ugift eller, som i dette tilfellet, leite etter ein farskjærleik i ektemannen sin. Amtmannsdøtrene her har tydeleg eit godt forhald til far sin. Dei har opplevd korleis det er å ha ein far som har vore til stades og vist omtanke for dei. Mogleg er det denne omtanken dei vil at dei framtidige barna deira skal kunne kjenne på. Og når Louise innrømmer at ho saknar denne farskjærleiken fordi Casper ikkje er som amtmannen, viser til at alternativa dei hadde ikkje var mange. Ho kjem difor alltid til å lengte tilbake til den tryggleiken hjå far sin.

3.2.2 Forventingar innan den pakistanske æreskulturen

Abida representerer ikkje berre seg sjølv men òg andre kvinner frå æreskulturar. Gjennom heile boka vert lesar kjend med Abida sine eigne meningar og tankar på dei forventningane som vert lagt fram for henne. Trass i at ho og hennar far og slekt er sterkt ueinig i korleis livet hennar skal utfalde seg, underkastar ho seg likevel far sin. Dette gjer ho av både respekt og frykt for kva han kan finne på å gjere viss ho ikkje følger dei ordre han gir. Dei gongene ho har gjort sine eigne val og stått på eigne bein har dette slått hardt ut over både ho sjølv men òg dei ho er glad i. Abida gjekk tidleg inn i den skjebnen nemnd ovanfor om korleis kvinna lever ein passiv rolle i sitt eige liv. I motsetnad til Sofie er dette ein veg Abida i større og mindre grad kjempar for å unngå, men på grunn av vald og frykt gjer dette det vanskeleg for henne. Ein kan diskutere og drøfte rundt fridomsomgrepet når det gjelder vala Abida gjer. Det er tydeleg at ho ikkje har følt seg fri eller trygg nok til å gjere dei vala ho sjølv vil, men ho har likevel hatt moglegheita til å bryte seg laus frå familien og starte på nytt. Ho har sjølv opplevd korleis det norske samfunnet opererer når det gjelder fridom til eigne val, mange av hennar eigne meningar og tankar kan ha blitt til etter observeringa av dette. Så kvifor braut ho ikkje kontakten med familien før alle dei vonde opplevingane starta? I løpet av lesinga forstår leseren at det aldri var så enkelt.

Fra samtalene med ungdommene i bydelen visste de tre i Feltarbeiderteamet hvilken kontroll familiene hadde over barna, og spesielt jentene. Lise visste hvilket umulig valg Abida hadde stått overfor: å være fanget resten av livet sammen med familien, eller være uten familien resten av livet. Totalt fangenskap eller totalt brudd. Verken Lise eller kollegene hennes kunne ta den avgjørelsen for henne. (Høydal, 2022, s. 45). Feltarbeidarteamet såg korleis eit slikt val ikkje ville vere enkelt for Abida. I tilfelle hennar hadde ho slik det er nemnd ovanfor, eitt av to val: eit liv i fangenskap eller brot frå familien, og med det alle ho var glad i.

I etterkant av den gongen Abida flykta, etter familien fekk greie på Aziz, fekk ho høyre skrekkhistorier om korleis Qayyum la skulda på mor hennar for flukta. Valdsepisodane som tidlegare hadde vore vonde nok i seg sjølv, hadde blitt større og verre enn det dei var før. Sinnet til far hennar var blitt meir eksplosivt enn tidlegare. Ho vart difor einig med slekta om å reise heim og igjen oppfylle dei forventningane slekta hadde til ho. Det var dette valet som gjorde at ho fall i den same fella mange kvinner før henne òg hadde gjort, inkludert Sofie: å inngå eit kjærleikslaust ekteskap. Med åra utvikla Abida eit stort sinne overfor Aziz. «Hvorfor skulle hun ennå elske en som hadde fått henne dømt til fangenskap?» (Høydal, 2022, s. 118). Ho la skylda på Aziz for den mangelen på fridom ho fekk i ekteskapet med Karan. Hadde det ikkje vore for han, hadde ho ikkje vore i den situasjonen. Det var dei tankane ho hadde då.

Denne aggressiviteten Abida møter med faren og seinare hjå ektemannen hennar er deira måte å skaffe seg og oppretthalde kontroll på. På grunn av kjønnsforskjellar og mannen sin tydelege autoritet over kvinna i æreskulturar vil fleire menn i slike kulturar føle på makt over kvinnene i liva deira. Dette valdelege autoritetsmønsteret er noko Abida har stilt seg spørjande til fleire gonger, og som ho seinare bryt seg ut av ved å skilje seg frå Karan. «Er det ikke mannen min som er den onde av oss, når han mishandler meg? Eller nekter jeg å adlyde Gud når jeg nekter å godta han som er gitt meg til ektemann? Er mannen min gitt meg av Gud?» (Høydal, 2022, s.121). I tillegg til dette bad ho til Gud om at ho skulle klare å elske mannen sin trass i at heile ho og heile kroppen hennar skreik i mot det. Det er dette valdelege handlingsmønsteret som står i spesiell kontrast til det norske samfunn i dag, altså normene og verdiane i ein verdigheitskultur. Ved eit sitat frå *Det annet kjønn* av Simone de Beauvoir (1949/2000) ser ein at slike tankar ikkje er nye i dagens samfunn:

Hvis sed og skikk sier – slik som hos enkelte indianerstammer – at det er de unge pikene som velger seg ektemann eller hvis det er faren som treffer avgjørelsen om

ekteskap, gir ikkemannens seksuelle aggressivitet ham noen handlingsrett eller noe privilegium. (De Beauvoir, s. 80).

Beauvoir påpeikar her at den seksuelle aggressiviteten, som i dette tilfellet Abida opplever med ektemannen hennar, ikkje er noko mannen i samfunnet har verken rett på eller privilegium av å utføre på andre. Denne boka, som vart skriven omrent 30 år før Abida si historie byrja, tar opp nettopp dette som på denne tida var eit syn ein tok meir og meir avstand frå. Den motstanden Abida sjølv er vakse opp med av å ha vore ein del av det norske systemet kan ha vore den som til slutt har redda ho frå ein skjebne som mora.

Gjennom livshistoria hennar har Abida fleire gonger samanlikna seg med dei rundt seg. I eit besøk Abida får av Lise frå Feltarbeidarteamet to år etter det første møtet hennar med sosialarbeidaren skjer nettopp ei slik samanlikning: «Lise var blitt tjueni år. Hun var en ung sosialarbeider som skulle få sitt første barn fem år senere. Abida var en mor med et etablert hjem, 20 år gammel.» (Høydal, 2022, s. 102). Her vert det gjort samanlikningar mellom ei som gjennom livet sitt har hatt fridom nok til å velje sjølv og ei som ikkje har levd i same privilegium. Dette viser kontrasten mellom Abida og Lise, der Abida kan representer konsekvensane av ein æreskultur, mangel på fridom og Pakistanske normer, medan Lise kan representera den norske verdigheitskulturen og all den fridom denne gir.

3.3 Kjærleikslause kjærteikn

Kjærteikn er noko som for mange symboliserer positive kjensler og kjærleik mellom to personar. Er ein glad i nokon vil eit oppmuntrande kjærteikn, som eit forsiktig stryk over kinnet eller ein enkel klem, vise glede som eksisterer mellom personane det gjelder. I eit forhold vil partane ofte vise kjærleiken sin for kvarandre gjennom slike handlingar. Dette er derimot eit motiv som gjennom både *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* viser seg å vere ukomfortable møter for Sofie og Abida.

3.3.1 Sofie sitt hat på kjærteikn og det dei representerer

Sofie, som har uttrykt seg om hatet ho føler for Casper, deira tidlegare huslærar, kjenner på vemjing når ho ser Casper sine kjærteikn for systera hennar Louise.

Når jeg så Casper vise Louise kjærtegn, forekom det mig at hun led en offentlig beskjemmelse. Jeg kunde ikke tåle det; jeg opprørtes på min stakkels søsters vegne;

jeg kunde ikke holde det ut inne i huset, men skjulte mig i skogen og i grotten.
(Collett, 1879/2013, s. 92).

Ein kan utifrå dette sitatet frå dagboka hennar kjenne Sofie sin desperasjon ovanfor Louise sin skjebne. Vidare i dette utdraget fortel ho om vigsla deira og dei eigne ynskja hennar om at det skulle skje eit underverk som kunne forhindre giftarmålet. Det at systera hennar var så «forunderlig fattet» (Collett, 1879/2013, s. 92) trass i ekteskapet utan kjærleik og vørtnad som ho inngjekk, smerta Sofie meir enn det gleda ho. Dette, i tillegg til det faktum at Sofie i utgangspunktet sterkt mislikte Casper for haldningane hans ovanfor mor og systrene hennar og generelt synet hans på kvinner og plassen deira i samfunnet, gjorde kjærteikna kvalmande. Det å vitne desse kjærleikslause kjærteikna mellom Casper og Louise gav Sofie stor forviling. Ho følte for systera si, som i Sofie sine auge vart nedverdiga av desse kjærteikna. Mogleg kunne desse representere Casper si rolle som mannen, og dermed «overhovudet» i forholdet. Sidan Louise skulle bli kona hans, eigendelen hans, hadde han dermed all rett på å kunne stryke så mykje på ho som han sjølv ville. Og sidan kvinne på denne tida ikkje kunne seie i mot utan å bli fråstøytt frå ein økonomisk trygg framtid, kunne ikkje Louise gjere mykje anna enn å stå i det. Kjærteikna kan her representere ein ubalanse mellom mannen og kvinna. Denne ubalansen er nettopp det som Collett ved denne forteljinga kritiserte. Desse kjærteikna, der den eine er aktiv og har makta og den andre er passiv og må ta imot, kan difor vere ei synedote på maktbalansen og fangenskapet som mange kvinner på denne tida opplevde i desse kjærleikslause ekteskapa.

3.3.2 Kjærleikslause kjærteikn viser ein ubalanse mellom kjønna

For Abida vert det eksplisitt forklart at kjærteikn ikkje er noko ho sjølv er vand med frå eiga barndom. Dette gjerast klart for lesaren av boka då Abida er heime hjå foreldra sine med barna sine Maria og Jawad.

Hvorfor holder du på sånn? Må du kline og kysse på dem hele tiden? Det er ikke sånn man skal være, sa moren. Hun var ikke vant til kroppskontakt mellom seg og barna. Hun klemte ikke Abida. De satt ikke inntil hverandre. Mot sine egne barn forsøkte Abida å være annerledes. (Høydal, 2022, s. 108).

Hania, mor til Abida, viser irritasjon over korleis dottera hennar oppfører seg med barn sine. Abida har derimot kjend på frå eigne opplevelingar at dette er eit punkt ho vil gjere det anngleis enn mor hennar gjorde det. Lesaren kan tolke dette som Abida sitt forsøk på å eksplisitt vise barna hennar den kjærleiken ho har for dei. Dei kjærteikna ho viser for barna sine er fylt av kjærleiken ho føler for dei. Dette står i motsetning til ho og barnefaren Karan. «Han strøk på

henne. Hun kjente kroppen reagere på de fremmede hendene med frykt og vemmelse». (Høydal, 2022, s. 75). I byrjinga av ekteskapet mellom desse to reagerte Abida sterkt på kjærteikna dei delte. På kveldstid då begge låg i same seng strauk Karan på kroppen hennar, «slik man skulle når man var gift.» (Høydal, 2022, s. 75). Ho kjende på ei fortviling for kvelden kvar dag og grua seg til natta. Ho visste at det ikkje var slik det skulle vere og samanlikna Karan med forelskinga Aziz. Mellom ho og Aziz hadde kjærteikna tyda noko annleis og fint, slik det var no var berre ukomfortabelt og ubehageleg. Dette tydar på at ho ikkje hadde noko seksuell eller fysisk tiltrekking til den framtidige barnefar hennar. Kjærleik er noko Abida aldri skulle ende opp med å kjenne mellom seg sjølv og Karan. Men etter kvart som åra gjekk vart ho meir vand til kjærteikna han gav ho som ho var nøydd å ta imot. Ein kan tolke det som at Abida byggja seg ein mur for å halde ut. Og sjølv om denne muren hjelpte ho gjennom tøffe situasjonar og vonde opplevingar heldt den ho òg fanga. Den kjensla av fangenskap som vert nemnd i avsnittet om Sofie og systera hennar kan samanliknast med den Abida sjølv følte her. Ho hadde, i likskap med kvinner på Camilla Collett si tid, ikkje mykje ho kunne gjere for å stå opp for seg sjølv. Kjærteikna Karan viste Abida vil i likskap med dei Casper viste Louise representere makta mannen sit på og dermed symbolisere ubalansen mellom kjønna i begge historiene.

3.4 Kjensla av å vere stengt inne

Sofie og Abida har begge følt på kjensla av å vere innestengt. Dei er på kvar si måte stengt inne i dei forventningane og reglane dei står ovanfor. Av denne grunn har begge trengt tryggleikslassar der dei kan vere seg sjølve den vesle stunda dei oppheld seg der. Reisene, både store og små, har difor større tyding for jentene, det er ved desse dei får ein smak av verda utafor og korleis livet kan sjå ut.

3.4.1 Ein tryggleikslass og håp om fridom: grotten, vaskerommet og bilen

Leilegheita i Iladalen vart for Abida eit slags fengsel. Denne kjensla står som ein kontrast til andre karakterar i forteljinga. På ungdomsskulen vart Abida kjend med Amina. Amina var i likskap med Abida av pakistansk opphav: desse to hadde same utgangspunkt. Abida reflekterer sjølv over korleis Amina var alt ho ikkje var. Ho kunne uttale seg slik ho ville, ho hadde venar og fekk gå i norske klede. Far hennar var streng, men han slo ikkje. Dette er vel å merke den oppfatninga Abida sjølv har av Amina. For Abida var Amina fri. Det er ikkje sikkert det var sånn for Amina derimot. Sidan vi ikkje får vite så mykje anna om ho enn det

Abida ser, kan det vere meir under overflaten. I æreskulturer kan vald ofte oppstre mellom menn og kvinner. Eit døme på det bortsett frå dei som vert presentert i *Frihetens Øyeblikk* er i boka *Izzat: for ærens skyld* av Nasim Karin. Her vert ein kjend med Noreen og familien hennar som fram til slutten av ungdomsskulen hadde hatt eit veldig fint forhold med far sin, ho hadde vore «øyenstenen» hans (Karin, 1996). Då han byrja å bli valdeleg kom dette difor som eit sjokk på Noreen.

Sjølv reiste Abida heim og følte seg stengt inne i ei verd ho ikkje hørde heime. «De holdt henne innesperret i leiligheten [...]. Ytterdøren låste hun med begge låsene og tok med seg nøklene, så Abida ikke skulle komme seg ut. Det ble skolestart, men Abida ble holdt hjemme.» (Høydal, 2022, s. 48). Leilegheita symboliserer mangel på fridom. Ein heim skal vere ein trygg plass. Det skal vere ein plass der ein kan slappe av og gi slipp på det som tynger ein ned. For Abida var dette motsett. For ho var ikkje leilegheita ein trygg heim. Dette var ein plass der ho måtte gå inn i ei rolle ho sjølv ikkje hadde vald. Her er Abida og Sofie like. Dei er begge fanga i sine eigne verd. Sofie har livet sitt hjå familien sin på amtmannsgarden. Det er her livet hennar har utfalda seg.

Slik denne garden vert skildra oppheld den seg «i eit av landet sine nordlege regionar» (Collett, 1879/2013, s. 9). Plassen vert òg skildra som ei lita bygd, noko som peikar til ein ganske øde tilstand. Noko begge bökene rettar merksemd mot er reisemotivet, som av grunnar nemnd ovanfor vert ein viktig del av forteljingane.

Båe Sofie og Abida tar viktige reiser i løpet av sine liv. Alle desse stadane dei reiser til har stor tyding for den personen dei ender opp med å bli. For Sofie er hennar barndomsturar til grotten eit symbol på fridom. «Grotten» er ein fjellformasjon, ei hole, Sofie finn i løpet av ein tur som lita jente. Grotten hadde stor tyding for Sofie allereie etter første møtet. Denne første reisa til grotten var for Sofie eit eventyr. Dette eventyret tok føre seg ein vanskeleg og gjengrodd veg, som gjorde hennar reise dit ein smule avansert. Hjartet hennar banka hardt, ein blanding av frykt og spenning, men likevel var det noko som drog ho framover. Etter det som kjentest som ein evigheit, var ho framme med det som seinare skulle bli tilfluktsplassen hennar og ein vesentleg knyting til hennar skjebne. Ho kjende på ein eufori av kjensler. Kold skildrar grotten som Sofie sin kjæraste opphaldsstad og «verneting» (Collett, 1879/2013, s. 30). Grotten som vernetning kan tolkast som den plassen Sofie føler seg trygg. Det var her Sofie var fri nok til å slappe av. Grotten var hennar stad; «Sofie hadde nu engang et slags

eiendomsrett dertil» (Collett, 1879/2013, s. 30), altså var dette hennar rettmessige fluktplass. Trass i nysgjerrigheita si respekterte Kold det stille ynskje om fridom frå å vere ein amtmannsdotter Sofie hadde på sine turar dit. Grotten er derimot ikkje berre ein lokalitet, den er eit symbol på Sofie si skjebne.

Slik Aarnes (1966) skreiv i sin artikkel «Grotte-symbolet i Camilla Colletts «Amtmandens Døttre»» symboliserer grotten eit motsetnadsforhold til amtmannsgarden. Dette kjem til syne utifrå den sin geografiske plassering og naturforholda i og omkring den. Ei elv ligg mellom Sofie sin barneheim og grotten. Skiljet elva laga kan symbolisere skiljet mellom fangenskap og fridom, der amtmannsgardssida representerer den førstnemnde og grottesida den sistnemnde. Ved å trakke over elva opplever Sofie ein fridom. Denne staden representerer ein villare natur enn den ho er kjend med i amtmannsfamiliens hage. Her får naturlege plantar vekse, i motsetnad til i hagen der valde plantar får bu. Naturen her symboliserer ein fridom Sofie ikkje har i barndomsheimen sin, her kan ho vere seg sjølv utan ansvaret som ligg på det å vere ei kvinne i embetsstanden. Heime er Sofie ein annan: «sjenert, sky og forskremt sitter hun som i bur innenfor de trange, konvensjonelle grenser fru Ramm trekker opp for en veloppdragen, ung pikes livsutfoldelse.» (Aarnes, 1966, s 196). Oppdagninga hennar av grotten vert derimot ikkje tatt godt i mot av dei på amtmannsgarden, tvert i mot vert ho straffa for reisa si dit og ho forstår ikkje kvifor. Denne vonde overraskinga sit igjen med ho for resten av livet som driver ho inn i ein isolasjon. Dette viser seg i reaksjonane hennar når ho møter på andre ved grotten. Grotten er som ein «liten lukket verden» for Sofie (Collett, 1879/2013, s. 60), noko som representerer hennar eige sinn, som lukka seg etter straffa ho opplevde. Den som tråkker inn i grotten tråkker òg inn i hennar sinn. Det å ta ein reise til grotten med nokon andre kan difor samanliknast med at Sofie opnar sitt sinn, sin eigentlege person, med den det måtte gjelde. Kold forstår at ho identifiserer seg med denne plassen og vel difor å halde avstand derfrå. Seinare då han byrjar å bli fengsla av Sofie veks nysgjerrigheita hans for grotten, han merkar det at om han skal forstå seg på Sofie og bli kjend med den personen ho er så vil grotten kunne gi han informasjon om ho. Altså ser òg Kold linjene mellom Sofie sin identitet og grotten. Dette vert bekrefta fleire gonger, eit døme på dette er då Lorentz Brandt ved ein seinare anledning overraska Sofie ved grotten. Han hadde sendt bod på ho og lata som det var mor hennar som forventa at ho skulle komme til grotten; «Hvor er mor? ... Har De lokket mig her ned? ... Det er avskyelig!» (Collett, 1879/2013, s. 182). Sofie vart sjokka og ukomfortabel av møtet. Brandt prøvde å overtyde ho om å ta handa hans, men dette ville ikkje Sofie. Kold kom då og redda ho ut av grotten og vekk frå Brandt. Sofie slo armane rundt Kold

og sa då: «O slipp mig ikkje, slipp mig ikkje!» og møtet mellom dei enda i eit kyss. Det var etter dette Kold og Sofie hadde ein open samtale om kjenslene sine og låg i kvarandre sine armer. Denne situasjonen er i seg sjølv eit symbol. Den symboliserer Sofie sin overgang frå barndom til vaksenlivet og viser korleis det var kjærleiken for Kold som byrja denne, det var altså Kold som fekk ho ut av barndommen sine trygge rammer.

Denne grotten kan samanliknast med vaskerommet i kjellaren i Iladalen og seinare bilen til Abida Raja. For mange vil det å vaske klede vere ein kjedeleg kvardagsoppgåve som må gjerast, kanskje noko mange gruar seg til. Kanskje fleire òg synast klesvasken er ein slags fangande rengjeringsoppgåve, nettopp fordi den ikkje kan bli ungått. For andre kan dette vere ein oppgåve som ikkje vert lagt mange tankar bak. For Abida var dette derimot motsett. Vaskerommet var for ho ein tilfluktslass. Verda var ikkje stor for Abida då ho budde i Iladalen med foreldra og syskena sine. «Abida visste at Oslo var en storby, men det falt henne aldri inn å dra andre steder enn utenfor Iladalen og området til og frå skolen.» (Høydal, 2022, s. 32). Verda utanfor vart ganske uvesentleg for ho. Reisene hennar får desto større tyding. I dette tilfelle vert det då vaskerommet. Her kunne ho lese bøkene ho hadde lånt på biblioteket medan foreldra hennar trudde ho vaska og strauk klede. Det var òg via vaskerommet Abida såg ein sjanse på fridom den gongen ho flykta heimanfrå. Seinare, då ho var gift med barn, brukte ho framleis vaskerommet som ein tilfluktslass, vel å merke var det eit nytt vaskerom, det som høyrde til den kommunale leilegheita ho og Karan leide i lag.

Hun satt timesvis i kjelleren. Når Karan kom hjem, halte Abida ned dit [...]. Når hun merket han ønsket sex, gikk hun ned i kjelleren. Hun tok med seg skittentøyet og satte seg i vaskerommet mens vasken ble ren og tørr. [...]. Hvis det var andre i vaskerommet, satte hun seg i boden. (Høydal, 2022, s. 103).

Denne tryggleiksplassen kan difor vere eit slags symbol på fridom. Det var her ho kunne flykte om ho trengte ein pause frå den fangande kvardagen. Berre dette seier ganske mykje om kvinnesynet mange hadde og framleis har i dag. I likskap med det som vert sagt i *Amtmannens Døtre*, om at kvinna skal holde huset i stand for mannen, er det i fleire pakistanske familiar i dag òg slik. Det at Abida følte ein tryggleik med vaskerommet var fordi det var heilt utenkeleg at Karan skulle komme innom der. Dette var rommet hennar, sidan dette rommet var eine og åleine ein plass for husarbeid. Då paret fekk bil bytta ho tilfluktslass til denne. Sofie og Abida trengte begge av ulike og like grunnar ein plass der dei kunne sleppe unna dei forventingane dei stod ovanfor. For Sofie var det altså grotten, for Abida var dette vaskerommet og bilen.

3.4.2 Reiser som utfordra synet på livet

Dei tok derimot ikkje berre slike «korte» reiser. Turane til og frå Pakistan var med på å skape Abida til den ho er. I Noreg observerte ho og lærde av sine venar korleis ein typisk norsk heim kunne sjå ut og kva forventingar som vart sett til desse barna. Hjå slektingane i Mohri Sharif lærde ho korleis ei pakistansk jente skulle oppføre seg. Etter å ha budd så lenge hjå familien sin i Pakistan var det difor ein omfattande omvelting å skulle flytte tilbake til Norden igjen. Her måtte ho igjen tilpassa seg omgjevnadane.

Sofie si reise til København kan samanliknast med Abida sine reiser til Pakistan. Eit vesentleg aspekt ved Sofie si reise er derimot det at ho sjølv ville reise for å tileigne seg meir kunnskap, her hadde Abida i motsetning lite val. Dessutan skildrar Sofie Danmarksopphaldet som ein lettare tilstand. I ein samtale mellom ho og Kold fortel ho han:

De kan også vanskelig gjøre Dem en idé om hvor forskjellig livet arter sig der nede mot her. Tilværelsen forekommer mig der lettere, sorgløsere, mere overfladisk; man er mere fornøid med sig sjølv og sin neste, og man tar allting på en mindre besværlig måte ... Når man er kjed av dagens byrde, griper man med usvekket lyst etter fornøielser. Man har lyst til alt, man har tid til alt ... men her ...». (Collett, 1879/2013, s. 129).

Sofie hadde fått eit bra inntrykk av Danmark og lengta tilbake til denne «sorglause» og frie tida. Heime følte ho på ansvaret og dei strenge forventingane det var til ho. Dette er ulikt frå opplevelingane til Abida Raja, der ho kjende på fangenskapet både i Mohri Sharif og Iladalen. Det var strenge forventingar til ho begge plassar, og ansvaret var like mykje.

På den andre sida kan ein likevel trekkje likskapar mellom desse reisene. Nøyaktig kor langt oppe i nord Sofie og familien hennar bur er ikkje godt å seie, men at det vert poengert at det er ganske øde vert gjort klart. På denne tida var ei slik reise krevjande. Dette fordi reisa i seg sjølv ville tatt fleire dagar. På denne måten kan ein seie at avstanden Noreg-Pakistan i dag og Amtmannsgarden-København den gong kan likne. Reisemålet i seg sjølv er difor ikkje den einaste utviklingsprosessen som vert gjort via ei slik reise. For Sofie vil den gi ho moglegheita og tid til å tenkje over kva nye inntrykk ho vil oppleve på framreisa og reflektere over kva kunnskap ho har tileigna seg på tilbakereisa. Denne reisinga vil difor vere ei god refleksjons- og utviklingsgang. På Abida si første reise til Pakistan var undringa og forvirringa dei kjenslene som var mest framtredande. Ved seinare reiser visste ho derimot kva ho gjekk til, så

dei flyturane ga henne sjansen til å mentalt forberede seg til det komande, ei liknande «stille før stormen»-oppleveling. Desse kan òg representere den kulturelle avstanden det finst her. At den lange reisa mellom Noreg og Pakistan kan vise til dei store skilnadane mellom den norske og den pakistanske kulturen. Dette kan ein òg seie for Sofie si reise, trass i at Noreg og Danmark ikkje er så ulike, ville ei slik reise på denne tida kunne vise store kulturforskjellar mellom landa.

Alle desse konkrete reisene begge jentene har tatt har hatt mykje å seie på kva type menneske dei har blitt. Sofie med tørsta si for ny kunnskap som ho seinare kan tilegne andre, og Abida sine eigne haldningars ovanfor kulturane ho er vekse opp i. Reisene deira gjennom livet er derimot òg ei viktig del å kommentere. Sofie gjekk frå å vere ei nysgjerrig og verdsinteressert jente med sterke meininger ovanfor fridomen og mangelen på fridomen kvinna har til å bli det ho store delar av oppsedinga stod i mot: ei kone gift på grunnlag av moglegheitene dette gir ho. Korleis har denne jenta med lysta si på fridom gått frå eit liv der grotten: eit fridomssymbol, har blitt bytta ut med eit symbol på fangenskap: fornuftekteskapet? Men hadde eigentleg Sofie moglegheita på denne tida til å gjøre det valet om eit friare liv? Utifrå det vi i dag veit om samfunnet på Sofie si tid er det lett å seie nei, dette er eit val Sofie ikkje hadde. Men hadde ho eigentleg levd eit friare liv med Kold? Hadde ikkje misforståinga mellom desse to skjedd, hadde Kold og Sofie gifta seg, så tydar det som nemnd ikkje at dei hadde blitt lukkelege av den grunn.

I forteljinga boka gir hadde dette blitt presentert som ein lukkeleg slutt. For lesaren kunne dette blitt ein representasjon av det eit kjærleiksfylt ekteskap gir. Men sjølv om forteljinga hadde tatt ei slik slutt er det ikkje garantert at Kold og Sofie ville blitt lukkelege. For ynskje til Sofie var eit friare liv med moglegheiter til å bli den ho ville vere, men det er ikkje ei sjølvfølge at dette er noko Kold kunne gi ho. Skulle ho gått inn i eit ekteskap med Kold, ville desse to hatt fleire forventingar til kvarandre enn det ho har til prost Rein. I fornuftekteskapet ho inngår har ho allereie forventingane klare, ho veit kva ho går til. Ho er klar over moglegheitene eit giftarmål med prosten gir ho og ho kan planleggje framtida si utifrå dette. Med Kold kunne dette blitt ein usikkerheit og ein usikker framtid for hennar eigne livsmål. Eit fornuftekteskap er nettopp det, eit fornuftig val, og i Sofie sitt tilfelle, kanskje var det dette ho trengte? Kanskje var det dette som skulle til for eit friare liv og eit liv ut av «fangenskapet»? Kanskje det var nettopp dette ho innsåg på den tida mellom misforståinga og Kold sin tilståing.

Livsreisa til Abida er på mange måtar òg basert på fornuft. Fleire av dei vala ho har gjort har skjedd på grunnlag av det som virka fornuftig utifrå dei alternativa situasjonen har gitt. Ved situasjonen om tvangsekteskapet hennar gjorde ho eit fornuftig val utifrå det ho på den tida visste. Når ho etterkvart innsåg at eit giftarmål med Karan var uuthaldeleg gjorde ho eit nytt fornuftig val; å flykte til sine slektingar i Mohri Sharif og seinare tilbake til Noreg. Når ektemannen då kom på eit fly etter stod ho igjen ovanfor valet om å kjempe for eiga frigjersle eller det fornuftige valet på denne tida, altså å flytte inn i lag og oppdra barnet/barna sine med mannen. Etter fleire år der ho berre har gjort val basert på den fornufta ho sjølv hadde vekse opp med gjer ho eit ufornuftig val: ei skilsmissa frå den valdelege og farlege ektemannen hennar. Etter eit heilt liv der menna i slekta hennar har bestemt over alle avgjersla hennar tar ho endeleg ein veg ho tidlegare berre har kunne drøymd om. Dette valet starta reisa hennar til fridom. Dette opna ei dør ut av fangenskapet.

Ein kan derimot drøfte rundt grad av fangenskap Abida har opplevd. Hadde foreldra til Abida og syskena hennar blitt i Pakistan og stifta familien sin der, hadde Abida då innsett sin tafattheit innanfor dei livsvala ho hadde stått ovanfor? Hadde ho ikkje opplevd korleis det norske samfunnet opererer når det gjelder ekteskap og retten til å velje sjølv, hadde ho då likevel følt seg innestengt og splitta i forventingane og meiningane sine? Om Abida berre hadde kjend det pakistanske samfunnet og den sine reglar hadde ho då kjend på svolten etter fridom? Hadde ho då innsett at autonomien hennar vart styrt av andre? Kanskje hadde ho det, kanskje hadde ho ikkje det. Eit aspekt som er sikkert derimot er at den tvilinga ho gjennom oppsedinga hennar og vidare i livet har opplevd er i stor grad tankar som har verte til på grunn av eigne observeringar av norske familiar og barn. Denne stadfestinga fekk ho òg av barn sine, då oppsedinga deira skjedde i det norske samfunnet: «Hvorfor lever du sånn som dette? Gå fra ham.» og «Det er ikke kjærlighet. Det er ingenting. Hvorfor lever du sånn? Hvorfor klarer du ikke å ta et valg?» (Høydal, 2022, s. 124-125). Maria, det eldste barnet hennar, prøvde å snakke med mor si fleire gonger om korleis ho er naud til å starte si eiga reise i livet, gjere eigne val. Seinare uttalte den yngste dottera hennar seg i same laget. Det tok kanskje lang tid for Abida å vere klar til å gjere ei slik reise på eigenhand, men ho klarte å gjere det vanskelege valet til slutt.

3.5 Dukkesymbolikk og samanlikning

I litteraturen har «dukka» ofte blitt symbolisert som perfeksjon. «Perfection is terrible, it cannot have children.» (Plath, 1963). Sylvia Plath har vore ei av mange som har brukt dukka, rettare sagt her; mannekeng, som metafor på standarden som er sett for den kvinnelege perfeksjonen. Med diktet sitt referer Plath til det livet kvenna lever og korleis dei vert oppfatta, då spesielt med tanke på den biologiske funksjonen dei har som mødrer. Denne perfekte rolla verda vil sette kvenna inn i kjem av det vonde og sterile og er ein fasade for å tilfredsstille mannen. Steriliteten kjem av det faktum at transformasjonen som skjer når ei kvenne får barn berre kan skje om ho ofrar perfeksjonen som er forventa. Mykje av dette kan ein samanlikne med bodskapen til Camilla Collett i *Amtmannens Døtre*, der forventningane til kvennene i boka er å vere det perfekte barnet og seinare den perfekte hustrua. I *Frihetens Øyeblick* kan ein òg finne spor av det å sette opp ei fasade på eit perfekt liv for at dei utafrå skal kunne sjå eit «dukkeliv».

I Henrik Ibsen sitt realistiske drama «Et dukkehjem» frå 1879 møter ein same tankegong. Skodespelet tar opp tema om kvenna si vanskelege posisjon i det borgarlege ekteskapet. Den tar opp undertrykkinga av kvenna som skjedde i samfunnet på denne tida. Tittelen seier då noko om den rolla hovudpersonen Nora har i heimen. Ho skal vere den perfekte hustrua ektemannen hennar forventar av ho. Ho skal vere som ei dukke. Igjen kan denne rolla samanliknast med Sofie og systrene hennar samt Abida og fleire av kvennene i *Frihetens Øyeblick*.

I eventyr har dukka òg fått ein plass. I det norske folkeeventyret «Dukken i gresset» som handlar om ein konge med tolv soner som skal ut i verda og finne seg koner, som alle skal kunne både spinne, veve og sy ei skjorte på ein dag, møter vi igjen ei dukke; «hun var pyntet og deilig å se på,» (Asbjørnsen & Moe, 1841/1987, s. 63). Askeladden spør om ho kan lage ei slik skjorte, ho gjer det, og ender opp med å vere den perfekte kona. «og er de ikke døde, så lever de ennå.» (Asbjørnsen & Moe, 1841/1987, s. 65). I dette tilfelle, slik som eventyr har ein tendens til å ende, så lever Askeladden og dukka lukkelege for resten av dagane sine. Men skal ein analysere dette så måtte dukka bevise seg som verdig for å bli kona hans, og etter det gå gjennom ein transformasjon for å bli ein ekte person – altså måtte ho snu livet opp ned for mannen sin. Dukka vert her ikkje berre eit symbol på ei perfekt kone, men òg eit bevis på den

kvinnelege fasaden som vert nemnd ovanfor. Det er denne fasaden ein ser igjen i *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk*.

3.5.1 Dukka Louise og barndommens død i *Amtmannens Døtre*

Eit ganske vesentleg symbol i *Amtmannens Døtre* er dukka til Sofie. Dette var ein voksdukke ho hadde fått av tanta si då ho fylte ti år. På grunn av likskapen mellom dukka og systera hennar kalla ho den Louise. Etter kvart identifiserte ho denne såpass med systera at alt som skjedde med Louise òg skulle skje med dukka. «Fikk Louise en ny kjole, skulde dukken ha akkurat en lignende.» (Collett, 1879/2013, s. 90). Denne vart deretter ein viktig del av Sofie sin fantasi. Ho held dukke-Louise trygg på den plassen som for ho var den finaste staden ho kunne tenkje seg, altså grotten. «Her satt den som en liten fortryllet prinsesse, skjult for verden, og ventet på den dag da lykken skulde komme og hente den.» (Collett, 1879/2013, s. 91). Denne dukka vart ein av Sofie sine mest dyrebare eigendelar. Sjølv om denne var ein representasjon av systera hennar såg ho mykje av seg sjølv i den. Ein kan på ein måte samanlikne denne leika med ein terapeut. Sofie kunne utan hemingar snakke gjennom dukke-Louise, alt ho hadde på hjartet, og på denne måten trøysta og ráda Sofie dukka gjennom det som var vanskeleg, og dermed hjelpte ho seg sjølv. Den hjelpte ho gjennom det ho ikkje kunne uttale høgt for dei personane rundt ho. Dukka vart difor ikkje berre eit symbol på Louise, men òg eit symbol på Sofie. Mogleg kan ein seie at Sofie ikkje berre såg seg sjølv i dukke-Louise, men òg i systera hennar Louise. Dukka foreinar på ein måte det gode frå fleire kantar.

Då Casper bad om Louise si hand tok Sofie dette svært tungt. Denne augeblinken skapte ein «ny» Sofie. Dette var ikkje berre Louise sin skjebne, den vart òg Sofie sin. For dukka er ikkje berre ein framstilling av systrene sin heilheit, den er meir konkret ein framstilling av barndommen deira. Den er eit sentralt symbol på korleis barndommen til Sofie tok slutt då barndommen til Louise tok slutt. I Sofie sine auger var dette samanliknbart med døden. «Hun skulde, hun måtte være død. En sådan nedverdigelse torde hun ikke overleve.» (Collett, 1879/2013, s. 92). Slik sitatet fortel var dukka no død. Etter bryllaupet mellom systera hennar og Casper gjekk Sofie til grotten der ho for siste gong såg dukke-Louise. Det fantast ikkje lengre fleire ord mellom desse to, så Sofie kledde på ho kvite klede og gravla ho. Her gjer Sofie sjølv koplingar mellom Louise og dukka då ho skriv om tårene ho fall som om «det kunde ha vært min syster.» (Collett, 1879/2013, s. 92). Ho sørga over det livet Louise no skulle leve, og ei interesse for livet som gamal jomfru vart vekkja. I forskjell frå tidlegare av

var ho no klar over det «barnlege» synet ho hadde på ekteskapet, men ho klandra likevel ikkje seg sjølv for det. Ho hadde òg innsett at dei sorgene og gledene ho no hadde ikkje lenger var dei ein finn i eit barn si verd, dei var no blitt større og meir tydingsfulle. Sidan Sofie hadde sett på Louise som eit forbilete vart difor tida etter vigselen ein tid for realisering.

3.5.2 Dukkesamanlikning i *Frihetens Øyeblikk*

Etter å ha lese *Amtmannens Døtre* og forstått seg på viktigheita bak symbolikken som dukka gir, vil ein lesar av *Frihetens Øyeblikk* kanskje leggje merke til ein samanlikning som vert gjort i eit besøk Abida får av sosialarbeidar Lise. To år etter Abida hadde oppsøkt hjelp hjå Feltarbeidarteamet av Bjørn, Lise og Karin fekk Lise høyre at den norsk-pakistanske jenta var komen tilbake til Noreg igjen. Lise møtte så Abida i den kommunale leilegheita ho delte med Karan. Då ho såg jenta såg ho ein ny person framfor seg; «ei redd, målbevisst jente på flukt frå familien» hadde no forvandla seg til ein «velkledd, velkomponert kvinne». «Stuen var pyntet med bamser, [...]. Som en liten dukke, tenkte Lise.» (Høydal, 2022, s. 102). Lise samanliknar her Abida med ei dukke. Denne samanlikninga kan tolkast frå fleire sider. På ein side kan kommentaren seie noko om korleis Abida vert framstilt som eit barn, at ho høyrer til i lag med desse bamsane, at den Abida er blitt representerer ein barndom som brått vart teken frå ho, men som ho endå ikkje føler seg ferdig med. Dette står i stor kontrast til det livet Abida no lever, som ei mor i ein etablert heim.

På den andre sida kan samanlikninga vise til ein overflatisk perfeksjon. Den kan symbolisere eit liv der Abida gjer alt for at ho og familien hennar skal virke ut som det perfekte resultatet. Dette tar form i løgner ho fortel naboar og venar, og sannheita ho vel å halde hemmeleg for resten av familien. Dette tar òg form i planlagde bilet og Facebook-innlegg for å vise internett den samansette familien hennar. «På Facebook var hun og Karan lykkelige.» (Høydal, 2022, s. 133). Det var etter eit møte med andre mødre at Abida byrja å leggje ut bilet av seg og familien sin der ei av dei hadde sagt: «De som aldri legger ut bilder av mannen sin, har det ikke bra hjemme. De er aldri sammen med mannen sin slik at de kan ta bilder. De vil ikke vise hvordan de virkelig har det hjemme» (Høydal, 2022, s. 133). Ho fekk barna sine til å ta bilet av seg og mannen sin. På biletta smilte dei inn i kameraet, etter det vart tatt forsvann smila og Abida følte seg død innvendig. Mykje av tida vart difor bruk til å sette opp ein perfekt front for familie og venar. Dette i tillegg til løgnene ho fortalte barnevernet og politiet når anten ho eller barna hadde fortalt dei om valden Karan påførte dei. Lise skildrar Abida som ei slåande vakker, velkomponert og velkledd kvinne, noko som kan

peike på ein perfeksjon Abida opprettheld trass i kaoset i heimen. Altså er skildringa Lise har av ho ein som gjenspeiler den versjonen Abida sjølv lar skinne.

3.6 Brørne si tyding

Båe *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* tar føre seg ein representasjon av korleis kjønna har og vert annleis behandla i kvardagen. Dette vert vist gjennom brørne i begge søskjenflokkane. Privilegiet til Edvard visast gjennom handlingane hans og orda han seier, der han blant anna kritiserer Sofie for tørsta hennar på kunnskap, og korleis han har ein haug med alternativ å velje mellom for livet sitt. I *Frihetens Øyeblikk* kjem denne forskjellbehandlinga fram i samanlikningar Abida gjer, blant anna i form av klede og forventingar sette til dei.

3.6.1 Amtmannssonens sitt privilegium

Georg Kold fekk beskjed av amtmannen då han var komen fram at Sofie skulle vere med i undervisninga; «Det er mitt ønske at hun deler formiddagstimene med Edvard.» (Collett, 1879/2013, s 15). Dette viser til at huslæraren Kold er ynskja her for å gi sonen i familien ei god utdanning. Sofie, på grunn av interessa si for kunnskap, vert inkludert i desse planane. Dette viser til forskjellane mellom syskena. Det er ein sjølvfølge at Edvard skal ha ei utdanning slik at han kan utdanne seg vidare, er denne perioden ein av dei få der Sofie har same moglegheit. Under same kommentar seier far til Sofie; «Her er kun liten anledning for henne til å lære noe, og vi har alltid hatt imot å sende våre barn bort.» (Collett, 1879/2013, s. 15). Det å gi yngste dottera si utdanning involverer det å sende ho vekk, noko familien står sterkt mot å gjere. For å gi Sofie same moglegheit som Edvard vil det krevje å gå imot det samfunnet på denne tida meinte var rett og riktig.

Som nemnd tidlegare var den norske kvinnen si oppgåve i livet å bli gift. Eit faktum ein difor kan drøfte er at far til Sofie gav dottera si dei mogleheitene han kunne gir. Kold skildrar amtmannen som ein «hjertengod, elskverdig mann.» (Collett, 1879/2013, s. 17). For Kold har han vist seg slik ved å ha tatt i mot huslæraren med opne armar. For Sofie vert dette derimot vist i form av mogleheitene han tileignar ho. På denne måten kan ein difor drøfte nettopp dette fridomsuttrykket boka gir. Sjølv om Sofie ikkje har fridomen til å bli den ho vil og gjere det ho vil, har ho likevel meir fridom enn mange andre på denne tida, fordi ho var ein del av embetsstanden. Dette står i kontrast til eit familieforhold Müller fortel Kold om på eit av sine besøk. Denne handlar om ei mor som «bokstavlig frister livet ved å tære på sine

døtres.» (Collett, 1879/2013, s. 20) i Müller sine eigne ord. Müller, som var forlova med denne dottera, Bolette, fortel om korleis mora hadde tviheldt om Bolette gjennom heile livet hennar og altså difor gjort hennar livsval for ho. Skal ein samanlikne Sofie med Bolette vil ein difor kunne seie at amtmannsdottera har hatt eit mykje friare liv. Kan ein då seie at fridom er det ein gjer det til? Ein kan i alle fall seie at spørsmålet om fridom ikkje er eit enkelt ja eller nei, men heller snakk om grad av eiga autonomi. I så tilfelle har bror til Sofie større grad av autonomi enn ho sjølv og systrene deira har.

Yngste barnet til Amtmann Ramm, Edvard, viser stillinga si i samfunnet ved kommentarar som dette: «Du behøver ikke å anstrengje dig med å lære noe slikt; Caspers sier at fruentimmer blott er skapt til å styre huset for mennene , og at man burde sette alle lærde damer i dårkisten.» (Collett, 1879/2013, s. 94). Sofie skulle låne ei bok av broren sin, og han forstår ikkje kvifor ho strevar etter lærdom sidan dette er noko kvinner på denne tida ikkje hadde bruk for. Han refererer tilbake til noko Casper fortalte han. Mange av dei syna Edvard har tileigna seg har komen av den førre huslæraren deira. Sofie, i eigne ord, hata Casper. I eit utdrag frå dagboka hennar, «fortsettelse av Sofies dagbok», skreiv Sofie: «Mot og mine søstre behandlet han alltid plumpt og uærbødig, og han skammet sig ikke ved å innprente i Edvard den grunnsetning at alle kvinner var et slags underordnede vesener; der ingen bedre behandling fortjente.» (Collett, 1879/2013, s. 91). Deretter forklarar ho korleis den snille lillebroren hennar hadde gått frå å vere ein fin gut til ein «tyrannisk» og «uartig» bror.

Eit spørsmål som har dukka opp under mi lesing av boka er om Edvard sjølv forstår kva grad av fridom han har i forhold til sine systrer. Frå eit skjønnlitterært perspektiv står Edvard i motsetning til systrene sine. Han vert posisjonert som eit symbol på den mannlege fridomen kjønnet hans opplevde på denne tida og vert difor stilt som ein stor kontrast til kvinnene rundt seg.

Samtalen blev plutselig avbrutt ved Edvard. Dette unge menneske var nettop i den uheldige overgang frå skoletvang til en frihet man ennu ikke forstår rett å håndheve, hvori man går op i alle mulige tendenser uten å fastholde en eneste, hvor man interesserer sig for allting og dog ikke vet å beskjeftige seg med noe. (Collett, 1879/2013, s. 168).

Der Marie, Louise, Amalie og Sofie er forventa å gifte seg, er Edvard forventa å utdanne seg. Han har, i likskap med systrene sine, forventingar sette til seg som eit medlem av eit samfunn, men det er her vala han har framfor seg som gir han ein fridom systrene hans berre kan

drøyme om. Slik som det står i sitatet over har Edvard så mange moglegheiter å velje mellom at han ikkje veit kva han skal velje. Han har så mange interesser at det er vanskeleg for han å skulle velje berre éin, han har altså «uendeleg» med alternativ. Dette står altså i stor kontrast til den skjebnen som vert lagt på kvinnene i livet hans, dei har to alternativ; bli gift eller bli ei «gamal jomfru». Her ville det vere eit naturleg val for dei fleste embetskvinner å gifte seg og dermed finne gleda i å kunne oppdra eigne barn. Med ei mor slik som amtmannsfrue Marianne, som meiner kjærleik er eit hinder, har difor liva til systrene til Edvard vore ein skjebne som for dei alltid har vore ein sjølvfølge. Vel å merke er det òg forventningar til han som mann. Dei skulle gifte seg og forsørge familien sin. Det å halde den framtidige familien sin økonomisk trygg var deira oppgåve. Det var den mannlege skjebnen.

I tillegg til kritiseringa av gamle jomfruer var det lite ære i vere ugift. I boka vert det fleire gonger nemnd historier om gamle jomfruer, kvar gong i negativt lys. Ein av desse gongene er det Edvard sjølv som gjer narr av livet som ugift. Han har kledd seg opp som jomfru Møllerup, ei gamal jomfru i bygda. «Hilst av de andres latter nærmet han sig neiende, idet han i gang og miner etterapet en gammel jomfru der i bygden.» (Collett, 1879/2013, s. 168). Etter dette fortel mora deirq om den tragiske historia til jomfrua, ho var ein gong den vakraste jenta på mils omkrets men på grunn av ei forelsking, eller slik som Marianne kalla det, «ein lidenskapeleg forvilling», gjekk det feil veg. Karoline Møllerup avslørte sine kjensler for mannen ho forelsa seg i, noko kvinna ikkje skulle gjere på denne tida, og vart av denne grunn støtt ut. Moralen i historia, og åtvaringa som låg bak, var nettopp det at kvinna sine kjensler ikkje skulle uttalast. Desse grenseoverskridingane kunne føre til eit liv i einsamheit. Dette viser til den håplause situasjonen ei kvinne kunne stå i, der dei i desse småforteljingane vert eksplisitt og implisitt vist i «riktig» retning, kjærleikslause ekteskap. Edvard, som viser at han ikkje har noko problem med å række ned på kvinnene som ender opp i denne skjebnen, representerer difor privilegiet han har og kan òg seie noko om medvita hans for den fridomen han har. Ein kan tolke dette som at han har lita forståing for ei gamal jomfru si skjebne og dermed ikkje nødvendigvis ser noko problem med det å gifte seg trass i at det er kjærleikslauast. Kanskje han rett og slett ikkje har tenkt noko på systrene sine skjebnar, noko som peiker tilbake på privilegiet hans, og som igjen peiker på at han ikkje har tenkt gjennom den graden han har av fridom i forskjell frå dei.

3.6.2 Abid: ein representant for fridomen?

I biografien til Abida Raja samanliknar ho seg og oppsedinga si ofte med brørne sine. Abida står som ei motsetnad til korleis brørne hennar har opplevd oppsedingane sine. I etterkant har broren hennar Abid sjølv reflektert over det vernet han hadde som Abida mangla; «Du er kvinne. Det er fremdeles en forskjell. Jeg har et ekstra vern, bare fordi jeg er mann.» (Steinkjer, 2022). Ein av dei første situasjonane der Abida sjølv reflekterer over forskjellsbehandlinga er då ho sit på vaskerommet og les ei bok; «Hun så tøyet som brødrene fikk gå i: vanlige norske plagg som alle andre gikk med. Hun så på sine egne klær og tenkte at hun så rar ut.» (Høydal, 2022, s. 38). Abid og Tadeen hadde eit val ho sjølv ikkje hadde, det å gå i typiske norske klede var for dei eit ubevisst kvardagsleg val. For Abida derimot var dette berre ein ynskjedraum. Ho måtte gå med pakistanske klede, trass i at desse ikkje heldt ho varm om vintrane. Ho følte seg på grunn av dette altfor synleg, ho ville ikkje skilje seg ut slik men ho hadde lite val over den situasjonen. Den eldste broren hennar, Tadeen, og foreldra deira skulle same sommar som Abida møtte Aziz reise til Pakistan for å finne han ei kone. Dette tydar derimot ikkje at Tadeen nødvendigvis fekk sin lukkelege slutt, det var jo òg forventa av han at han skulle finne seg ei å gifte seg med. Mens broren hennar skulle finne ei han skulle vere med for resten av livet, skulle Abida finne sin ynskja livspartner, som ikkje enda med å bli livspartnaren hennar. I følgje Qayyum var det brørne og sonene si oppgåve å redde familien si ære som Abida hadde brote. Faren sa til sonene sine at det var oppgåva deira å ta liv av Abida for situasjonen ho har sette familien i. Det var etter dette Abid tok sin flukt og braut sine knytingar til slekta. Abida sin flukt ende derimot i tvangsflytting til Pakistan igjen og deretter tvangsekteskap.

For Abida kan det virke som at broren hennar Abid vert ein representant for fridom. Han reiv seg laus frå familien sitt harde grep og skaffa seg eit liv på eigenhand. Han har trass i den traumatiske oppsedinga si blitt ein suksessfull norsk politikar og advokat. I tillegg til dette har han stifta si eiga familie med ei hans slekt ikkje godkjende. Det er ingen tvil om at Abid har gjennomgått ein vond barndom som framleis har sine spor. Han har sjølv sagt i eit intervju med VG at dei haldningane han er vakst opp med stod sterke i starten av giftarmålet sitt med Nadia, kona hans (Folkvord, 2021). På grunn av utdanninga hans og kona har han over tid derimot endra desse haldningane. Det er desse tankane Abid har kjend seg innestengt i, sjølv etter han braut med familien. «Jeg har ikke engang selv levd et fritt liv for det meste av mitt liv. Jeg har vært fanget av skyld og skam, og familien og den religiøse kulturen har satt sterke begrensinger på min levemåte.» (Robertsen, 2021). Han har vore fanga i eigne tankar og

kjensler. Den fridomen han har hatt etter flukta si har av denne grunn ikkje kjentest fri. Ein kan på dette samanlikne Abid og Abida. Dei har begge vore fanga i det livet dei lever på grunn av levemåten dei er vekst opp med. Trass i at dei var klar over korleis handlingane deira kunne såre andre, var dei ein stund likevel villige til å utføre dei, nettopp fordi oppsedinga deira hadde sagt at det var slik det skulle vere. Dette kan ein knyte tilbake til tittelen på boka og kva denne representerer: romanen til Bjørneboe handlar om korleis menneske er villig til å underkaste seg ideologiar og utføre vonde handlingar uansett om ein har eit val eller ikkje. Denne type tankegang er noko begge syskena har kjempa for å komme seg ut av, der Abid si løysing var kona og utdanninga han tok, medan Abida sin var barna og skilsmissa, på den måten at ho etter kvart byrja å tru på seg sjølv om kva som var rett og gale i situasjonen ho stod i.

3.7 Systrene sine forteljingar

Lesaren av *Amtmannens Døtre* forstår fort kva slags forhold Sofie har til ekteskap. Som tidlegare nemnd har ho vore innom tanken på å bli ei gamal jomfru, slik at ho slepp å gifte seg. For ho er det å gifte seg ein avslutning på det livet ein har levd fram til då. Ein får derimot lite innblikk i kva systrene hennar tenkjer, men ein kan likevel utifrå Sofies eigne oppfatningar forstå at det livet dei ender opp i ikkje var ønsket.

3.7.1 Marie og Broch

Giftarmålet er for Sofie ein avslutning på det livet ein har levd til då. Det er av denne grunn at ho samanliknar denne overgangen med døden. «Marie – der så tidleg skulde dø – blev først ofret; hun var den eldste.» (Collett, 1879/2013, s. 90). Den eldste systera hennar, som gifta seg med den første huslæraren deira, Broch, vart i Sofie sine eigne ord ofra først. Sofie var ganske ung då Marie og Broch gifta seg, men ho hugsar tilbake til deira delte latter over huslæraren. Han var den «sære, stive og utåelig pedantiske» (Collett, 1879/2013, s. 90) mannen dei gjorde narr av saman. Likevel gjorde Marie det valet å gifte seg med huslæraren då han ba om hennar hand. Sitatet ovanfor kan tolkast på to ulike måtar utifrå om ein vel å halde seg til ein abstrakt eller ein konkret tolking av det. «Marie - der så tidleg skulde dø» kan tolkast på den måten at ekteskapet tok livet av den tilstanden ho fram til då hadde levd i. Den konkrete tolkinga er at Marie døydde ung, og ho var først av systrene ut i livet som gift. Marie døydde berre tre år etter ekteskapet. Kan ho symbolisere denne døden Sofie samanliknar overgangen frå barndom til gift? Kan dette i det tilfelle seie noko om ekteskapet på denne tida?

At det å vere gift med ein så «sær, stiv og utåleleg pedant» som Broch tyda slutten for Marie? I så tilfelle kan ein seie at Maries ulukke var det som til slutt førte ho inn i døden. Om ein skal tolke døden hennar på denne måta vil det bli relevant å ta opp det Simone de Beauvoir og Toril Moi meinte, at kroppen vår er ein representasjon av den vi er i vårt indre, at det som skjer med kroppen vår påverkar den vi er. I Marie sitt tilfelle kan ein difor tolke det i den forstand at kroppen hennar ikkje tåla det tilværet ho hadde med Broch. Med melankolien vart kroppen hennar svak, og med det vart sinnet svakt. Ho mista meir og meir den ho var då ho var saman med han, og til slutt var ho ikkje meir.

3.7.2 Amalie og Brøcher

For Amalie kunne det virke som om det gjekk riktig veg. Ho vart forlova med ein mann ho trudde ho elskar. Ho hadde ein stund vore hemmeleg forlova med Brøcher. Dette kom fram då prost Rein ba om handa hennar og ho braut ut i gråt foran foreldra hennar i ein samtale i etterkant. «Her er ikke tale om å gjøre dig ulykkelig; ingen vil tvinge dig.» (Collett, 1879/2013, s. 151). Amtmannen fortel Amalie at det einaste målet deira er å gifte ho bort til ein bra mann, eg tolkar det som ein mann som kan gi ho ein trygg framtid der ho er økonomisk tatt vare på og i riktig sosial rang. Dette då at det neste amtmannen seier er at Brøcher ikkje er like framtredande som Rein men framleis eit greitt alternativ. Trass i at amtmannsfrua og mannen hennar helst ville sett dottera deira med ein som Rein, godtok dei forlovelsen og ekteskapet mellom Brøcher og amtmannsdottera. Lesaren får i slutten av boka vite at romantikken mellom Amalie og mannen hennar berre var midlertidig; «Amalies lånte romantikk har ikke holdt stand i forbindelse med Brøcher. Den hadde spørloyst tatt flukten [...]» (Collett, 1879/2013, s. 315). Altså var det ikkje ei sjølvfølge at dei ekteskapa som vart til av kjærleik ville fortsette i same spor, kvinne kunne likevel ende opp i kjærleikslause ekteskap. Ho var deretter fanga i den same skjebnen som mange andre, i dette tilfellet fann Amalie seg fanga i det same livet systrene hennar fann seg i.

3.7.3 Louise og Casper

Eit sårt punkt som hadde stor tyding for Sofie var giftamålet mellom systera hennar Louise og deira tidlegare huslærar Casper. «Ja, Louises skjebne har jeg tatt mig ganske anderledes nær. At hun kunde gjøre dette! Hvor jeg hatet denne Caspers...» (Collett, 1879/2013, s. 91). Sofie skildrar Casper som ein mann med ein «råheit» og innbilskheit som berre vart forsterka av dei ibuande eigenskapane i han. Han behandla kvinnene i familien respektlaust og hadde som det

står ovanfor eit syn på at kvenna berre eksisterer for å opphalde seg i heimen og gjere livet til mannen enklare. Ekteskapet mellom Casper og Louise er eit kjærleikslaust eit, dette i den forstand at Louise ikkje elskar han. Sjølv seier Louise til Sofie ved ein samtale at ho er ulukkeleg; «Vet du hvad *ulykke er?* [...] Se på mig. Husker du mig da eg var hjemme, Sofie? Du synes kanskje at jeg har forandret mig?». Louise går så vidare med å samanlikne sjela si før ekteskapet med ein kveiteåker som nettopp har spira og står der i full glans, med sjela hennar no; den same åkeren om hausten, då det same graset er kutta vekk. Louise representerer her den håplause situasjonen kvenna stod i på denne tida. Casper hadde gjort sitt val, han ville gifte seg med Louise, og på grunn av dei føresetnadane samfunnet og hennar familien hadde til ho hadde ikkje ho noko anna val enn å seie ja. Ho følte seg her tvungen i å gjere eit val som for fleire kvinner på denne tida var pynta av fornuft. Det var i tilfellet hennar, i likskap med så mange andre, ikkje eit val som vart gjort fordi nokon fysisk tvang ho til det, men heller det fornuftige valet i eit samfunn der det var dette som var forventa av ein. Ved eit seinare punkt der Sofie konfronterer Louise om dette, at ingen tvang Louise til å ta det valet, legger Louise fram disse tankane for litleystera.

3.7.4 Systrene i dei same ekteskaplege forventingane

Sidan vi berre får lese Sofie sitt perspektiv av døtrene til amtmannen kan det med første augekast virke som om ho er den einaste av dei som har stilt seg spørjande til forventingane dei står ovanfor. Vi har moglegheita til å lese Sofie sine tankar, som eksplisitt fortel om hennar forhold til ekteskap, men ut ifrå desse får lesaren òg eit innblikk i korleis sòskena hennar tenkjer om tema. Ut i frå desse kan ein difor dra liner mellom systrene. Ein kan tolke Sofie sine erindringar om Marie som at ho gifta seg med Broch trass i at det var kjærleikslaust frå sida hennar. Dette spesielt med tanke på at dei i lag pleidde å gjere narr av huslæraren, og at når han til slutt ba om handa hennar ville det naturlege svaret på grunn av oppsedinga deira vere «ja». I Sofie sine erindringar hugsar ho korleis hennar eldste syster vart meir alvorleg etter giftemålet, ho fekk eit «åndeleg preg», noko som vert skildra som eit hakk i sjela hennar. Dette alvoret samanliknar Sofie med Louise sin friske og strålande veremåte etter reisa hennar til København. Sofie såg mykje opp til Louise for dette og gjorde alt ho kunne for å gjere livet til sistera enklare og meir behageleg. Denne gleda vart derimot på grunn av ekteskapet med Casper kvælt. I dagboka si har Sofie skrive om gråten til Louise natta etter Casper hadde spurt om handa hennar. Ho elskar ein anna, Sofie visste ikkje kven dette var, men ho visste han fantast, og denne kjærleiken tok form i Sofie òg, slik som ho òg elles såg seg sjølv i Louise. Sorga sistera følte vart òg Sofie sin og hatet ho hadde for Casper vart berre sterkare. Dette

gjorde noko med Sofie, som det står ovanfor tok ho ekteskapet svært innpå seg. I likskap med Louise «døydde» Sofie sin barndom denne dagen.

Det at Collett har valt at tankane til Sofie er dei ein får kjennskap til og ikkje systrene hennar vil eg argumentere for at var eit bevisst val. Systrene kan på denne måten representere den stillheita kvinna måtte sitte på når det gjaldt dei eigne kjenslene deira. At kontrasten mellom Sofie og resten av dei vert difor stillheit versus opprør, der systrene er stillheita og Sofie er opprøret, sjølv om ho til slutt ender opp i lag med resten av dei. Synsvinkelen her kan difor ha mykje å seie for å fremre bodskapen Collett ville gi.

Desse kjærleikslause ekteskapa til systrene kan tolkast som frampeik på den framtida som venta på Sofie. «Og nu viss man elsket en annen? ... Arme Louise! ... O Gud, la mig ikke elske som hun! ... Utørr denne kjelde i min sjel! ... La mig undgå skjebnen!» (Collett, 1879/2013, s. 93). I dette sitatet viser Sofie sympati for systera si, samtidig som ho desperat ynskjer å aldri trenge å oppleve noko liknande. Det ho skriv her er at ho aldri ynskjer å oppleve kjensla av å elske nokon. Dette gjenspeiler igjen den håplause kjærleiken ei kvinne kunne kjenne på men ikkje gjere noko med då dei ikkje skulle uttrykkje sine kjensler. Det siste ho skrev der; «la mig undgå skjebnen!», kan tolkast på to måtar. Denne setninga kan tolkast slik det eksplisitt står: Sofie ynskjer å sleppe unna den skjebnen ein vert fanga i av å elske ein men vere gift med ein anna. Den kan derimot òg tyde noko større: at den kvinnelege skjebnen om å gifte seg er nettopp den ho håpa på å sleppe unna, at kjærleiken for ein anna ikkje nødvendigvis er problemet men heller det fangenskapet ekteskapet symboliserer. For det er nettopp dette Sofie i sin desperasjon for ein framtid utan ektemann kjenn på. Trass i den mangelen på fridom ho har på amtmannsgarden er dette likevel ein tilvære ho heller vil ha, berre dette fortel kor viktig den vesle fridomen ho har er for ho. At ho skal miste det som for ho er livet sjølv, gjer at ho vert ei birolle i sitt eige liv, autonomien er ikkje lenger hennar, altså har ho ikkje autonomi over eige liv. Denne mangelen på autonomi finn ein og hjå systrene hennar. Om amtmannsdøtrene sine forteljingar hadde vore skiven i dag, ville ein kanskje fått lese om ein familie med døtrer som på grunn av skilnadene deira gjekk forskjellege retningar i livet, dette i form av utdanning og yrker. Dette vil eg grunne i dei skildringane ein som lesar vert gitt av personlegdomen til søskena. Men trass i deira ulike meningar og syn fell dei alle inn i det same livet, den same skjebnen. Dette viser den store kontrasten frå det norske samfunnet på den tida og i dag.

Kva meinte eigentleg Camilla Collett med å la historiene til systrene ende sånn? Og kvifor gjorde ho det slik? Som nemnd ville Collett vise korleis ei enkel misforståing kan føre til at eit liv vert snudd opp ned, då spesielt på grunn av den stillheita ei kvinne skulle finne seg i. Sjølv om dette vart svært kritisert av dåtidas lesarar, stod ho likevel for valet sitt. Slik forfattar ofte vert, var nok Collett prega av dei erfaringane ho hadde opplevd i livet sitt. Ein kan dra liner mellom den håplause forelskinga ho hadde for Johan Sebastian Welhaven og fleire av dei kvinnelege skjebnene ein finn i boka. Slik Camilla gjorde, valte den tryggleika ho fann hjå Peter Jonas Collett framfor den usikkerheita ho følte med Welhaven, kan ein òg sjå hjå Sofie og systrene hennar. Vala deira vart gjort av fornuft, vel å merke det som der og då virka mest fornuftig, og kanskje var det det same Collett kjende på då ho tok avgjersla om å gifte seg med Peter Jonas. Det tydar derimot ikkje at historiene til amtmannsdøtrene er akkurat slik Collett sjølv følte det. Men at forteljingane deira har spor av forfattaren sine eigne erfaringar er noko eg vil argumentere for. Det vert ein slags motsetnad der: det trygge og føreseielege versus det usikre og uføreseielege.

3.7.5 Parallelle historier i *Frihetens Øyeblick*

I tilfellet med *Frihetens Øyeblick* vert systera til Abida sjeldan nemnd, men mykje av dei kjenslene systrene til Sofie og Sofie sjølv har kjend på kan samanliknast med Abida sine eigne. I tilfellet til Louise og Sofie, der dei gifta seg med ein anna enn den mannen dei elskar, høyrast ganske lik ut den situasjonen Abida sjølv sat i med Aziz og Karan, der ho elskar Aziz, men på grunn av tvang og forventingar gifta seg med Karan. Når barndomen er ferdig og ei kvinne skal gifte seg er som nemnd ein overgang Sofie samanliknar med døden. I tilfelle med Abida kan dette samanliknast med den redselen ho har for den reelle døden av å gå i mot far sin og dei forventningane slekta har for ho.

Sjølv om leseren ikkje får mykje innsikt i veslesystera til Abida, kan ein likevel finne fleire parallelle historier om kvinner under same situasjon i boka. Dette i form av venninner, naboor og slektningar. Ein av desse er kona til Abid, som jo vert den inngifta systera til Abida. I boka vert ein ikkje så godt kjend med ho, men ein kan finne fleire nyheitsartiklar om ho på nettet, spesielt no i det siste. Nadia skal komme ut med eiga bok: «Min skam» seinare i år, der det vert sagt at historia hennar kan lesast opp mot ektemannen si bok. Denne, i likskap med både Abid og Abida sine historier, handlar om korleis det var å vekse opp i ein patriarchalsk skamkultur. «Å dempe følelsene sine, å stilne uttrykket sitt, og å hver dag få beskjed om å etterstrebe stillhet, er ødeleggande for et menneske.» (Norli, 2023). Ho har fortalt at ho, i

likskap med andre i same situasjon, opplever ein skam som hindrar dei i å leve frie liv. Som nemnd er denne skamma den som Abid sjølv òg har kjend på i så mange år, det er denne som har sette spor. I likskap med Abida vil Nadia sette ord på opplevingane sine, anerkjenne grunnleggjande behov og stå opp for seg sjølv, og i prosessen stå opp for andre som òg står og har stått i same situasjon. Som Abid viste Abida støtte i publiseringa av *Frihetens Øyeblikk* viser han òg støtte og stoltheit overfor kona. Han synast dei begge har vore modige i delinga av forteljingane sine.

I boka vert lesaren møtt med fleire rollemodellar som kan samanliknast med Abida og amtmannsdøtrene. Ein likskap eg merka meg, er den mellom Casper og Louise og Qayyum og Hania. Som nemnd over hadde Casper gjort ei avgjersle, han skulle gifte seg med Louise, og slik vart det. Slik var det òg for mor til Abida. Dette får lesaren eit innblikk i via kommentarar som dette: «Hania var tolv år yngre, men han ga seg ikke før han hadde fått henne. Han fortalte historien med stolthet. Det var hans valg.» (Høydal, 2022, s. 36). Qayyum hadde i likskap med Casper gjort eit val, han skulle ha Hania uansett kva han måtte gjere. Begge foreldra til Abida hadde vore forlova med andre på den tida, men likevel klarte Qayyum å «kapre» Hania. Han hadde sett ho i eit bryllaup dei begge var gjester i og hadde «sett ei jente han bare visste han måtte ha» (Høydal, 2022, s. 36). Dette viser fridomen far til Abida hadde, der han kunne velje seg ut kven som helst å gifte seg med. Det står i motsetnad til korleis Abida sjølv hadde det, der ho fekk tre menn ho måtte velje mellom.

Broren til Qayyum, onkelen til Abida, hadde òg dette same privilegiet. Han hadde tidlegare vore gift med ei som heitte Rahmi, som budde hjå besteforeldra til Abida i Mohri Sharif. Han hadde òg vore sambuar med ei norsk kvinne, før han til slutt slo seg til ro med Uzma, som var jamaldrande med Abida. Ho hadde blitt henta til Noreg frå Pakistan. (Høydal, 2022, s. 42). Skal ein samanlikne dette med Abida, ser ein at onkelen har hatt moglegheita til å utforske andre før han fann seg til ro, mens Abida på grunn av utforskinga vart tvungen inn i ekteskap med ein annan enn den ho elskar. Dette kan ein samanlikne med Edvard i *Amtmannens Døtre*, der han som nemnd hadde privilegiet til å interessere seg for alt, men ikkje endå trengte å velje mellom desse. Berre det at han, og i dette tilfelle Qayyum og broren hans, kunne velje, viser eit privilegium amtmannsdøtrene og Abida mangla.

3.8 Huslærarane som representantar av fridom

3.8.1 Huslærarane i *Amtmannens Døtre* symboliserer fridom

Sjølv om Sofie fulgte same spor som systrene hennar, braut ho likevel med noko: ein etter ein hadde Marie og Louise gifta seg med huslærarane sine. Sofie gjorde ikkje det, ho gifta seg med prosten. Dette trass i forelskinga ho hadde for deira tredje huslærar; Georg Kold. Amalie var den einaste av dei som følgde hjartet. Eit spørsmål som vert vekka under lesinga er; kvifor er huslærarane så relevante for amtmannsfamilien? Altså kvifor har tre av fire systrer i større og mindre grad involvert seg med huslærarane?

I boka får leseren vite at amtmannsgarden ligg i «et av landets nordlige amter» (Collett, 1879/2013, s. 9). Nøyaktig kvar landsbygda ligg vert det ikkje sagt noko om, men at det er ein liten plass vert i alle fall gjort klart. Det som med ein gong slår meg er difor at utvalet i bygda ikkje er så stort, og at det er av den grunn amtmannsdøtrene vert gift vekk til dei som kjem utanfrå. Noko som vert gjort klart i ein samtale mellom amtmannen og kona hans om Brøcher og Louise er at det å vise døtrene deira sine framtidige ektemenn at dei er velkommen i familien er ein viktig del av det å få dei gift bort. Dette er ein gjestfriheit dei ikkje bevisst har gitt Brøcher; «Vi har vist Brøcher den forekommenhet som vi viser enhver gjest i vårt hus. [...] jeg mener jo også kun at ... at vi har behandlet ham på en måte som ... som ikke nettop har avskrekket ham ...» (Collett, 1879/2013, s. 152). Ein kan forstå utifrå dette sitatet at dei viser ein ekstra gjestfriheit for moglege framtidige svigersøner, noko som peikar på makta foreldra sat på i eit slikt val. Det er her huslærarane vert relevante, ikkje berre av den grunn at dei giftar seg inn i familien, men òg av det dei symboliserer. Eg vil argumentere for at huslærarane alle symboliserer fridom.

Sofie og systrene hennar har alle levd eit ganske innsperra liv på amtmannsgarden. I motsetning til huslærarane som har hatt fridomen og moglegheita til å utdanne seg og reise lange distanser for å gjere det dei vil, har amtmannsdøtrene hatt éi livsoppgåve, å bli gift. I Kold sitt tilfelle har han reist heile vegen frå Christiania til dei nordlege strøk for å ta på seg arbeidet som huslærar. Han har hatt valet om å reise frå bylivet og erstatte dette med eit rolegare og mindre travelt liv på bygda. Han har hatt fridom og moglegheiter nok til å flytte på seg dit han sjølv vil. Dette står i stor kontrast til kvinnene i boka, der den einaste måten å komme seg vekk frå heimplassen på er å reise på midlertidige familiebesøk eller gifte seg.

Denne fridomen er derimot ikkje «smittsam». I forteljinga får lesaren vite at ekteskapa mellom Marie og Broch og Louise og Brøcher har forandra jentene. Dei har fått eit meir alvorleg preg på seg, Louise fortel Sofie sjølv korleis sjela hennar har fått eit hakk i seg. Berre dette fortel oss kor fanga kvar av dei føler seg i ekteskapa. Trass i den vesle fridomen dei hadde hatt i barndommen lengtar dei tilbake til dei dagane som bekymringslause barn, noko som fortel lesaren om kva grad av fridom kvar av jentene sit på i ekteskapa sine. Denne mangelen på fridom vert òg framstilt i slutten av boka hjå systeran deira Amalie, då «det blide, smektende i hennes vesen hadde gitt plass for en viss tørr, husbakt fornuftighet, som klær henne mindre godt.» (Collet, 1879/2013, s. 314).

3.8.2 Representantar av fridom i *Frihetens Øyeblikk*

I *Frihetens Øyeblikk* kan denne fridomen til huslærarane samanliknast med gutane og menna i historia. I likskap med huslærarane i *Amtmannens Døtre* har det mannlege kjønn ein rekke fleire alternativ enn kvinnene. Dette tar form i, som nemnd, blant anna Abid og Tadeen sin rett på å gå i typiske norske klede, sjølv om Abida må gå i pakistanske klede, eller det at ho vert tvungen inn i eit ekteskap der ho må undertrykke sine eigne tankar og meininger. Abida har i likskap med amtmannsdøtrene mista den personen ho er i ekteskapet.

I tillegg til dette vert Feltarbeidarteamet ein motsetnad til det fangenskapet Abida står i. Eg vil difor argumentere for at dette teamet vert ein representasjon av fridom. Ikkje berre har dei fridom, men dei har nok av det til å kunne hjelpe andre med å kome til den same fridomskjensla, eller i det minste prøve. Det dette teamet òg på ein måte representerer er samfunnet, staten og det offentlege som ligg utanfor Raja-familien. Dei har då ein viss autoritet, og ikkje minst vert dei ein slags kanal mellom familien og verda utafor. For Abida kan dei difor bli forbilete på korleis livet kan sjå ut, og korleis «det norske livet» vanlegvis ser ut. Dei er ein støttekanal for dei som treng hjelp, som i tilfelle med Abida si flukt angjekk ho. Grensa mellom støttande og sanksjonerande kan derimot fort bli «usynleg». Med dette meiner eg at eit ønske om å hjelpe kan vere med på å synleggjere forskjellar og dermed skape eit større skilje mellom partane. Dette er noko som til slutt kan skape meir vissheit om ulikheiter som kan føre til klassevisshet og forskjellsbehandlingar. Det vil seie at formålet med Feltarbeidarteamet er det motsette resultatet av det som faktisk ender med å skje.

Lærarane i boka kan òg reknast som representantar av fridom, og i likskap med Feltarbeidarteamet representerer desse samfunnet, staten og det offentlege. «En dag Abida

kom hjem, satt læreren hennes i stuen. Hun ville ikke gi seg, selv om Qayyum hadde sagt nei to ganger.» (Høydal, 2022, s. 31). Læraren hadde kome på besøk for å få eit ja av Qayyum, slik at Abida i lag med resten av jentene i klassa, kunne reise på symjeundervisning. Far til Abida sa til slutt det var greitt at ho fekk vere med, så lenge ho skifta i lærargarderoben åleine og svømte i klede. Ho fekk vere med i dei siste symjetimane og etter kvart byrja ho å låne symjedrakt av ei jente i klassa. Dette var nok ei av dei tidlegare opplevingane ho hadde der ho fekk ein smak av korleis det frie livet kunne vere.

Seinare i historia til Abida, då barna hennar gjekk på skule, vart igjen lærarane viktige. Det var dei som tok kontakt med barnevernet etter å ha blitt fortald av barna at dei vart slått heime. Dei har i likskap med Feltarbeidarteamet hatt nok fridom til å kunne hjelpe dei som mangla denne menneskerettigheita.

4. Didaktiske perspektiv

Ved L97 stod det spesifisert i lærarplanen kva forfattarar elevane skulle lese skjønnlitterære tekstar av. Ved innføringa av LK06 vart desse styringane innan skjønnlitteratur oppheva og læraren fekk meir fridom knyta til tekstval. Ved den nyaste lærarplanen, LK20, er det tverrfaglege arbeidet i fokus. Dette gjer at læraren ikkje berre har fridom til å velje tekstar sjølv, men hen skal helst òg velje tekstar som har relevans innan fleire fagområde. Ved å sjå på to bøker om samfunnskritikk, diskusjon av autonomi og fridom, kvinnehistorie og kvinnesyn, vil desse då vere eit godt utgangspunkt for ein tverrfagleg undervisning. Både *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* opnar opp fleire moglegheiter i klasserommet i dag.

4.1 Kompetansemål og bøkenes relevans i klasserommet

4.1.1 Spørsmålet om relevans av bøkene i klasserommet

Amtmannens Døtre er kjend som Nordens første tendensroman, som ein sjeldan kjem forutan i skulen. Det same gjelder forfattaren av boka: Camilla Collett. I likskap med Amalie Skram har Camilla Collett blitt ein viktig figur i den kanoniserte kvinnelege forfattarskapen her i Noreg, der dei framleis er å finne i lærarbøker som vert brukt i skulen. I ei undersøking gjort av Sigrid Skaug og Marte Blikstad-Balas i 2019 vert det vist at *Amtmannens Døtre* er ein av dei mest brukte bøkene blant deltakarane i studien, der 64 av 153 lærarar nemner å ha brukt boka i undervisningane sine i norskfaget på vg3. I desse undervisningane har dei då brukt utdragsform som metode. Sidan Collett og tekstane hennar har vore i skulen over så lang tid, kan ho for mange virke som ein utdatert kjelde på den informasjonen ho delar i sine tekstar. Det kan virke for fleire som ein unødvendig bruk av tid der ein kunne ha diskutert nyare innfallsvinklar. Det gjer det desto viktigare å relatere tekstane hennar til dagens moderne tekstar for å forstå viktigeita og relevansen i det ho har prøvd å fortelje. For å gjere dette kan ein lese nyare tekstar i lys av *Amtmannens Døtre*. Til dømes kan dette då vere *Frihetens Øyeblikk*. Ved å gjere det kan ein difor belyse tema på ein slik måte at elevane lettare forstår relevansen med bodskapen. Dessutan vert Camilla Collett òg sjølvsagt ei viktig rolle innan historieperspektivet. Denne boka opnar difor opp fleire moglegheiter i samtalen om historie, kultur og kvinnesyn.

Frihetens Øyeblikk er ei bok, som i motsetnad til Collett sine tekstar, ikkje har ein fast plass i skulen, dette då fordi den er såpass ny. Tema i boka derimot er eit tema som absolutt har hatt

relevans i skulen i mange tiår og framleis har i dag. I eit klasserom i dag vil det i mange tilfelle vere kulturmøte mellom elevane. Samfunnet vårt vert meir og meir fleirkulturelt, og med det vil det berre bli viktigare med samtalar om kulturforskjellar både på godt og på vondt. Det kan difor vere ein positiv ressurs å støtte seg på tekstar som tar opp nettopp dette tema, slik at ein får inn ein stemme som sjølv har opplevd vanskar i desse møta. På denne måten kan elevane sjå at litteraturen utforskar eksistensielle problemstillingar. Det kan då bli interessante og læringsrike undervisningstimar om dette.

Slik Tatjana Kielland Samoilow og Per Esben Myren-Svelstad poengterer «belyser kritisk teori forholdet mellom litteratur og samfunn». (2020, s. 14). Slik desse to definerer det handlar kritisk lesing om å bruke innfallsvinklar til tolking som kan kaste lys over mindre klare samanhengar mellom tekst og omverda, samtidig som ein er klar over at personar vil generere ulike tolkingar av same teksten. Kritisk teori er difor ein metode på å utvikle følsamheita for korleis tekstar på ulike måtar går i dialog med samfunnet, sjølv om det ikkje nødvendigvis var forfattaren sin eintydige plan for verket. Ved å lese og tenkje kritisk vil elevane få stort utbytte ved å bruke bøker som tar opp dagskutelle tema i klasserommet. Dessutan vil dette hjelpe dei med å ivareta både estetiske følsame lesemåtar og forståinga av litteraturens fleirtydelegheit (Samoilow & Myren-Svelstad, 2020, s. 17). Ved å trenere elevane sine evner til kritisk lesing, kan dette gi dei ei rikare leseoppleveling ved å opne teksten og rette oppmerksamheit mot eksistensielle tema. (Samoilow & Myren-Svelstad, 2020,

Åleine vil *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblick* gi moglegheiter til diskusjonar om tema dei inneholder. Kvar for seg er dei begge gode ressursar for å formidle det kvar av dei tar opp. Saman, derimot, vil dei bli endå sterkare, og dette vil opne opp for innsyn i perspektiv av bøkene som ein ikkje kunne fått kvar for seg. Slik Samoilow (2018) forklarar det, vil ei komparativ analyse ta føre seg samanhengar mellom tekstar og kulturelle uttrykk og sjå korleis desse er bundne med kvarandre. Altså vil elevane ikkje berre gjere tolkingar basert på ein tekst åleine, men dei vil også ha moglegheita til å dra liner mellom historiene. Det finnast altså ein didaktisk gevinst ved det å jobbe komparativt med tekstar; «Komparativ litteraturdidaktikk kan ses på som en metode som gjør det lettere å jobbe faglig og tekstnært.» (Samoilow, 2018, s. 76). Her har desse to veklagt to måtar komparativt litteratarbeid kan stimulere elevane sin faglege utvikling: komparativ analyse som *nøkkelen* og som *forstørringsglas*. Førstnemnde er når ein tekst fungerer som inngang til ein anna tekst, sistnemnde er når samanlikninga får fram visse trekk ved ein tekst som elles kanskje hadde

blitt verande skjult. Kort forklart vil ei komparativ tilnærming til tekstar vere med på å synleggjere bodskap med teksten som elles kunne vore utilgjengeleg, og forstørre visse litterære grep, sjangertrekk og ideologiske forskjellar. (Samoilow, 2018, s. 77-78). Denne type litterær analyse er noko som kan vere med på å utvikle forståinga deira for historisk kontekst og sjå korleis denne har utfalda seg. Dette kan vere med på å løyse spørsmålet om relevans som *Amtmannens Døtre* vekkjer. Stikkordet *kulturmøte* vert difor like relevant som kritisk og komparativ tilnærming. Å lese om 1800-talet er òg eit møte med ein anna kultur: det vert eit møte mellom den norske kulturen på 1800-talet og den norske kulturen i dag. Dei vil kunne sjå at, sjølv om det er omrent 170 år sidan boka til Collett vart skiven, vil tema i dag framleis vere like viktig å diskutere, noko som forhåpentlegvis kan vekkje større interesse for elevane. I staden for å prøve å få elevane begeistra for noko dei kanskje tenkjer er unødvendig informasjon, vil samtalen kunne bli ikkje berre enklare å følgje med på og forstå for dei, men den vil òg bli enklare å føre for læraren.

Slik Kaja Schjerven Mollering skriv i etterordet sitt (1879/2013, s. 323-328), er verda Collett skildrar i *Amtmannens Døtre* ei framand verd. Ho stiller seg spørjande til utsagn som: «Denne boka er aktuell, denne boka belyser også problemstillinger i vår tid, forteller like mye om oss som om mennesker for 150 år siden.» (Collett, 1879/2013, s. 323). Vidare argumenterer ho for at det er nettopp denne framandkjensla ein kan lære av, ikkje prøve å finne likskapar mellom handlingane våre. Sjølv om eg er einig i det ho skriv om at skilnader er viktige dei òg, vil eg likevel argumentere for at ein ikkje burde skrive vekk likskapar ein finn i møte med litterære klassikarar og vår tid. Slik denne masteroppgåva har vist, er det mykje frå Camilla Collett si tid ein finn igjen i dagens samfunn. Desse likskapane er noko som burde snakkast om, om det er i ein samanlikningsprosess som denne eller på andre vis. Eit spørsmål som her kan bli vekkja derimot er om Abida Raja si historie eigentleg er så relevant for den typiske norske skuleeleven. Svaret mitt på det er «ja», det er absolutt relevant for elevar som sjølv aldri har eller aldri vil oppleve situasjonar slik som Abida. Dette av den grunn at elevar burde ha forståing for andre kulturar og levemåtar. Om ein då skal fokusere på forskjellar mellom seg sjølv og andre, vil dette vere med på å skape eit større skilje mellom «oss» og «dei». Og dette er som ein i «den didaktiske verda» veit i dag, eit sårbart punkt der ein burde trakke varig, ein burde ikkje fokusere på kva som gjer oss ulike, men det at det er skilnader burde ein heller ikkje sjå vekk frå. Denne tolkinga av Mollerin sitt etterord, legg då vekt på det konkrete i det ho skreiv, den var nok ikkje meint å bli tatt ut av kontekst på denne måten. Det er likevel eit interessant og viktig punkt å ta fram, spesielt i møte med andre kulturar. Det at eg no har

stilt meg kritisk til Mollerin sine ord, vert her dessutan eit døme på korleis ein kan tolke tekstu ulikt, utan at det nødvendigvis var dette ho ville med bodskapen sin. Og det er jo nettopp dette den kritiske teorien ønsker å gjere.

4.1.2 Læreplanverket og kompetanse mål

I kompetanse måla etter 10. trinn i LK20 vil ein samanlikningssamtale om bøkene passe inn i fleire mål. Det mest viktige av desse vil bli punkt to; «samanlikne og tolke romanar, noveller, lyrikk og andre tekstar ut frå historisk kontekst og eiga samtid» (Kunnskapsdepartementet, 2019). Slik som nemnd i teoridelen av oppgåva gir dette kompetanse målet rom for kritisk tenking. *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* passar av då veldig godt her. Som ein tematisk innfallsvinkel til arbeid med desse bøkene, kan ein opne for ein diskusjon om kvinnesyn, då med tanke på kvinnesynet på Collett si tid og i dag. Begge tekstane har stort potensial for samtalar og litterære analyser knyt til dette i eit samanliknande perspektiv. Dette gir elevane moglegheit til å tenkje kritisk i møtet med bøkene. Det analysedelen av denne oppgåva har tatt opp er likskapar og skilnader i bøkene, og korleis desse har handtert like tema. Dette opnar difor opp moglegheiter til litterære samtalar der samfunnkonteksten står spesielt sterkt. Dei fleire likskapane og skilnadene som her tas opp, kan difor skape ei spanande, tverrfagleg og samfunnskritisk komparativ analyse i klasserommet.

Andre kompetanse mål som kan passe inn i ein undervisningssamanheng er punkt tre, fem, sju og seksten;

3. «beskrive og reflektere over eigen bruk av lesestrategiar i lesing av skjønnlitteratur og sakprosa»
5. «utforske og reflektere over korleis tekstar framstiller livssituasjonen til unge»
7. «bruke kjelder på ein kritisk måte, markere sitat og vise til kjelder på ein etterretteleg måte i eigne tekstar»
16. «utforske språkleg variasjon og mangfold i Noreg og reflektere over haldninga til ulike språk og talespråkvariantar» (Kunnskapsdepartementet, 2019).

Nummer tre, fem og sju vil vere relevante om ein vel å fokusere på det tekstane kan gi på ein meir konkret måte, med dette meiner eg om ein skal bruke dei til å lære om eigenrefleksjon, litterære midlar og kritisk tenking. Det sistnemnde kompetanse målet kan knytast til samtale om kultur, slik som nemnd ovanfor. Tekstane har av den grunn stort potensial i klasserommet uansett kva innfallsvinkel ein vel, eller om ein vel å bruke dei som ressursar på fleire måtar.

Dessutan vil dei tverrfaglege tema: «folkehelse og livsmeistring» og «demokrati og medborgarskap» òg vere relevante. Folkehelse og livsmeistring, som tar føre seg blant anna utviklinga av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet, god psykisk og fysisk helse og meistring av eige liv, kan då lett knytast opp til tema fridom. Med dette meiner eg at fridomen vi har er med på å gi oss rom til å bli den vi vil, ein trygg identitet, og like den vi er, eit positivt sjølvbilete, i tillegg til ein meistringskjensle av dei vala ein har tatt for å kome dit ein er kome. Alt dette er då med på å oppretthalde ei god psykisk helse, og ei god psykisk helse fører som regel til ei god fysisk helse. (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 13).

Demokrati og medborgarskap, som skal gi elevar kunnskap om demokratiets føresetnadar, verdiar og speleregler, samt gjere dei i stand til å delta i demokratiske prosesser, og som skal gi forståing for samanhengen mellom demokrati og sentrale menneskerettigheiter, kan sjølvsagt òg knytast opp til fridom. Det er med dette målet at elevar skal forstå individets rettigheter og trekke liner frå dette til plikter. Ved å bruke døme slik som *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* får elevane difor kjennskap til personar som opplever å leve i ei verd, der det vi ser på som sjølvsagte menneskerettigheter, anten ikkje fantast eller vert brote. Det desse òg gjer er å vise alvorsgrad med det å ikkje ha ei stemme i eige liv.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 13-14).

4.2 Moglege utfordringar bøkene kan gi

Trass i alle moglegheitene *Amtmannens Døtre* og *Frihetens Øyeblikk* gir i klasserommet, vil det òg kunne oppstå utfordringar ved bruk av desse. Ein av desse vil vere det faktum at om ein skal bruke romanar og biografiar i klasserommet vil fleire lærarar i dag velje utdragsform framfor verket som heilheit.

Et viktig funn er at lesing av skjønnlitterære utdrag er en svært utbredt praksis blant lærerne som deltok i vår studie. Ikke bare har lærerne listet opp en rekke ulike utdrag av både romaner, noveller og drama, men 84 % av de 153 lærerne oppgir at de bruker mer utdrag enn hele verk i sin undervisning. (Skaug & Blikstad-Balas, 2019).

Denne type litterær undervisning er som ein ser her difor svært vanleg i dag. Dette av den grunn at det å gå gjennom ei heil bok, eller i dette tilfelle to heile bøker, kan ta altfor lang tid. Elevane skal innom fleire sjangrar i norskfaget for å tilegne seg kunnskap utifrå det kvar av desse kan gi. Det vil seie at det rett og slett ikkje vil vere nok tid på å gå gjennom heile bøker.

Men kvifor er det problematisk med utdrag? Eit problem ved å bruke utdrag frå bøker i staden for heile verket kan vere at konteksten til boka vert uvesentleg, bøker er ikkje skriven for utdrag, dei er skriven som ein heilheit. Dette vil seie at utdraget i seg sjølv vert lett å gløyme. Dessutan er det sjeldan at ein utafor skulen kjem til å forhalde seg til utdrag av bøker, då leser ein som regel heile verket. Eit anna problem, som knyt seg opp til det allereie nemnd, er at litteraturen i skulen har blitt eit middel der den ofte brukast for å illustrere eller eksemplifisere litterære epokar eller sjangertrekk (Skaug & Blikstad-Balas, 2019). Det som er negativt med dette er at denne illustrasjonen av den historiske epoka kan framstilla som «sanning» og ikkje fiksjon, noko som kan føre til forvirring blant elevane der skiljet mellom fakta og fiksjon vert utydeleg (Hærgard & Engh, 2013; Penne, 2013, sitert i Skaug & Blikstad-Balas, 2019). Eg vil òg argumentere for at litteraturen får mindre tyding som eit heilhetleg verk, at det kan virke respektlaust å minimere den til berre eit fagleg supplement. Gevinsten med å bruke heile verket vil av denne grunn føre til at elevane får med seg heile konteksten og vert ekspertar på denne. Det krev tid for å få kompetanse innan forståing av ein svare på tekst, om ein berre brukar utdrag får ein berre med seg overflaten av tekstane. Eg vil difor påpeike at det er viktig å ha dette i bakhovudet når ein diskuterer kunnskapskompetansen til elevane i skulen.

5. Oppsummering og refleksjonar

Amtmannens Døtre og *Frihetens Øyeblink* er to viktige historier som tematiserer fridom i form av kvinnehistorie og kultur. I dette siste kapitelet vil eg gi ei oppsummering og refleksjon av oppgåva, og vurdere om problemstillinga er svara på. Spørsmålet som vart stilt i starten av denne masteroppgåva var; *Korleis vert kvinna si fridom framstilt i Amtmannens Døtre av Camilla Collett og Frihetens Øyeblink av Håkon F. Høydal?* Bakgrunnen for denne problemstillinga kom av ei eiga kjærleik for kvinneleg litteratur og nysgjerrigkeit for kva som har og framleis prega denne, i tillegg til kva slik litteratur kan tilby i ein didaktisk samanheng. Det fremste målet mitt har med denne studien difor vore det å analysere historia til Sofie og Abida basert på ei hypotese om at begge kvinnene har hatt ein mangel på fridom til å leve det livet dei eigentleg ville.

I kapittel to la eg fram dei teoretiske og metodiske perspektiva oppgåva ville svøpe seg i. I nemninga av to bøker som tar opp tema angåande kvinnesyn og historia knyt til dette er feministisk og kritisk teori svært relevant å ta med. Sidan begge desse tilnærmingane til tekstu

tar føre seg samfunnskritikk ville dette då gi meg større forståing og betre moglegheit i ei litterær analyse av tekstane til Camilla Collett og Håkon F. Høydal. Det eg merka etter kvart i skrivinga, når det kom til teorien, er det at planen med å nytte dei feministiske tankane til Beauvoir og Moi, vart heller til ei støtte. Utan dei, og andre feministiske litteraturvitarar, ville ikkje det vore mogleg for meg å skrive ei oppgåve som dette, og det er frå der denne støtta kjem.

Val av samanlikningsmetode, komparativ analyse, gav meg moglegheit til å sjå tekstane i eit større lys. Med dette meiner eg at relevansen begge tekstane held hjelper og forsterkar kvarandre i ei temaanalyse, slik at tolkingar og refleksjonar ikkje treng å bli framande punkter i ein didaktisk samanheng. Ved dette har analysen difor fokusert på visse punkter ved bøkene som er samanliknbare. Det vil seie at bøkene har andre moglegheiter kvar for seg, som denne oppgåva ikkje har fått dekkja. Dette kunne til dømes blitt gjort ved å analysere begge bøkene kvar for seg, for så å setje dei i eit komparativt lys i eit seinare kapittel.

Trass i dei moglegheitene dømet over gir, vil måten denne oppgåva har løyst det på òg vere lærarrikt for elevane. *Frihetens Øyeblick* kan hjelpe elevane ved å ikkje framandgjere den kvinnelege rolla kvinnene i *Amtmannens Døtre* trer seg i, og den sistnemnde boka kan gi elevane moglegheit til å forstå seg på Abidas historie i lys av kultur og forskjellar. At sjølv om vi i dag tenker og meiner ulikt, så har vi i Noreg òg hatt mange av dei same forventingane Abida og familien hennar har tatt med seg frå Pakistan.

Abida og Sofie, samt familiemedlemmane deira, er fanga i forventningar. Forventningar til korleis dei skal oppføre seg, kle seg, samhandle med; rett og slett korleis dei skal leve det livet som i utgangspunktet burde vere deira avgjersle. I kapittel tre, analysedelen av oppgåva, vert fleire av desse forventingane lagt fram. Trass i at mange av desse går i mot det jentene sjølv vil, er dette eit fengsel det er både mentalt og fysisk nesten umogleg å rømme frå. Abida prøvde, men enda tilbake att. Ho prøvde på nytt, ved å gi ut bok, men følgene av oppsedinga vil vere med ho livet ut, i likskap med det broren hennar Abid sjølv har sagt har haldningane dei er vekse opp med grave seg djupt. Sofie si «redning» frå den kvinnelege skjebnen kunne vore Kold, her understrekar eg ordet «kunne», for dei kunne like gjerne enda opp slik som systera hennar Amalie og ektemannen Brøcher. Og om ein i det heile tatt kan kalle eit ekteskap ei redning er eit anna spørsmål, spesielt då med tanke på at ekteskap i denne oppgåva har vore ein raud tråd på same line med fangenskap.

Historiene gir oss eit perspektiv på ei sak mange kan ta for gitt i dagens moderne samfunn. Det er lett å tenke at slik var det den gong, men det er ikkje sånn no lenger. Det gjer det desto viktigare å ha klasserom-samtaler med elevane sine om slike tema og det er nettopp dette kapittel fire i denne masteroppgåva får fram. Sjølv om ein i mindre og større grad kan argumentere for at full likestilling er oppnådd her i landet, fins det likevel altfor mange døme på at det ikkje er det, slik som historia om Abida Raja og dei fleire parallelle kvinnelege liva som vert nemnd i *Frihetens Øyeblikk*. Kvinnesyn er difor ein svært viktig del av historia vår frå gammalt av, men òg historia som skjer i dag. Noko som gjer bøkene til superressursar i klasserommet og som gir elevane mange moglegheiter til å ikkje berre utvikle den kritiske tenkinga og eigenrefleksjonen deira, men òg forståinga innan viktige samfunnstema som har og framleis er viktige og relevante for personar å kunne. Som Jens Bjørneboe skrev og Høydal siterte; «Efter sannhetens øyeblikk kommer frihetens øyeblikk.» (Jens Bjørneboe, 1966, sitert av Høydal, 2022, s. 6). I ei ideell framtid vil den individuelle fridomen vere for alle, og for å unngå å falle i same spor som forfedrene våre er litteratur- og historieundervisninga eit viktig punkt, som kan hjelpe oss å sjå kva retning ein ikkje burde ta.

Vidare forsking av ei slik oppgåve som dette kan vere det å sjå nærare på foreldra i kvar av bøkene, religionspreget kvar av desse har og større fokus på lokalitet og kva dette har å seie for karakterane/personane. Ved å gjere dette kan ein få større forståing innan kulturelle ideologiar, i tillegg til at det tverrfaglege perspektivet kan ta form i religionsfaget. Større fokus på lokalitet kan gi kvar historie ei djupare mening i kvardagslege gjeremål, som igjen kan vere med på å skape ei større forståing for kultur. Problemstillinga av oppgåva har potensial til å utforskast djupare.

6. Litteraturliste

Primærlitteratur

Collett, C. (2013). *Amtmannens Døtre*. (3. utg.). Gyldendal. (Opphavleg utgitt i 1879/1854-55)

Høydal, H. F. (2022). *Abida Raja: Frihetens Øyeblikk*. J.M. Stenersens forlag.

Sekundærlitteratur

Aakvaag, G. C. (2013). Frihet: Et essay om å leve sitt eget liv. Universitetsforlaget.

Aarnes, S. A. (1966). Grotte-symbolet i Camilla Colletts «Amtmandens Døttre». *Nordisk tidsskrift for litteraturforskning EDDA*, 192-203.

Aasen, E. (1986). Kvinners spor i skrift: Supplement til norsk litteraturhistorie. Det Norske Samlaget.

Asbjørnsen, P. C. & Moe, J. (1987). Norske Folkeeventyr. Faktum Forlag. (Opphavleg utgitt i 1841).

Aslaksen, K. (2019). Romanens virkningskraft. Mottakelsen av Amtmandens Døtre 1854-1855. *Edda*, 106(2), 127-141. <https://doi.org/10.18261/issn.1500-1989-2019-02-04>

Beauvoir, S. (2000). *Det annet kjønn* (B. Christensen, Overs.). Pax Forlag. (Opprinnelig utgitt 1949)

De Forente Nasjoner. (1948). *Verdenserklæringen for Menneskerettigheter*.

<https://www.fn.no/om-fn/avtaler/menneskerettigheter/fns-verdenserklaring-om-menneskerettigheter>

Egeland, M. (2020). Om bruken av romanbetegnelsen på 1800-tallet. *Edda*, 107(1), 34-47. <https://www.idunn.no/doi/epdf/10.18261/issn.1500-1989-2020-01-04>

- Engelstad, K., Langelegen, D. & Redse, T. (2023, 12. januar). *biografi*. Store Norske Leksikon. Henta 24. januar 2023 frå <https://snl.no/biografi>
- Fauconnier, M. (2022, 27. september). Håkon Høydal hadde gitt opp å få ut boken om Abida Raja. Så ringte telefonen. *Journalisten*. <https://journalisten.no/hakon-hoydal-hadde-gitt-opp-a-fa-ut-boken-om-abida-raja-sa-ringte-telefonen/537088>
- Folkvord, M. (2021, 5. juli). Likestillingsminister Raja: Forsøkte å kontrollerer kona. *Verdens Gang*. <https://www.vg.no/rampelys/bok/i/kRqwRv/likestillingsminister-raja-forsoekte-aa-kontrollere-kona>
- J. H. Friberg og M. Bjørnset, «Migrasjon, foreldreskap og sosial kontroll», Fafo, Oslo og Akershus, Noreg, 1, 2019. Henta frå <https://www.fafo.no/images/pub/2019/20698.pdf>
- Johannessen, B. (2022, 31. oktober). *Pakistan*. Store Norske Leksikon. Henta 24. november 2022 frå <https://snl.no/Pakistan>
- Gaasland, R. (1999). *Fortellerens hemmeligheter: Innføring i litterær analyse*. Universitetsforlaget.
- Grundvig, T. E. (2019, 21. januar). *Motiv, tema og bodskap*. Nasjonal Digital Læringsarena. <https://ndla.no/nb/subject:1:605d33e0-1695-4540-9255-fc5e612e996f/topic:1:b34684b3-3e91-44ee-88b4-1c3e588586dc/topic:1:1cc14972-df1f-4294-b19b-1c2472f5489a/topic:1:16901c14-d7b7-45a8-839b-96aabbf174e2/resource:1:48024>
- Gulbrandsen, P. (2001). Bestialitetens historie. *Tidsskriftet: Den norske legeforening*. <https://tidsskriftet.no/2001/12/har-du-lest/bestialitetens-historie>
- Haugen, T. (Red.). (2014). *Å bli en stemme: Nye studier i Camilla Collets forfatterskap*. Novus.

Kallestad, Å. H. & Røskeland, M. (2020). Skjønnlitterær analyse som metode. I L. I. Aa & R. Neteland (Red.), Master i norsk: Metodeboka 1 (s. 44-61). Universitetsforlaget.

Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordnet del – verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Fastsett som forskrift ved kongeleg resolusjon. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/verdier-og-prinsipper-for-grunnopplaringen/id2570003/>

Kunnskapsdepartementet. (2019). *Læreplan i norsk (NOR01-06)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06/kompetansemaal-og-vurdering/kv111?lang=nob>

Moi, T. (1998). Hva er en kvinne? Kjønn og kropp i feministisk teori. Gyldendal Norsk Forlag.

Moi, T. (2002). Å tilegne seg Bourdieu. Feministisk teori og Pierre Bourdies kultursosiologi. I I. Iversen (Red.), *Feministisk litteratur teori*. (s. 252 – 279). Pax.

Norli, C. & Møller-Hansen, J. (2022, 5. september). Abid Rajas søster Abida Raja gir ut bok. *Verdens Gang*. <https://www.vg.no/rampelys/bok/i/RGb1L8/abid-rajas-soester-abida-raja-gir-ut-bok>

Norli, C. (2023, 27. april). Nadia Ansar gir ut «tvillingbok»: Følger oppmannens «Min skyld» med «Min skam». *Verdens Gang*.

<https://www.vg.no/rampelys/bok/i/O8e0Ol/nadia-ansar-gir-ut-bok-foelger-opp-mannen-abid-rajas-bok-min-skyld-med-min-skam>

Plath, S. (1963). *The Munich Mannequins*. All Poetry. <https://allpoetry.com/The-Munich-Mannequins>

Ridderstrøm, H. (2020, 4. desember). *Biografi*. Litteratur og medielexikon. <https://www.litteraturogmedielexikon.no/gallery/biografi.pdf>

Robertsen, S. (2021, 4. juli). Likestillingsminister Abid Raja om ekteskapet: – Jeg forsøkte å

kontrollere henne. *Abcnyheter*.

<https://www.abcnyheter.no/nyheter/norge/2021/07/04/195770576/likestillingsminister-abid-raja-om-ekteskapet-jeg-forsokte-a-kontrollere-henne>

Samoilow, T. K. (2018). Om å lese på kryss og tvers: komparativ litteraturdidaktikk. I A.S.

Larsen, B. Wicklund & I. Sørensen (Red.), *Norsk 5-10: Litteraturboka* (s. 71-84).

Samoilow, T. K. & Myren-Svelstad, P. E. (2020). *Kritisk teori i litteraturundervisningen*.

Fagbokforlaget.

Selboe, T. (2022, 7. november). *roman*. Store Norske Leksikon. Henta 24. januar 2023 frå

<https://snl.no/roman>

Skaug, S. & Blikstad-Balas, M. (2019). Hele tekster versus utdrag – hvilke tekster velger norsklærere? *Nordic Journal of Literacy Research*, 5(1).

<https://utdanningsforskning.no/artikler/2019/hele-tekster-versus-utdrag--hvilke-tekster-velger-norsklarerne/>

Solbakken, H. M. (2021, 26. mai). *Camilla Collett og Amtmandens Døttre*. Nasjonal Digital Læringsarena.

<https://ndla.no/nb/subject:1:50dfc86d-6566-4a45-a531-d32b82e8bfa1/topic:3:b34684b3-3e91-44ee-88b4-1c3e588586dc/topic:1:7c2a6466-58b6-4f0a-a2c1-2584734a5ec1/topic:1:fcba9792-8507-4350-a83c-d4f68adbdc47/resource:1:27775>

Steen, E. (1985). Camilla Collett om seg selv. Den norske Bokklubben.

Steinkjer, M. (2022, 10. september). Et rystende vitnesbyrd om skam og frigjørelse.

Dagsavisen. <https://www.dagsavisen.no/kultur/2022/09/10/et-rystende-vitnesbyrd-om-skam-og-frigjorelse/>

Sørensen, Ø. (2020, 2. november). *Nordmennene blir norske for alvor*. Norgeshistorie.

<https://www.norgeshistorie.no/industrialisering-og-demokrati/1539-nordmennene-blir-norske-for-alvor.html>

Thuesen, N. P., Thorsnæs, G. og Røvik, S. (2022, 19 januar). *Norge*. Store Norske Leksikon.

Henta 24. november 2022 frå <https://snl.no/Norge>

Tranøy, K. E., Svendsen, T. O. og Thorsen, D. E. (2022, 21. juni). *frihet*. Store Norske

Leksikon. <https://snl.no/frihet>

Wiger, E. N. og Ørjasæter, K. (2013). Amtmandens Døttre (førsteutgavens versjon, først utgitt

1854/55). Det norske språk- og litteraturselskap.

<https://www.bokselskap.no/boker/ad1utg/innledning>

Ørjasæter, K. (2021, 30. november). Camilla Collett. Henta frå https://snl.no/Camilla_Collett

Ørjasæter, K. (2022, 29. juni). Camilla Collett. Henta frå https://nbl.snl.no/Camilla_Collett